



Statsforvalteren i Møre og Romsdal



Årsrapport 2021

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
Sted, dato og statsforvalterens signatur	5
2 Introduksjon til statsforvalterens hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	10
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	10
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	10
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	10
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne	11
Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	12
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	12
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	12
3.1.1.2 Understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	17
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	18
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	20
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	21
3.1.1.6 Andre oppdrag	23
3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	24
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	25
3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	26
3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	27
3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene	29
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	30
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	33
3.1.1.14 Andre oppdrag	35
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	35
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	35
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	37
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	37
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	38
3.1.2.5 Andre oppdrag	40
3.1.2.6 Miljø- og skogfaglig kompetanse i skogvernarbeidet	40
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne	40
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	40

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	42
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	44
3.1.3.4 Andre oppdrag	47
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet	47
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	48
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	49
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	59
3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	59
3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	59
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	61
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	61
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	62
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	62
3.2.3 Barne- og familieldepasmentet	62
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	62
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	62
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	62
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	62
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	62
3.2.9 Landbruksdepartementet	62
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	62
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	95
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	95
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	96
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	96
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	96
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	96
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	96
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	97
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	97
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	97
5 Vurdering av framtidsutsikter	98
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	98
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	98
6 Årsregnskap	99

1 Statsforvalterens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si verksemelding vart og i 2021 prega av koronapandemien, og dei prioriteringar og tiltak som har vore naudsynt for å handtere denne. For helse- og sosialavdelinga, oppvekst og utdanningsavdelinga og samfunnstryggleik- og beredskapsstaben og embetsleiinga har pandemien dominert dagsorden.

God samhandling om beredskap var vesentleg for at kommunane skulle vere i stand til å møte utfordingane i høve pandemien. Vi har og følgj opp at kommunane har gode leiings- og styringssystem, og at kommunane sine helsetenester har vore tilpassa pandemisituasjonen. Statsforvaltaren har aktivt støttet kommunane med skjønnsmidlar til kjøp av smittesporingsverktøy. Vi opplever at forståinga av kor viktig samfunnstryggleik er har auka hos våre samarbeidspartnerar.

Med unntak av nokre veker sommaren 2021, har vi hatt kontinuerleg krisestab i 2021. Møre og Romsdal har hatt relativt låg smitte sett i høve til andre fylke. Møre og Romsdal er eit eksportfylke og industrien er i stor grad avhengig av arbeidskraft frå utlandet. Ålesund lufthamn Vigra er grenseplasseringsstad. Dette har kravd at Statsforvaltaren har drive offensiv samordning, rettidig informasjon og rettleiing kring innreise -og karantenereglar. Vidare har vi, med unntak av sommarmånadene, hatt fast vaktordning for Samfunnstryggleik- og beredskapsstaben. I tillegg har vi hatt vaktordning for fylkeslege/ass.fylkeslege våren 2021 og i desember 2021.

Vi har prioritert informasjon og kommunikasjon høgt, særleg under pandemien. Vi har i 2021 gjennomført samverkemøter med kommunane kvar 14. dag. I tillegg kjem møter med Fylkesbredeskapsrådet.

Den offisielle 10-års markeringa etter 22. juli fann stad i Molde domkyrkje, der nær 200 frammøtte deltok. I tillegg deltok representantar frå Statsforvaltaren på markeringar med kransepåleggning ved 22. juli minnesmerka i Ørsta, Ålesund og Kristiansund.

I store delar av året har dei omlag 150 medarbeiderane våre vore på heimekontor. Vi har hatt fokus på motivasjon, leiarstøtte og god informasjonsflyt til våre tilsette gjennom hyppige allmøter og avdelingsmøter. Vi opplever at vi trass i heimekontorordninga har hatt god produksjon og måloppnåing. Vi ser likevel at ein del oppgåver ikkje har lett seg gjennomføre som følgje av pandemisituasjonen.

Vi har så langt som råd soikt å løyse våre oppgåver på alternative måtar, og på digitale plattformar. Både Statsborgarseremoni, nyttårskonferanse og statsetatsmøter vart i 2021 arrangert digitalt.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har samla disponert tildelingar på vel 299 mill. kroner i 2021. I tillegg kjem fleire opne belastningsfullmakter som vergemålsordninga, fri rettshjelp, abortnemnd og kontrollkommisjonen. Rapporteringa viser god utnytting av tildelinga. Vi meiner at både koronarelaterete oppdrag, og andre oppdrag har vore løyst på ein tilfredsstillande måte og innanfor ramma av tildelte midlar.

Vi har ført ein stram resultat- og økonomioppfølging gjennom heile året. Prognosene etter 2. tertialrapportering låg an til eit mindreforbruk på 1,2 prosent. Vi går ut med eit mindreforbruk på 1,87 prosent i 2021. Avviket i prognosene frå 2. tertial skuldast i hovudsak auka refusjonar frå NAV og at tilsettingar har teke lengre tid enn planlagt. Vi har vidare starta arbeidet med intern omfordeling mellom fagområda, slik at landbruksområdet på sikt vert styrka i tråd med ny budsjettfordelingsmodell. Helse og sosialavdelinga må som ein konsekvens av dette ta ned si budsjetttramme tilsvarande. Dette er krevjande i ei tid kor ein ikkje greier å levere på oppdraget frå HOD som følgje av pandemi og underfinansiering av oppgåver.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringar for året

Kartlegging av regional berekraft

FN sine berekraftsmål skal vere retningslinja for samfunnsutviklinga i Norge, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal samarbeider med fylkeskommunen om satsinga Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Alle kommunane i fylket har fått utarbeidd eigne kommunespesifikke rapportar, basert på kartlegging av lokal berekraft (KPI). Statsforvaltaren har finansiert kartlegginga med skjønnsmidlar. Kommunane er nøkkeltørarar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og å nå FN sine berekraftsmål. KPI-kartlegginga er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å utvikle tiltak og prosjekt som kan bidra til utvikling av eit meir berekraftig Møre og Romsdal. Prosjektet «Berekraftsfylke Møre og Romsdal» er eit av fleire prosjekt som Statsforvaltaren og Fylkeskommunen samarbeider om under programsatsinga «Møre og Romsdal 2025»

Kommunedialog

Statsforvaltaren har arbeidd aktivt for å styrke kommunedialogen. Som følgje av pandemien, valde vi og i 2021 å gjennomføre digitale kommunemøter. I løpet av mai og juni 2021 gjennomførte vi slike digitale kommunebesøk med alle 26 kommunane. Dette har vore svært godt motteke av kommunane. Fleire har vist til at dei digitale møta opnar for at fleire frå kommuneleiinga, og anna nøkkelpersonell, kan delta i dialogen med Statsforvaltaren.

1. oktober 2021 var ny statsforvaltar på plass. Ho har ei klar målsetting om å vere tett på folk, sikre god og rettidig informasjon og ha god dialog med kommunane. Med bakgrunn i dette, og ønske om å bli kjend med politisk og administrativ leiing, gjennomførte statsforvaltaren fysiske besøk i alle 26 kommunane hausten 2021. I tillegg møtte ny statsforvaltar leiarane av ungdomsråda. Samarbeid om tiltak og prosjekt som kan bidra til eit meir berekraftig Møre og Romsdal var eit av hovudtemaene på desse møta.

Strategiplan

Statsforvaltaren si Strategiplan for perioden 2020-2023 har Klimaomstilling og Samfunnstryggleik og beredskap som tverrfaglege satsingsområde.

Gjennom vår satsing Klimasnu søker vi å støtte kommunane i sitt klimaarbeid. Vi har lagt vekt på god dialog, informasjon og kunnskapsdeling. For å motivere til klimaomstilling i Møre og Romsdal har og Statsforvaltaren etablert Klimasnuprisen som vert delt ut årleg. I 2021 gjekk prisen til Tushugan Alp,

Urban Gartnaren AS i Molde. Her vert salat og mikrogrønt produsert med optimal vann- og arealutnytting i kort avstand til forbrukarane. Produksjonen skjer inne, og er uavhengig av vær og klima.

Statsforvaltaren har i 2021 intensivert arbeidet med ny risiko- og sårbarheitsanalyse på regionalt nivå (FylkesROS). Gjennom arbeidet med FylkesROS får vi oversikt over områder der vi ser behov for kompetanseheving, rettleiing og øving i tida framover.

Nasjonal tilsynskalender

Prosjektarbeidet med nasjonal tilsynskalender vart sluttført i 2021. Tilsynskalenderen vart lansert med nytt design i eit webinar med statsråd Bjørn Arild Gram som innleiar. Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som har hatt prosjektleiaransvaret og leia styringsgruppa i dette prosjektet. Prosjektet har gått over dei tre siste åra. Frå 2022 er det STAF som tek over drifta av tilsynskalenderen.

Inkludering i arbeidslivet

Embetet jobbar aktivt med oppdraget om å inkludere fleire i arbeidslivet. Vi har utarbeidd ein eigen handlingsplan for inkluderingsdugnaden. Leiargruppa har ved flere høve drøfta ulike tiltak for å nå målsettinga for inkluderingsdugnaden, og målet om å tilsette 5 % med hull i CV-en. Som resultat av dette har vi i 2021 har vi tilsett ein trainee som stettar krava i den nasjonale traineeordninga.

Forynging etter hogst

Statsforvaltaren har eit særleg fokus på manglande forynging etter hogst, og vi oppretta i 2021 ei engasjementstilling som skal ha dette som fokusområde. Det vert gjeve bistand og kompetanse til kommunane, og det er etablert god kontakt med planteaktørar og entreprenørar. Vi ser at det er viktig med betre samhandling mellom kommunane og tømmerkjøparar/planteaktørar, og har tru på at auka fokus på forynging vil gje seg utslag i meir planting i 2022.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Nasjonalt restanseprosjekt SFOV

Nasjonalt restanseprosjekt SFOV førte til at og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk ekstra oppgåver i 2021. Dette kom på toppen av vår eigen restancesitusjon, kor vi har hatt utfordringar med å halde sakhandsamingstida. I all hovudsak fekk vi avslutta sakene i Restanseprosjektet i tråd med tidsplana.

Konsekvensane er ei auke i våre eigne restansar når det gjeld tilsynssaker helse, og slitne meddarbeidarar. Dessverre ser vi at fleire medarbeidarar innen desse fagområde søker seg vekk.

Fufinn-prosjektet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i 2021 vore pilot for Fufinn-prosjektet, som er ei digitaliseringsløysing for vergefultmakter. Alle vergemål må da kartleggast og gåast igjennom på ny før dei vert digitalisert. Dette har vore arbeidskrevjande, og vi ser at dette har gått ut over sakhandsamingstida på andre oppgåver innafor vergemålsfeltet. Prosjektperioden vart avslutta i september, og Fufinn er no teke i bruk i alle embata.

Vergemålsfeltet er underfinansiert, og statsforvaltaren må bruke av øvrige tildelte midlar frå Justisdepartementet for å finansiere ordninga. Det får konsekvensar for mellom anna handsaming av klagesaker knytt til plan- og bygningslova innan gjeldande fristar.

I tillegg har Fufinn-prosjektet vore underfinansiert, og for å kunne levere inn i dette prosjektet, så har ressursar blitt omprioritert frå andre fagområder.

Sjukefråvær

Dei siste åra har vi registrert ein positiv utvikling gjennom jamn nedgang i talet på sjukemelde. Oppfølging og tilrettelegging har vore ei prioritert oppgåve. Vi ser no at sjukefråværet har gått ned frå 4,2 prosent i 2020 til 3,76 prosent i 2021.

Sted, dato og statsforvalterens signatur

Molde, 25.02.2022

Else-May Norderhus

2 Introduksjon til statsforvalterens hovedtall

2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er staten sin representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer fra Stortinget og Regjeringa blir følgde opp. I tillegg er Statsforvalteren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekke område, både for å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan. Eit døme på det er Levekårsnettverket med 10 leiarar frå Husbank, NAV, Kriminalomsorgen, BUF-etat, Statped, Statsforvalteren og Fylkeskommunen.

Kontakten med andre embete har i 2021 vore prega av pandemien, og har difor vore basert på digitale møter og få fysiske samlingar.

Pandemien har også prega arbeidet på dei formelle arenaer som styringsdialogen og Statsforvaltermøtene, AU for statsforvalterne, og i samarbeidsorganene med Statsforvalterens fellestjenester (STAF) på det administrative området.

Statsforvalteren er det viktigaste bindeleddet mellom sentral stat og kommunane, og kommunane er totalt sett embetets viktigste målgruppe og samarbeidspartner. Både embetsleinga og avdelingsdirektørane prioriterer kommunedialogen høyt.

I 2021 har dialogen vært prega av krisehandtering og fokus på mellom anna ny barnevernsreform frå 2022. Oppfølging av Statsforvaltaren sitt forventningsbrev til kommunane er også tema på dei årlege dialog møta med kommunane.

Vår faste samling for ordførarar og kommunedirektørar vart erstatta med digitale møter. Medan statsetatsmøtet, som samlar dei regionale statsetataane, kunne arrangeres som ein fysisk konferanse i november 2021.

Andre viktige aktører og samarbeidspartner er mellom anna fylkeskommunen, KS, regionale statsetatarar, helseføretaket og næringslivet. Vi samarbeider også tett om samordning av den statlige tilsynsaktiviteten, og har dette året hatt fokus på å balansere tilsynstrykket sett i høve til den meir operative krisehandteringen på alle nivå og områder.

2.2 Organisasjon og ledelse



Leiarsamling 31. mai 2021 (Foto: Statsforvalteren i Møre og Romsdal)

Statsforvalteren i Møre og Romsdal er lokalisert på Fylkeshuset i Molde. Vi er til saman 151 tilsette, og i 2021 utgjorde dette 131,6 årsverk.

1. oktober fekk vi ny statsforvaltar, og Else-May Norderhus vart tatt i mot med "brask og bram". Stort medie fokus, og samling med alle tilsette til fredagskaffe og kake på hotell Scandic Alexandra. Der vart det talar, samt nøkkels- og blomsteroverrekksar som seg hør og bør ved slike høve.

Organisasjonskartet for 2022 er førebels endra ved at samordningsstaben har fått eigen fagdirektør. Det betyr i praksis at statsforvalteren si leiargruppe består av 10 leiarar. Faste leiarmøte annkvar måndag kl 10-12. I tillegg har vi gjennom året 4 leiarsamlingar, kor 2 av dei også inkluderer ass. direktørar og fylkeslegen.

I 2021 fekk vi avholdt fleire fysiske leiarsamlingar i perioden frå samfunnet opna opp igjen mot sommaren, og fram til det vart stengt ned igjen i byrjinga av desember.

Våre medarbeidarar har i all hovudsak vore på heimekontor.

Leiarar, nytilsette og andre etter behov har fått vore på kontoret.


Møter i kriseleiinga har vore avholdt med jamne mellomrom.

Leiarrolla har vore krevjande under pandemien ved å skulle følgje opp medarbeidarar som sit på heimekontor over så lang tid.

Vi innførte derfor ei rullering av medarbeidarane med 1/3 tilbake på kontoret kvar veke. Det fungerte rimeleg godt. Vi køyrde ei ny spørreundersøking til alle våre medarbeidarar sommaren 2021, og fortsatt så ser vi at medarbeidarane held god produksjon på heimekontor. Dei aller fleste har tilpassa seg situasjonen på ei grei måte.

Med ny statsforvaltar på plass, ser vi det som ei stor føremón at KDD har teke initiativ til å setje i gong eit leiarutviklingsprogram for alle embeta. Det ser vi fram til å gjennomføre i 2022 og våren 2023.

ORGANISASJONSKART 1. KVARTAL 2022



2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Nøkkeltala er kommentert både i forhold til utviklinga frå i fjar og sett opp mot nøkkeltala i dei andre embeta.

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	1 857.0
Budsjettavvik (%)	1.9 %

Vi meldte attende prognose for årsresultat på eit mindreforbruk på 1,2%. Resultatet vart 1,87%. Resultatet er i realiteten 1,7% noko som skuldast sein innkomne fakturaer frå ein leverandør på arbeid utført hausten 2021. I 2021 har aktivitet vore satt på vent grunna Covid-19 og utifrå det burde mindreforbruket vore høgare. Men vi har omdisponert midler for å kunne få betre måloppnåing på nokre av våre fagområde. Vi har også brukt midler til eit studio og oppretta ei midlertidig stilling knytt til traineeordninga i staten for å innfri kravet i fellesføring om inkluderingsdugnaden.

Husleie

Husleie (tusen kr)	8 208.0
Husleie (% av driftsutgifter)	8.4 %

Dei totale husleieutgiftene som inkluderer fellesutgifter som reinhald, straum, vaktmestertenester og felles resepsjon utgjer 8,5 % av driftsutgiftene. Vi registerer at Møre og Romsdal er det embetet der husleie utgjer minst andel av driftsutgiftene.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	63 882	41 380	22 502

Tala for vergemål-ephorte mangler siste kvartal 2021. Det er ein liten nedgang i antal journalposter i ePhorte frå 2020.

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
052501	97 702
052521	2 341
Post 01 (unntatt 052501)	17 208
Post 20-29 (unntatt 052521)	83 016
Post 30-39	6 741
Post 40-49	0
Post 60-69	96 779
Post 70-79	18 574
Post 80-89	4 329

2021 har også vore eit år spesielt år. Allereie i starten av året såg vi at vi ville få redusert reiseaktivitet, fysiske møter og stor grad av heimekontor og reduserte rammene til avdelingane både for å sette av midler til å dekke utgifter knytt til handtering av covid 19, men også for å styrke område der vi ikkje har hatt full måloppnåing.

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 250.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	3.8 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	214.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	2.2 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 036.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	4.5 %
Antall legemeldte sykedager for menn	153.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	1.6 %
Avtalte arbeidsdager for menn	9 840.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	780.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	3.4 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	23 026.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	62.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.6 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	245.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.1 %

Sjukefråværet i embete har gått ned ytterlegare i 2021 til 3,8%. Embetet har som tidlegare år tilrettelagt i stor grad med ulike tiltak for at tilsette skal kome raskare attende til arbeidet. Embetet har hatt dialog med dei sjukemeldte, leger og NAV for å følge opp, og har også eit internt krav om at BHT skal vere med i alle dialogsamtalar. Det er fortsatt grunn til å tru at noko av nedgangen i sjukefråværet er knytt til tiltak for Covid-19, både heimekontor, fleksibel arbeidstid og auka velferdspermisjon og omsorgspermisjon.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinnernas lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	107.0	70.9 %	44.0	29.1 %	647 649.0	623 340.0	103.9 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	9.0	90.0 %	1.0	10.0 %	1 052 444.0	896 500.0	117.4 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	7.0	70.0 %	3.0	30.0 %	833 614.0	883 433.0	94.4 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	55.0	69.6 %	24.0	30.4 %	630 434.0	634 279.0	99.4 %
Kategori 4: Saksbeandler 2	31.0	73.8 %	11.0	26.2 %	545 200.0	569 945.0	95.7 %
Kategori 5: Kontorstillingar	5.0	71.4 %	2.0	28.6 %	483 220.0	491 600.0	98.3 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0	0.0 %	3.0	100.0 %	0.0	468 300.0	0.0 %
Kategori 7: Lærlinger							

Andel kvinnernas lønn av menns lønn er 103,9%, same nivået som i 2020. Elles så svinger tala for kategoriane fra år til år. I 2021 har kategori 2 og 4 har ein negativ utvikling, medan kategori 1, 3 og 5 har ei positiv utvikling.

Arsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
Totalt antall årsverk	131.6
Totalt antall årsverk for kvinner	91.2
Totalt antall årsverk for menn	40.4
Totalt antall årsverk for faste stillinger	126.8
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	4.8
Sum andel administrasjon	4.4 %
Økonomi	1.2
Lønn	0.5
Personal	1.3
Resepsjon/sentralbord	1.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	1.8
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgaver: Innkjøp 0.2. Kursadministrasjon 1,0, Digital medarbeider 0,5. Grunna tilsetting av digital medarbeider har andel administrasjon gått opp fra 2020.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
Turnover i prosent	3.8 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	131.5
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	5.0
Totalt antall ansatte som sluttet	12.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	4.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	8.0

Turnover i 2021 er omlag på same nivå som 2021 4,0%.

HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	107	44	151
Sum antall deltidansatte	13	4	17
Sum antall midlertidige ansatte	4	4	8
Sum antall ansatte med personalansvar	13	2	15
Ufrivillig deltid	0	0	0

Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	97 694.0
Administrativ kostnadsdekning	4 951.0
Brutto driftsutgifter	102 645.0
Lønn 052501	87 450.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	85.2 %

HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2021
Sum antall ansatte	151
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	7
Antall ansatte 30 - 39 år	29
Antall ansatte 40 - 49 år	43
Antall ansatte 50 - 59 år	43
Antall ansatte over 60 år	29
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	26
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	526
Antall kvinner i foreldrepermisjon	4
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	14
Dagsverk foreldrepermisjon menn	70
Antall menn i foreldrepermisjon	1

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SFMR) har i 2021 prioritert vidare oppfølging av det strategiske planarbeidet på kommunalt og regionalt nivå.

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) legg viktige rammer og føringer planleggings- og utviklingsarbeid i kommunar og fylkeskommunar. [FNs 17 berekraftsmål](#) som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak utfordringane vi står over for – både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Embetsdelen har i 2021 deltatt aktivt i prosessane rundt vidare arbeid med utgangspunkt i Regional planstrategi og Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal, og i kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar med vidare kopling til rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Det regionale og kommunale planarbeidet som er gjennomført er godt forankra i nasjonal politikk med rammer og føringer i tråd med FNs berekraftsmål.

Vi sender årleg eit forventingsbrev til kommunane, og der alle fagavdelingane formidlar det viktigaste til kommunane. Dette blir godt mottatt og kommunane opplever det som klaregjerande å få eit slik sammenfatta dokument.

Landbruksavdelinga har hatt god kontakt med kommunane, fylkeskommunen og landbruksnæringa i 2021. Vi har arrangert 27 webinar for landbruksforvaltninga i kommunane, og vi ser at dette er ein god informasjonskanal for enkelte emne. I perioden det var ope for å arrangere fysiske møter, arrangerte vi fagsamlinger for kommunalt tilsette med arbeidsområde jordbruk og ei samling for tilsette med arbeidsområde skogbruk. Vi hadde også ei samling der særlovane i landbruket var emne. Gjennom desse tiltaka er nasjonal politikk formidla, og vi meiner dette har god effekt til kommunane.

Landbruksavdelinga har hatt tett samarbeid med fylkeskommunen i 2021. Vi vil spesielt trekke fram samarbeid om ny Fylkesstrategi landbruk.

Samfunnstryggleik og beredskap

Dei siste åra har pandemien medført at vår kommuneretta aktivitet er noko annleis enn i "normale" år. Pandemien har krevd mykje ressurser av oss, og har medført at vi ikkje har kunne gjennomføre alle møter eller tilsyn slik vi ville gjort i eit "normalt" år. Men oppfølginga av pandemien har gitt oss ein tett og jamn dialog med både Fylkesberedskapsrådet og kommunanes kriseleiring, der nasjonal politikk på området vert løfta fram. Effekten av dette er at vi ser at flere ser viktigheita av å prioritere samfunnstryggleiks og beredskapsarbeidet, både i kommunane og hos regionale beredskapsaktørar.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Tilsyn skal vere målretta og føre til læring og forbetring. Det er det nye fokuset i Ny Policy fra Statens Helsetilsyn. Vi har starta implementering av ny policy både internt og overfor eksterne verksemder og samarbeidspartar. Dette er eit langsiktig arbeid som vi vurderer vil bidra til auka læring og forbetring i tenestene.

Avdelingane oppvekst og utdanning og helse- og sosial, har interne fellesmøte på fleire nivå, for å framstå samordna i møte med kommunane. Vi trur det har ein effekt og bidrar til auka tversektoriell innsats og samordning i kommunane når det gjeld å fange opp barn og unge med behov for hjelp.

Vi har ein plan for langsiktig arbeid for å ivareta dette og har oppretta ei oppvekstgruppe med deltagarar frå begge avdelingane. Gruppa skal identifisere oppdrag og behov for felles innsats.

I tillegg har vi retningslinjer og eit etablert samarbeid i samansette saker som krev kompetanse frå både oppvekstfeltet og helseområdet. Vi vil med dette imøtekome auken i samansette saker.

Vi samarbeidar med Husbanken både i helse- og sosialavdelinga og på strategisk nivå, om måla i "alle trenger et trygt hjem". Vi har arbeidd mest med barn og unge og barnefamiliar til no. Vi har og hatt fokus på ROP - gruppa og det å skaffe eigna boligar til dei. Vi arrangerte saman med Husbanken fleire webianar med dette som tema. Pandemien gjorde at vi ikkje fekk gjennomført alt vi hadde lagt planar for. Vi planlegg åvidare samarbeid med fokus på personar med nedsett funksjonsevne i 2022.

Levekårsnettverket er eit samarbeid mellom regionale statlege aktørar i Møre og Romsdal. Nettverket vert leia av Statsforvaltaren og skal bidra til at kommunane møter ein samordna stat og at felles og koordinert innsats skal ha betre effekt på tenestene. Ar fokus på å identifisere felles innsatsområde. Nettverket har jobba med FN's berekraftsmål med spesiell merksemeld på sosial berekraft. Det vart gjort ei berekraftkartlegging i alle kommunar i Møre og Romsdal i 2021. Desse har vore presentert og diskutert i nettverket.

Embetsdelen har etablert gode rutinar for samordning, dialog og oppfølging av regionale og kommunale plansaker. Aktiviteten på plansida er stor med til saman 1282 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar/høyingsbrev), fordelt på 379 plansaker og 903 dispensasjonssaker. Det er lagt stor vekt på dialog og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane.

Nasjonale forventninger til Regional og kommunal planlegging har saman med FNs berekraftsmål lagt grunnlag for arbeidet med regionale og kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2023. Arbeidet med kommunal planstrategi og utarbeidning av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel har i mange av våre kommunar vore lagt opp som parallelle prosesser. Vi har understreka behovet for ei tett kopling mellom desse plandokumenta og peika på korleis dette kan vidareførast i den vidare planprosessen knytt til kommuneplanen.

Arealplanar med motsegn frå andre statsetatar blir samordna og konfliktar blir forsøkt løyst på drøftingsmøta med kommunane. Det har vore lagt stor vekt på å etablere gode system og rutinar i samband med dette.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

På plan- og bygningsrettens område har vi i 2021 ikke nådd målet om saksbehandlingstid for klagesakene, men fokus har vore på å halde behandlingstida nede så langt det har lett seg gjøre. Overordna målsetting er likevel å sikre god kvalitet på våre vedtak og ivaretaking av rettstryggleiken. Vi ser at kommunane har behov for rettleiing på dette området. Vi har i 2021 hatt vakansar som har påverka vår måloppnåing og mogelegheitene til å drive aktiv rettleiing. Vi har likevel hatt fokus på å halde heimesida oppdatert på dette området, slik at kommunar og andre kan finne relevant informasjon her.

På området vergemål har det som dei føregående åra vore stort fokus på sjølvråderett ved oppretting og endring av nye verjemål. Det har vore stort fokus på å gjennomføre samtalar med den som skal ha verje, samt pårørande og anna hjelpeapparat. På den måten sikrar vi at den som skal ha verje har fått ytra meininga si, og vi sikrar at verjemålet blir tilpassa verjehavar sitt behov og ønske om hjelp. Vi sikrer og at verjemålet ikke blir meir inngrippande enn nødvendig.

Det har vore auka fokus på å opplæring av verjer. Særleg har det vore mykje fokus på samtalar med verjer i forkant av at verjemålet blir oppretta, og oppfølgingssamtalar nokre veker etter at verjemålet vart oppretta. Dette for å sikre at verjene får ei god rolleforståing og at verjehavar sine interesser blir ivaretaken på ein god måte. Opplæring og profesjonalisering av verjene vil det også bli fokusert på meir framover. Dette vil være med å sikre sjølvråderett og rettstryggleik for verjehaver.

Landbruksavdelinga har i 2021 gjeve kommunane tilbod om rettleiing innanfor både eigedomslovgivinga og ulike tilskotsordningar på jord- og skogområdet. Risikobasert kontrollplan blei gjennomført som planlagt. Forvaltningskontrollane blei gjennomført som eigenutvurdering i kombinasjon med felles digitale arbeidsmøte med utvalde kommunar. Avdelinga har hatt auka fokus på erfaringsutveksling og rettleiing som tillegg til kontrollaspektet dei siste åra og vil vidareføre denne kontrollmetodikken.

Ny Policy og Overordna faglig styring frå Statens

Helsetilsyn har til hensikt å auke rettssikkerheit og likebehandling.

Det har vore ein prosess, og SH og SF skal vere saman om å vidareutvikle og implementere OFS.

Vi trur dette vil bidra til at rettssikkerheit og likebehandling i større grad blir oppfylt både internt i embetet og på tvers av embeta.

Saksbehandlingstida på klagesaker og tilsynssaker oppfyller målkrava både på helse- og omsorg og sosialområdene.

Vi vil særleg trekke fram at vi i 2021 har nådd målkravet om at alle overprøvingar av vedtak med tvangsbruk, overfor personer med utviklingshemming, skal vere behandla innan 90 dagar. Vi har nådd målet fordi vi har hatt systematisk oppfølging og tatt fleire grep om arbeidsflyten knytt til desse sakene. Tiltaka har ført til at rettssikkerheita til personar med utviklingshemming i vårt fylke vert betre ivaretatt.

Koordineringsgruppa for tenester til sårbare barn og unge under pandemien definerer sårbare barn og unge i fire hovudgrupper:

1. Sårbare barn og unge samfunnet kjenner til
2. Sårbare barn og unge samfunnet ikke kjenner til
3. Ny gruppe sårbare barn og unge
4. Heile generasjonen barn og unge som veks opp i dag

Einingar, kommunar og statsforvaltar har gjennom heile pandemien hatt stort fokus på å skjerme tilboda til barn og unge. Det har vært eit uttalt og viktig mål for alle barn og har særskilt stor betydning for dei barna som har behov for ekstra oppfølging. Vi er mest bekymra for dei sårbare barna som samfunnet ikke kjenner til. I ein pandemi er det meir krevjande å oppdage desse barna.

Som koordineringsgruppa skriv i rapport 14 og som det kjem fram i Ungdata ser det ut til at fleirtalet av barn og unge i all hovudsak har klart seg greitt gjennom pandemien. Det må imidlertid ikke overskygge at mange barn og unge har hatt det vanskeleg. Pandemien har ramma svært ulikt. Det er dei som allereie hadde ein vanskeleg livssituasjon før pandemien som har blitt hardast råka. Det er desse koordineringsgruppa er mest bekymra for langtidskonsekvensane for.

Spesialpedagogiske tilbod og særskilt tilrettelegging har blitt redusert, og fleire barn og unge har fått mindre tilbod enn dei har rett på. Vårt fylke har hatt ein betre smittesituasjon enn mange andre stader. Det betyr òg at tilboda her ikke har blitt råka like hardt som andre stader i landet.

Barnevernstenestene har så langt smittevernet har tillate det vært drifta tilnærma normalt og statsforvaltaren har kunne gjennomført tilsyn og rettleiing i hovudsak som planlagt. Digitale løysingar har vært nytta hyppigare enn elles og pandemien påverkar naturlegvis også arbeidet i barnevernet, men samla sett har det vært sterkt prioritert å ivareta målgruppa så godt som mogleg.

På skuleområdet har det også vært høgt prioritert å sikre at barn og unge som melder saker innanfor Opplæringslova § 9a har blitt fulgt opp i tråd med lovkrav. Innanfor rammene for smittevern har ein søkt å finne løysingar for dialog og møte så tilpassa målgruppa som mogleg.

Nokre tilsyn på barnehage- og skuleområdet innafor spesialpedagogisk tilbod og tilrettelegging har blitt endra fra statleg til skriftleg og/eller med meit digital kommunikasjon enn vanleg.

Det er interessant at koordineringsgruppa definerer heile generasjonen barn og unge som veks opp i dag som ei sårbare gruppe. Vi ser av rapporteringane frå kommunane at jo lengre tid pandemien tek, jo meir prega blir både barn, unge og vaksne. Når bemanninga i barnehagar og skular blir

råka av pandemi, blir tilbodet svekka.

Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Gjennom pandemien har Statsforvaltaren rapportert kvar veke på situasjonsbilete frå fylket, og i denne situasjonsrapporteringa har vi tatt opp utfordringar og problemstillingar som vi meiner bør løftast til nasjonale myndigheter. Vi har samtidig dei siste to åra hatt møte kvar veke mellom DSB, Hdir og Statsforvaltarane, der tema har vore gjensidig dialog og samvirke om pandemihandteringa.

Det har òg vore fleire direktemøter mellom statsrådane i Justis/HOD og Statsforvaltarane der vi har hatt moglegheit for å ta opp problemstillingar i pandemihandteringa undervegs. Desse møteplassane har vore særsviktige, og har gitt ein god moglegheit til å informere direkte til øvste politiske leiing om situasjonen ute i fylka, og korleis tiltaka gjennom pandemien har virka.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Embetet har god oppfølging på dette punktet. Statsforvaltaren har i 2021 prioritert tett oppfølging av det strategiske kommuneplanarbeidet – og vil følge dette opp vidare i 2022. Det er lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane.

Med utgangspunkt i vedtekne kommunale planstrategiar for perioden 2019 – 2023 har dei fleste kommunane gjennomført revisjon og oppdatering av sine overordna kommuneplanar. FNs berekraftsmål har vore retningsgivande for kommunane sitt [planstrategiarbeid](#) i planperioden. Dette legg tydelege føringer for det vidare arbeidet med [kommuneplanens samfunnsdel](#), og med handlingsdel som følgjer budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Alle fagavdelingane/fagstabane hos SFMR leverer innspeil til våre høyningsfråsegner. Roller og fagansvar knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid i lys av FNs berekraftsmål er nærmere omtalt i vårt [Forventningsbrev til kommunane i Møre og Romsdal for 2021](#).

Implementering av berekraftsmåla i det vidare planarbeidet vil kunne utdjupast og konkretiserast gjennom kunnskapsgrunnlaget som er samla inn gjennom kartlegging, drøfting og analyse av lokale berekraftsindikatorar (KPI).

SFMR har i 2021 hatt eit tett samarbeid med fylkeskommunen på plansaksområdet; dette omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt planforum, ulike typar rettleiings- og informasjonsopplegg – samt uformell kontakt gjennom den løpende plansaksbehandlinga.

Jordvern og redusert nedbygging av dyrkjord er tema i vår dialog med kommunane, og er framheva som eit viktig punkt i vårt forventningsbrev til kommunane. Dei siste 2 åra har det vore «låge» tal for nedbygging av dyrka jord i fylket. Sjølv om det har vore ein nedgang i omdisponert matjord dei siste åra, må vi likevel ha fokus på jordvern framover. Store utbyggingssaker kan raskt endre dette utfordringsbiletet.

Vi arbeider også aktivt i forhold til beite næringa sitt arealbehov og rovdyrproblematikk.

Tilfredsstillande forynging av skog er ei utfordring i Møre og Romsdal. Dette er eit område Statsforvaltaren har fokus på i vår dialog med kommunane.

Jordsmonnkartlegging er viktig for å dokumentere matjorda sine eigenskapar, og dermed kunne sikre areal for matproduksjon. I tillegg er dataene eit viktig grunnlag for klimaplanlegging og risikovurdering knytt til avrenning frå landbruksareal.

I klimakalkulatoren, som er utvikla for å dokumentere klimautslipp på gardsnivå, nyttast opplysningar frå jordsmonnkartlegginga for å dokumentere karbonbalansen i jorda. Karbonbalansen er ein viktig del av klimakalkulatoren. Når jordsmonnkart manglar for arealet på ein gard, vert dette tatt ut av likninga. Ein får dermed ikkje gevinst for positiv karbonbalanse på det aktuelle arealet og for den aktuelle gardsanalysen i klimakalkulatoren.

I Møre og Romsdal er det kun to kommunar som er kartlagt; Sunndal og Surnadal. I tillegg er ca 11 % av det dyrka arealet i kommunane Ørsta og Volda kartlagt. I perioden 2022-2028 har NIBIO planlagt kartlegging av sju kommunar, noko som inneber at i 2028 er fortsatt berre 1/3 av kommunane i Møre og Romsdal kartlagt. Dette syner at det er eit stort behov for at det vert avsett meir ressursar til jordsmonnkartlegging – som er eit svært viktig verktøy for næringa.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Nasjonale og regionale hensyn blir i første rekke ivaretatt og formidla gjennom vår kontakt med kommunane i den løpende plansaksbehandlinga. Dette omfattar både tilbakemeldingar i form av skriftelege høyningsfråsegner, dialog og oppfølging undervegs i planprosessen, samt møte og synfaringar.

Det er elles lagt vekt på planfagleg rettleiing og oppfølging frå SF si side – og gjerne i samarbeid med fylkeskommunen. SF deltar aktivt på alle samlingar i regionalt planforum. Aktuelle fagsaksbehandlarar frå ulike fagavdelingar deltar alt etter kva saker som blir tatt opp på samlinga/møtet.

Kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstilingsarbeid er styrka; fleire kommunar har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar for planperioden 2020 - 2024 understreka behovet for å få på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel.

Vi ser positivt på at mange kommunar tidleg i planperioden har starta arbeidet med rulling av kommuneplanens samfunnsdel. Ved utgangen av 2021 er 19 av våre 26 kommunar i gang med, eller har gjort vedtak om KP samfunnsdel.

Kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane imellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane. Erfaringar med interkommunale plannettverk/ knytt til samarbeid om kunnskapsgrunnlag, utfordringsbilde m.v. mellom anna i samband med planstrategiarbeid vil her vere eit nytig grep. Etablering av eit plannettverk med deltaking frå dei åtte kommunane på Nordmøre er eit godt eksempel. SF har gitt prosjektstøtte, og vil også vidare følgje det faglege arbeidet i nettverket.

Som ledd i Statsforvaltarens samordnings- og oppfølgingsansvar mot kommunane i plan- og byggesaker etter plan- og bygningslova har det i samarbeid med fylkeskommunen vore arrangert ein årleg plankonferanse. Hausten 2021 vart det arrangert ein nasjonal sjøplankonferanse med fysisk samling over to dagar. Aktuelle planfaglege tema har i tillegg også vore presentert gjennom mindre digitale fagsamlinger og seminar.

Viktige planfagleg informasjon har elles vore presentert på våre heimesider og gjennom kvartalsvise Nyheitsbrev om plan. Nasjonale og regionale omsyn Planlegging med vekt på FNs berekraftsmål var tema både i samband med vårt Forventningsbrev til kommunane for 2021 og i samband med digitale kommunedialogmøta.

Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Fylkeskommunen har ingen regionale planer med arealdel. Derfor er ikkje dette eit aktuelt punkt å svare på. Det variere mykje frå kommune til kommune og i enkeltsaker i same kommune om dei ivaretok viktige regionale eller nasjonale omsyn i plansakene. Årsaka er at det er private firma som utarbeider reguleringsplanane og at kommunen i liten grad aviserer därlege planar. Skal vi sette ein karakter må det bli middels. Vi meiner vi gjer ein god jobb på å formidle naturkunnskap om gjennom fråsegner til oppstart av planarbeid, på planforum og i dialogmøter med kommunane.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet

Embetet har etablert gode rutinar for samordning og løysing av statlege motsegner til kommunale arealplanar. Etter at ansvaret for fylkesvegane vart overført til fylkeskommunane, har talet på motsegner frå Statens vegvesen blitt kraftig redusert. Dette er vi uroa over då det er svært få motsegner frå fylkeskommunen innen trafikktryggleik.

Dei fleste sakene som er omfatta av samordningsforsøket er knytt til reguleringsplanar. Statistikken for 2021 viser at det er registrert 13 saker knytt til samordning av statlege motsegner; 12 av desse er reguleringsplansaker og 1 er knytt til kommuneplan. NVE har motsgn til 9, SVV til 3 og Avinor til 1 av desse sakene.

Alle motsegnspunkt knytt til dei 13 samordningssakene i 2021 vart løyst gjennom dialog og arbeidsmøte utan at sakene gjekk til formell mekling.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig og systematisk samfunnssikkerhetsarbeid er ivaretatt i kommunale planer.

Kommunane inkluderer i stor grad samfunnstryggleik og beredskap i arbeidet med kommunal planstrategi. Samtidig er dei sjeldan flinke til å skildre om heilskapleg ROS-analyse har vore nytta som kunnskapsgrunnlag i val av strategi innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Vi ber dei derfor i våre høyringsvar synleggjere om, og korleis, dei har nytta heilskapleg ROS-analysen i arbeidet. Vi kan ikkje utelukke at dette er gjort, samtidig kan vi ikkje stadfeste det. Tilsvarande ser vi i kommunane sine samfunnsdelar at samfunnstryggleik og beredskap er eit tema, utan at dei alltid refererer til kommunen sin heilskaplege ROS-analyse som kunnskapsgrunnlag. Når det kjem til kommuneplanen sin arealdel ser vi at dei fleste (om ikkje alle) nyttar kunnskapen i heilskapleg ROS-analyse når dei utarbeidar ROS-analysen til arealdelen. I den enkelte reguleringsplan er referansen tilbake til heilskapleg ROS-analyse

meir sporadisk.

Dersom kommunen har nytta kunnskapen i heilskapleg ROS-analyse i ROS-analysen for kommuneplanen sin arealdel, vert mykje av kunnskapen kartfesta og får direkte følgjekonsekvensar for områdereguleringar og detaljreguleringar. Statsforvaltaren meiner derfor at dersom kommunane er flinke til å inkludere kunnskapen i heilskapleg ROS-analyse inn i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, vil mykje av kunnskapen vidareførast til den enkelte reguleringssplan, sjølv om det ikkje direkte refererast tilbake til heilskapleg ROS-analyse i desse planane.

I 2021 hadde Statsforvaltaren mange klima- og energiplanar til høyring. Vi nytta høyringsprosessen aktivt til å oppmøde kommunane til å inkludere kunnskap om klimaendringar og klimatilpassing frå deira heilskapleg ROS-analyse inn i desse planane. Vi arrangerte òg "Vær smart"-kurset, der mellom anna bruk av heilskapleg ROS-analyse i planprosessar var eit tema.

Elles nyttar Statsforvaltaren høyringsprosesser aktivt til å minne kommunane om eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Spesielt i dei større planane til kommunen. Vi meiner vi har nådd fram med dette bodskapet når vi ser kor mange planstrategiar og samfunnssdelar som no inkluderer samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing som tema. Samtidig er ikkje kommunane flinke til å synleggjere om heilskapleg ROS-analyse har vore nytta som kunnskapsgrunnlag i desse prosessane. Unntaket er kommuneplanen sin arealdel der vi ser at heilskapleg ROS-analyse ofte er eit viktig dokument inn i analysearbeidet.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer når planer revideres/rulleres.

Dei kommunane som har kjente og etablerte storulukkeverksemder følgjer i **stor grad** opp denne risikoen i planar der det er relevant.

Statsforvaltaren får av og til planar på høyring der det er uavklart om ei (ny) planlagd verksemde fell inn under storulukkeforskrifta. Når ROS-analysen er mangelfull på dette punktet fremjar Statsforvaltaren motsegn til planen. Dersom analysen avklarar at verksemder fell inn under storulukkeforskrifta, følgjer kommunen opp denne risikoen i stor grad. I mange høve viser det seg i oppdatert ROS-analyse at verksemda ikkje vil overstige grenseverdiane for å hamne inn under storulukkeforskrifta.

Vi har nytta det felles nyheitsbrevet frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen til å informert om varetaking av storulukkeverksemder i plan. Vi hadde spesielt fokus på biogassanlegg, som vi ser vert stadig meir aktuelt tiltak. I det same brevet informerte vi om DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulukkeverksemder. Dei aller fleste kommunane i fylket har ikkje storulukkeversemder. Dei har derfor lite trening i å vurdere om nye verksemder som planleggast kan vere omfatta av storulukkeforskrifta, og korleis denne risikoen skal varetakast.

Statsforvaltaren nyttar ressurspersonar hos DSB dersom vi sjølv er usikre på om ei verksemde fell inn under storulukkeforskrifta, men vi kan truleg nytte DSB i enda større grad. Vi ser at det kjem fleire reguleringssaker knytt til m.a. hydrogenanlegg og biogassanlegg enn tidlegare. Det kan også vere nytlig for Statsforvaltaren å få meir kunnskap om regelverket og planlegging av storulukkeverksemder (og verksemder med brann- og eksplosjonsfare).

Planleggingen skjer i tråd med rundskriv T-2/16 mm (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser i tråd med rundskriv T-2/16 formidles og ivaretas på en god måte

SF viser aktivt til T-2/16 når vi fremmer motsegner. Vi gjer også dette i drøftingsmøter med kommunane.

Talet på motsegner i arealplansaker ligg om lag på nivå med tidlegare år. I 2021 vart det reist motsegn til i alt 60 saker. Dei fleste motsegnene knyter seg til manglar i samband med tema knytt til ROS/samfunnstryggleik/klima og til støy/forureining. Ellers er alle aktuelle motegntema representert. Ut fra statistikken ser det ut til vere ganske stabilt når det gjeld klager og motsegner.

Tidleg medverknad og dialog underveis i planprosessane gjer at konfliktar kan avklara og løysast tidlegare og færre arealplansaker går til mekling. I løpet av 2021 har det vore gjennomført to formelle meklinger, medan to uavklarte meklingssaker har vore oversendt KMD for vidare sluttbehandling.

Vi har inntrykk av at saksbehandlarane kjenner til T-2/16, men at det ofte sviktar hos politikarane i planutvala. Vi har difor gjennomført dialogmøte med nokre kommunar for å gje politikarane betre innsikt i dette. Vi har ikkje kapasitet til å gjere dette i stort omfang, men har planer om det same i år.

Vi meiner det er vanskeleg å gje ei vurdering av om kommunane ivaretok føringane i liten, middels eller betydeleg grad. Vi gjer ein god jobb med å vise til kriteriane i T-2/16 når vi fremmer motsegn og klager på dispensasjonsvedtak. Vi kan ikkje sjå at det er andre aktørar som bidreg inn mot T-2/16.

Alle relevante planer inneholder tilfredsstillende støyutredning (fra kapittel 3.1.1.1.4.2 i TB)

Rapportere på

God ivaretakelse av støyhensyn i kommunenes arealplanlegging

Det er stor forskjell på kommunane korleis dei handterer støy i plansakene. Større kommunar har gjerne forstått at der det er støyutfordringar så må ein ha støyfagleg utgreiing og få effektive avbøtande tiltak inn i planen. Dei har også større forståing for støyavklaring ved dispensasjon når det er ønske om å bygge i gul og raud sone.

Nokre kommunar på Sunnmøre har gått saman og sagt seg ueinig i at støy skal avklarast i plan. Vi vurderer at dette er i strid med støyretningslinjene. KMD gav Ørsta medhald i motsegn til Områdeplan for Ørsta sentrum, slik at kommunen kan utsette støyavklaring til byggesak. Utfordrande avgjerd i forhold til presedens i andre tilsvarende saker.

Der støy er ei utfordring ber vi ved planoppstart om at det blir utarbeidd ei støyfagleg utgreiing og at eventuelt avbøtande tiltak skal inn i planen. Mange planer blir dermed lagt ut til offentleg ettersyn med støyrapport og med ulikt forsøk på å avklare støy i planen. Her har vi inntrykk av at konsulent opererer relativt fritt og at kommunen lener seg på Statsforvaltaren for å sjekke ut kvaliteten på arbeidet. Avgjerande for godt resultat av dialogen er motsegn, og at kommunen er godt påkopla og at vi har heilskapsforståing. Med få unntak blir planen «god nok».

Det er mange motsegner til dette temaet, men alle let seg løyse gjennom dialog. Vi meiner det er litt lite effekt av vårt arbeid når det gjeld å etterlevinga T-1442 i reguleringsplaner vi får på høyring.

Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes planlegging skjer i tråd med de boligpolitiske målene i kapittel 4 "Byer og tettsteder der det er godt å bo og leve" i Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging

Bustadsosiale forhold har vore tema i samband med vår kontakt og tilbakemelding til kommunane i samband med arbeidet med kommunale planstrategiar og kommuneplanar. Dette omfattar også aktuelle komunedelplanar og temoplanar. Kommunar som har presentert planutkast i regionalt planforum eller på anna måte, har blitt utfordra på bustadsosiale utfordringar og løysingar.

Mange kommunale planar er prega av at mål og strategiar på det bustadpolitiske området blir presentert utan nærmere kopling til handlingsplanar og/eller prioritering av konkrete tiltak. Tverrfagleg og tverssektoriel innsats er krevjande. Vi vil her gjennom vårt arbeid i dei etablerte plan- og levekårsnettverka kunne spele ei viktig samordningsrolle.

Fleire tema knytt til helse- og sosialfeltet inngår som faste sjekkpunkt i plansaksbehandlinga. Her blir m.a. dei sosiale tenestene i NAV løfta fram som ein del av kommunen sitt samla velferdsansvar.

Vi samarbeider tett med Husbanken om bustadsosialt arbeid og utarbeider kvart år ein felles aktivitetsplan. Vi har mellom anna sett i gang eit pilotprosjekt med fire kommunar med overskrifta Bustadpolitikk i eit aldrande samfunn. Vidare har vi hatt felles kompetanse tiltak knytt til bustad for familiar med låg inntekt og til ROP-pasientar.

Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Dei fleste kommunane har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar og i det vidare arbeidet med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel retta søkelys på utfordringar med rekruttering og kompetanse på helse- og sosialområdet. Dette har også vore tema på dei digitale kommunedialogmøta som i 2021 har vore gjennomført med alle våre 26 kommunar. Mål, strategiar og tiltak på helse- og sosialområdet har i det kommunale planarbeidet vore kopla til FNs berekraftsmål. I første rekke har dette vore utdjupa med referanse til den sosiale berekraftsdimensjonen.

Kommunane viser til at det er eit stort behov for omstilling og utvikling av kommunale tenester. Helse og omsorgstenestene må løysast på nye måtar for å vere berekraftig.

Det blir vist til at det blir fleire eldre, færre yrkesaktive og færre barn og unge. Dette gir mellom anna utfordringar når det gjeld ressursar og rekruttering av riktig kompetanse på helse – og omsorgsområdet og NAV. Nokre av kommunane viser til at dei har særlege utfordringar innan tenestene psykisk helse og rus.

Fråfall i vidaregåande skule er også ei av utfordringane som vert teke med i samfunnsplanen. Det er eit stort problemområde som får store konsekvensar for den enkelte og for samfunnsutviklinga.

Det blir frå nokre av kommunane vist til at dei vil prioritere utarbeidninga av ein kompetanseplan for å bidra til kompetanseløft i kommunen. Satsing på kompetanseutvikling meina dei også kan auke attraktiviteten til kommuneorganisasjonen som arbeidsplass. Fleire har mål om å auke talet på tilsette med høgare utdanning. Kommunane viser også til innovasjon og ta i bruk ny teknologi i helse og omsorgstenestene.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Det er fortsatt lite forståing for dette temaet i dei fleste av våre kommunar når det gjeld krava i SPR for samordna bustad, areal og transportplanlegging. Blir i liten grad ivareteke. Noko betre i dei største byane våre, middels grad. Det er ei klar motsetning mellom distriktpolitikk og RPR her.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

Massehandtering er eit tema som det ofte manglar ei løysing for i både kommunedelplanar og reguleringsplanar. Store vegprosjekt og landbaserte oppdrettsanlegg. Vi stiller alltid krav om dette og har motsegn hvis det ikkje er ei løysing for dette.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Det er ingen motsegner knytt til planer som gjeld vassdragsforvaltning. Kommunane tek difor i betydeleg grad omsyn til vassdragsnatur. For strandsona er det som før berre i middels grad at dei tek omsyn i tråd med føringane.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventninger og regionale planer

Høgfjellsområda i fylket er i stor grad verna enten som nasjonalparkar eller landskapsvernområde (Trollheimen). Kommunane har i liten grad satt endelige utbyggingsgrenser mot fjell og utmark. Det er mange dispensasjoner fra LNF og reguleringsplaner i strid med kommuneplanen for m.a hyttebygging. Mest kontroversielle utbyggingssak i internasjonalt verdfull natur er ønske om å bygge verdas nest største landbaserte oppdrettsanlegg i Røbergvika i Storfjorden.

Ivaretakelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)**Rapportere på**

Omdisponeringen av dyrka jord skal være under 4000 daa per år, jf. Stortingets jordvermmål 2020

Tal frå KOSTRA viser omdisponering av 113 dekar dyrka mark i 2020. Dette er tredje gong på rad at Møre og Romsdal når vårt regionale jordvermmål på maksimal nedbygging av 200 dekar dyrka mark i året. I 2021 har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fremja i alt fire motsegner; to kommuneplanar og to reguleringsplanar. Kom.plan arealdel (Hareid) kjem på andre gongs offentleg ettersyn, og vi gjer då ei ny vurdering på motsegna dersom kommunen ikkje har imøtegått den. Vi trakk vår motsegn til kommunedelplan Sykkylven sentrum, der KMD gav Sykkylven kommune medhald etter at fylkeskommunen stod på si motsegn (BU2, 14 dekar fulldyrka mark). Kommuneplan Volda er sendt inn til departementet for endelig avgjerd.

Gjennom kommuneplanen arealdel sitt planprogram og oppstartsmelding, er Statsforvaltaren tydeleg på nasjonale- og regionale føringar som nasjonal jordvernstrategi, og nasjonalt- og regionalt jordvermmål, samt FNs berekraftmål. Vi er særstilt tydelege på kva forventningar vi har i det vidare planarbeidet for at landbruket sitt næringsareal må ivaretakast til framtidig matproduksjon. Vi ser at enkelte kommunar legg alle private innspel ut til offentleg ettersyn, sjølv om administrasjonen er negativ til omdisponering av dyrka mark. Då vert det eit større arbeid for Statsforvaltaren å følgje opp og fremje motsegn der det trengs, jamfør avklaringsbrevet frå tidlegare statsråd Hoksrud. Difor vert det også ein del motsegn til kommuneplanane, men alt vert for det meste løyst i god dialog før evt. mekling.

Framleis har vi utfordringar med at ønska utvikling i kommunane er lagt til sentrum/tettbygde strøk, der mykje av den beste matjorda ligg.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
296.0	253.0	361.0	533.0	403.0	255.0	602.0	183.0	167.0	113.0

Ingen større samferdselsprosjekt som er vedteke i 2020. Vi venter framleis på fleire oppstart av reguleringsplaner i etterkant av vedteke kommuneplanar, der større areal med dyrka mark vert omdisponert.

Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.11.1 i TB)

Rapportere på _____

God ivaretakelse av langsiktig folkehelsearbeid i kommunenes planarbeid

Folkehelse inngår som fast sjekkpunkt i alle plansaker på høyring etter plan- og bygningslova. I den løpende plansaksbehandlinga vil merknader og vurderinger knytt til Folkehelse inngå i våre høyringsfråsegrer i samband med kommunale planstrategiar, kommune(-del)planar, temoplanar og reguleringsplanar. I 2021 omfatta dette i alt 379 saker/ekspedisjonar. Folkehelse vil i praksis ofte vere nær knytt til andre planfaglege tema som t.d. Universell utforming, Barn og unge, Fruktliv og grønstruktur og Bustadsosiale forhold. Det tverrfaglege perspektivet knytt til folkehelseområdet blir særlig understreka.

23 av 26 kommunar i fylket er med i God Helse partnarskapet. I årsrapporten var det 19 som svarte ja på spørsmål om dei har oversiktsskjemte over folkehelsa. Fire kommunar seier dette er under arbeid .

Statsforvaltaren har eit tett samarbeid med fylkeskommunen om innsats og rettleiing i kommunane. Vi har i fellesskap tatt initiativ til både konferansar og nettverk knytt til tema folkehelse og sosiale helsekvaliteter. Effekten vi ser er at kommunane i større og større grad set folkehelsearbeidet på dagsorden i sine planer og har dette som eit gjennomgående perspektiv og innsatsområde.

3.1.1.2 Understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

Statsforvaltaren har også i 2021 i stor grad støtta og rettleia kommunane i deira arbeid med krisehandtering av pandemien. Aktivitetene har vore omfattande, og har krevd tverrfagleg innsats fra fleire fagavdelingar i embetet.

Valg av virkemidler tilpasset kommunens behov (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på _____

Den samlede virkemiddelbruken overfor kommunene innen samfunnssikkerhet og beredskap er vurdert av Statsforvalteren og tilpasset kommunenes behov.

Pandemihandteringen har medført tett dialog med kommunane både i 2020 og i 2021. Heile perioden har vi hatt jamlege møter både med kommunal kriseleiing og med kommuneoverlegane. I desse møta har pandemien vore hovudtema, men også andre relevante tema innafor samfunnstryggleik og beredskap er løfta fram.

Det har vore stort omfang både av fagleg og praktisk oppfølging av kommunane i handteringen av pandemien, og vi har difor ikkje kunne prioritere like tett oppfølging gjennom dei andre verkemidla våre. Vi har mellom anna gjennomført færre tilsyn enn planlagd.

Vi har gjennomført øving for alle kommunane våre, der 25 av 26 deltok, og vi gjennomførte ei fysisk beredskapsamling for kommunane hausten 2022.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.2.1 i TB)

Rapportere på _____

Statsforvalteren skal gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Kommuner for tilsyn velges ut på bakgrunn av oppdrag 3.1.1.2.9. Statsforvalteren vurderer om helseberedskap skal inngå i tilsynet, se pkt. 3.1.1.2.1.2

Planen for 2021 var å gjennomføre 7 tilsyn med oppfølging av lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Eitt dokumenttilsyn vart gjennomført i januar månad.

Kommunar og Statsforvaltaren måtte halde fram å handtere Koronapandemien som prega største delen også av dette året. Etter at landet opna opp noko i september månad, vart det starta opp med dokumenttilsyn i 3 kommunar. Grunna oppblomstring av pandemien vart arbeidet med sluttføring av desse tilsyna overført til januar 2022. Det er planlagt 3 nye tilsyn første halvår 2022.

Felles tilsyn med beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren avgjør om det skal gjennomføres tilsyn med helseberedskap i kommunene basert på kunnskap om risiko og sårbarhet. Tilsyn med helseberedskap i kommunene skal gjennomføres som felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt etter sivilbeskyttelsesloven, jf. [Veileder for felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap](#) fra DSB og Statens helsetilsyn.

Det er ikke gjennomført fellestilsyn med helseberedskap og communal beredskapsplikt i kommunane i Møre og Romsdal i 2021.

Veiledning om samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal styrke veiledningen overfor kommunene i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder helse- og omsorgsberedskap.

Som i 2020, har Statsforvaltaren i 2021 i stor grad rettleia kommunane innanfor samfunntryggleik og helseberedskap. Rettleiinga har tidvis vore både krevjande og omfattande. Rettleiinga føregår både munnleg og skriftleg, og i dei jamlege samverkemøta som Statsforvaltaren har med kriseleiinga til alle kommunane i fylket.

Statsforvaltaren gjennomfører rettleiing i samband med tilsyn av communal beredskapsplikt.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

År	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	36	19	Øve communal kriseleiing
2020	26	0	
2021	26	25	Øve communal kriseleiing

Egenberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i 2021 bidra til at kommunene arbeider for styrket egenberedskap hos innbyggerne gjennom lokale tiltak og oppfølging av *Egenberedskapskampanjen* fra DSB.

Statsforvaltaren deltok saman med Sivilforsvaret med å promotere "eigenberedskapskampanjen" i 2021. Kampanjen vart godt dekkja av lokalnyheitene. Statsforvaltaren skreiv ein artikkel om eigenberedskap som mange av lokalavisene printa. Vi nyttar også facebookside til å informere om kampanjen. Internt i Fylkeshuset vart det gjennomført ein konkurrans i samband med kampanjen.

Øvelse for kommunens kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.4.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2022 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Statsforvalteren har gjennomført øvingar for kommunene i Møre og Romsdal. Desse gjennomførast som diskusjonsøvingar, og alle kommunar blir invitert til å delta. Målgruppa for øvingane er kommunene sin kriseleiing, med relevant støtte avhengig av scenario. I 2021 ble denne øvinga gjennomført i november og 25 av 26 kommuner deltok. Tema for øvinga var "digitalt angrep". I perioden 2019-2022 har vi øvd alle kommuner flere ganger.

Understøtte arbeid med ROS-analyser og beredskapsplaner på lokalt nivå (fra kapittel 3.1.1.2.4.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal understøtte arbeidet med ROS-analyser og beredskapsplaner på lokalt nivå, med særlig vekt på forbedre samhandling i krisehåndteringen mellom helseforetak - kommune, og kommunenes evne til å omlegge tjenester og kapasiteter til ekstraordinære behov. TISK-øvelser er den del av dette.

Statsforvaltaren har hatt eit tett samarbeid og god dialog med kommunane i handteringen av pandemien. Statsforvaltaren har prioritert å vere tilgjengeleg for kommunane, også utanfor normale arbeidstider i store deler av pandemien, for å støtte og bidra i avklaringar rundt spørsmål og utfordringar kommunane har hatt. Kommunane har i stor grad gjennom god planlegging, kreativitet, bidrag frå frivillige og ein stor innsats frå eigne tilsette handtert utfordringane pandemien har gitt, også med TISK- arbeidet, sjølv om det har vore krevjande i periodar.

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

SF har i 2021 prioriterte tett oppfølging av det strategiske planarbeidet i kommunane.

Arbeidet med eit samla utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag, saman med tett kopling til FNs berekraftsmål, har vore eit viktig utgangspunkt for arbeidet med kommunal planstrategi. Dette har i 2021 blitt følgd vidare opp gjennom arbeid med hovudrullering av kommuneplanens samfunnssdel. Fylkeskommunens arbeid med Regional planstrategi og Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal har her vore nyttig referansar.

Ved utgangen av 2021 har 25 av 26 kommunar gjort vedtak om kommunal planstrategi for perioden 2020 – 2023.

Mange kommunar har kopla planstrategiarbeidet direkte til oppstartsmelding/planprogram for kommuneplanens samfunnssdel, og med signal om vedtak av ny KP samfunnssdel i løpet av 2021. Vi ser positivt på at kommunane tidleg i planperioden har starta arbeidet med utarbeiding av ny kommuneplan.

Ved utgangen av 2021 er 19 av våre 26 kommunar i gang med, eller har gjort vedtak, knytt til ny oppdatert KP samfunnssdel. I vår kontakt med kommunane har vi understreka betydninga av at dersom KP samfunnssdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, stiller dette krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden.

Alle fagavdelingane/fagstabane hos SFMR leverer innspel til våre høyringsfråsegner. Arbeidet med kommunal planstrategi og strategisk kommuneplanlegging har elles vore tema i samband med kommunedialogmøta som er gjennomført med alle våre 26 kommunar i løpet av 2021.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner og fylkeskommuner har vedtatt en planstrategi

Embetet har i 2021 deltatt aktivt i prosessane rundt vidare oppfølging av Regional planstrategi og Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal.

Ny runde med utarbeiding av kommunale planstrategiar for perioden 2019 - 2023 er gjennomført. Vi har følgd dette arbeidet tett og alle fagavdelingane hos SFMR har bidratt aktivt med innspel på sine fag- og ansvarsområde i samband med våre høyringsfråsegner. Ved utgangen av 2021 har 25 av 26 kommunar vedtatt sine planstrategiar for denne planperioden. Ein av våre kommunar manglar framleis vedtak. Vi har tidlegare kontakta kommunen om dette, og vil også følge vidare opp.

Det regionale og kommunale planarbeidet som er gjennomført er godt forankra i nasjonal politikk med rammer og føringar i tråd med FNs berekraftsmål.

Embetet har etablert gode opplegg og rutinar for dialog med kommunane i samband med plan- og utviklingsarbeid. Dette omfattar både informasjon og rettleiing om plansystem og planlegging generelt, så vel som oppfølging knytt til konkrete plansaker.

SF har eit tett samarbeid med fylkeskommunen på plansaksområdet; dette omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpende plansaksbehandlinga

Tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konfliktar kan avklarast tidlegare; i arealplanprosessar kan motseigner løysast undervegs gjennom dialog arbeidsmøte og færre saker går til formell mekling

Embetet har i denne planperioden gjennomført kommunemøte/politikaropplæring med søkerlys m.a. retta mot oppfølging av FNs berekraftsmål og strategisk planlegging som politisk styringsverktøy.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling

Vi har i 2021 ikkje behandla alle klager på vedtekne reguleringsplanar så raskt som vi skulle ynskje. Orsak til dette er at ein erfaren saksbeandler har slutt i løpet av året og det tek tid å lære opp ein ny. Klagebehandling av reguleringsplanar krev ein del erfaring på fagområdet.

Vi har og valt å prioritere klage i byggesaker framfor klage på reguleringsplanar. Fristen på byggesaker er forskriftsfesta, mens fristen for klage på reguleringsplan ikkje er det. Vi unngår da i størst mogleg grad brot på forskriftsfesta reglar. Vi har likevel hatt fokus på å halde behandlingstida så lav som mogleg. Gjennomsnittleg fristoverskrilding ligg på om lag 35 dagar.

Vi har sett på prosessflyt for å nå fristar og hatt opplæring av ein ny sakbeandler. Vi ser resultat av dette på slutten av året kor vi i større grad behandla klager på reguleringsplan innanfor fristane.

Vi kan bli betre på å gi informasjon til kommunane og internt til høyringsinstans om utfordringar vi ser ved vår behandling av klagesaker.

Klagesakene frå kommunane er i hovudsak tilfredsstilande behandla og førebudd. I dei tilfella at vi opphevar kommunane sine planvedtak, er det ofte grunna manglande vurderingar av verknader av den arealbruk som blir vedteken. Vi har fokus på å rettleie kommunane i desse sakene.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

Vi gjer ei vurdering av juridiske føresegner til alle kommuneplanar som er på høyring. Ved behov vurderer vi også juridiske føresegner til reguleringsplanar. Kvaliteten på plankart og føresegner variere mykje. Det er difor vanskeleg å sette ein generell karakter på dette. Vi mener difor at dette kravet bør takast bort til neste års rapportering. Vårt forbetningspotensiale ligg i å bruke meir ressursar på å kontrollere reguleringsplanar, men vi har ikkje ressursar til dette i år. Fylkeskommunen bidrar positivt i arbeidet med å kontrollere reguleringsplanar.

Juridisk veileddning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp

I 2021 hadde vi berre ein kommuneplan med arealdel på offentleg høyring, og den hadde vi motsegn til pga for dårlig konsekvensutgreiing. I reguleringsplanar er det som før oftast private som gjør jobben, og her er det jevnt over betre kvalitet på KU. Fra middels grad til betydeleg grad

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtenesteloven

Statsforvaltaren har tilbudd ei grundig digital lovoppærting for nye tilsette og andre interesserte i NAVkontoret, i tillegg til at vi har tatt i del Ny i NAV si kursrekke. Det er gitt tilbod om opplæring til enkelte kontor som har hatt utfordringar enten på tema eller av andre grunner. Vi ser at det er behov for meir, men det har ikkje vore mogleg for oss ut frå kapasitetsomsyn.

Saman med NAV Møre og Romsdal og ressurspersonar i to NAV kontor er det lagt ned eit godt og systematisk arbeid i for å styrke bruken kvalifiseringsprogrammet.

Den landsomfattande undersøkinga knytt til tilgjengelege tenester i NAV har gitt auka fokus på tema, og ført til diskusjonar i fleire fora med kommunaleiinga. Vi meiner det har ført til ein breiare kunnskap generelt i kommunane om NAV som siste tryggleiksnett, og den rolle dei har i beredskapsteknologi i kommunen. Vi har og i møte med kommuneadministrasjonen og NAV leiarar sett fokus på NAV sin rolle i det heilskaplege velferdstilbodet i kommunen.

Vi har gitt tilbod om basiskurs i økonomisk rettleiing/ gjeldsrettleiing, lagt til rette for grunn og vidaregåande kurs, i regi av SFVestland. I tillegg er økonomisk rettleiing tatt med som eige tema på Ny i NAV våren 2021. Statsforvaltaren har knytt til seg tre gjeldsrådgivarar i NAV-kontor som skal bistå i rettleiing og kompetanseheving i dei andre kontora i fylket. Dette opplever vi som ei god ordning som vil vise resultat med auka kompetanse og bevisheit.

Samla vurderer vi at Statsforvaltaren har oppnådd dei resultatmåla vi er pålagt.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket har fått tilbud om opplæring i sosialtenesteloven og forskrifter, herunder innføring av plikt til norskopplæring. Det skal legges særlig vekt på individuelle vurderinger knyttet til de sosiale tjenestene.

Statsforvaltaren har gitt tilbod om opplæring Lov om sosiale tenester for alle nytilsette i NAV-kontora i fylket hausten 2021. Grunna pandemi vart kurset gjennomført digitalt over fire halve dagar. Det gav moglegheit for fleire å delta, også dei som ikkje var heilt nye i NAV, men som trong ei oppfrisking. NAV Møre og Romsdal har tilbudd kurset Ny i NAV to gongar i 2021, Statsforvaltaren var med på desse med lovopplæring, for å gjøre lov og forskrift kjend. Fokus på barn og unge og konkret og individuell vurdering er gjennomgående tema på opplæringa. I tillegg til å vektlegge det i opplæringa har individuell vurdering vore tema på både på NAV-leiar-møtene vi tek del i saman med NAV Møre og Romsdal, og i møtene vi har hatt med kommunedirektørane og NAV-leierane. Vi har særskilt lagt vekt på samanheng mellom individuell vurdering, utvikling av sosiale tenester i NAV, KVP og tilskotsordninga knytt til dette.

Vi opplever at vi med desse aktivitetane har bidrige til eit godt fokus og auka kompetanse om sosialtenestelova, både i NAV kontora og i kommuneliinga.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	21	21

NAV kontor med lav kunnskap tilbys opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

NAV-kontor som vurderes å ha særskilte utfordringer i forståelsen av sosialjenesteloven og hvordan den skal praktiseres, eller forvaltningsloven og saksbehandlingsreglene i sosialjenesteloven, har fått tilbud om tilpasset opplæring.

Det er flere kontaktpunkt og metodar vi nyttar for å gje opplæring til NAV-kontora. Nokre kontor tar sjølv kontakt med Statsforvaltaren med konkrete spørsmål der dei ber om særskilt opplæring. I slike situasjonar avtalar vi eit møte med NAV-kontoret og ber om konkret problemstilling, tema og spørsmål på førehand. Dette har vore ei god samarbeidsform slik vi har opplevd det og kontora har meldt tilbake at dette har vore nytig.

I tillegg vert det gjennomført mykje rettleiing pr telefon og epost i daglege spørsmål til statsforvaltaren. Vi nyttar også klagesaksbehandlinga som ein arena for rettleiing, der vi i mange saker legg ved eit følgjeskriv til NAV kontoret med rettleiing knytt til kontoret sin praksis.

Ei tredje form for rettleiing er gjennom hendelsesbaserte tilsyn. Vi har starta slike tilsyn i nokre saker der det ut frå utfordringsbildet som kjem i fram i sakene, viser at kontoret treng tettare oppfølging.

Vi deler og våre erfaringar og problemstillingar vi ser i fleire kontor, i NAV leiar møtene.

Oppfølging av kommuner (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren har systematisk fulgt opp kommuner der det gjennom tilsyn eller klagesaksbehandling er avdekket behov for særskilt oppfølging for å utbedre praksis i samsvar med sosialjenestelovens formål. Oppfølgingen kan gis gjennom råd og veileddning og annen kompetanseheving

Gjennom vår dialog med NAV-kontora, gjennom klagesaker og gjennom dialog med kommunane si leiing, får vi kjennskap til utfordringsbilde i NAV lokalt. På bakgrunn av informasjon i klagesaker, i tilsyn, eller på oppfordring frå kontora sjølv har vi gjennomført digitale dialogmøter med fokus på opplæring. I møtene har både leiarar og tilsette vore med. I tillegg har vi sett i gong tilsynsaktivitet i nokre kontor som viser at dei treng meir oppfølging for å få på plass god forvaltning av sosialetenestelova.

Tildeling av tilskott til utvikling av sosiale tenester i NAV har og vore eit verkemiddel for å støtte opp under det sosialfaglege i kontor som treng ekstra støtte.

Dei viktigaste utfordringane som vert meldt til oss frå NAV kontora er behovet for auka kunnskap om Lov om sosiale tenester. Den kommunale delen av NAV har ikkje etablert eigne opplæringsprogram knytt til dette. Vi meiner å sjå at NAV-kontora ikkje har ein naturleg plass i det heilskaplege tenestetilbodet i kommunen. Vi ser også at kommunar som har fått innvilga tilskot til utvikling av sosiale tenester i NAV, tek betre del i det tverrfaglege arbeidet i kommunen, innan helse, sosial og omsorgssektoren. Statsforvaltaren har jobba for å fremme NAV si rolle i kommunane gjennom etablering av dialogmøte.

Alle kommunar har gjennomført KPI-kartlegging i 2021. Eit funn i denne kartlegginga er at vi i vårt fylke har utfordringar knytt til relativ fattigdom. Det var lav score på indikatorar knytt til fattigdom. Utfordring knytt til barnefattigdom er no peika på i Statsforvaltaren sitt forventningsbrev for 2022 og dette vil og vere tema for felles innstas i levekårsnettverket i fylket.

Kommuneøkonomien er stram for mange. Effektivisering og innsparing fører i nokre kontor til at talet på kommunalt tilsette i NAV vert redusert.

3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene**Kompetanse og kapasitet**

Statistikk over kompetanse og kapasitet viser at andel avtalte årsverk av personell med fagutdanning har auka frå 2019 til 2020 i 7 av 26 kommunar, medan vi ser ein nedgang i 14 kommunar. Det er små endringar. Vi har ikkje samanlikningsgrunnlag i statistikken over dei 5 samslåtte kommunane i 2020. Sunndal kommune har den høgste andel avtalte årsverk av personell med fagutdanning i Møre og Romsdal. Kommunen har fått tilskot til å arbeide med heiltidskultur samt at dei starta desentralisert sjukepleierutdanning 2016-2019 i samarbeid med Høgskulen i Molde. Dette kan ha hatt positiv effekt på talet på faglærde.

Det er 7 kommunar i fylket som har over 80 % andel faglærde. Kommunane med lågaste andel med fagutdanning er Stranda med 69,7 %. Dei andre 18 kommunane ligg mellom 70% og 79,9 %. Alle kommunane viser i sine planar til utfordringar med rekruttering og kapasitet i kommunane. Men graden av utfrodringar er ulik. Vi ser at fleire av kommunane har utsett utdanningsløp til tilsette grunna pandemien.

Fokus på heiltidskultur har ført til at fleire kommunar har fått auka forståing for at det og handlar om kvalitet og pasienttryggleik og at det er viktig å jobbe med kulturen i verksemdene. Kommunane legg også berekraftsmåla til grunn som mellom anna *God helse og livskvalitet, God utdanning, Mindre ulikskap og Samarbeid* for å nå måla. Statsforvaltaren vil også i 2022 ha fokus på heiltidskultur. I tillegg vil vi rette fokus på rett kompetanse til rett tid og det å ha heiltidskultur i botn.

Dette arbeidet må også sjåast som ein del av folkehelsearbeidet. Folkehelsebarometeret viser at forskjellen i forventa levealder mellom dei som har grunnskule og dei som i tillegg har vidaregåande eller høgare utdanning, er mindre enn i landet som heilheit. Fråfallet i vidaregående skule er lågare enn i landet som heilheit.

Det var 19 av 26 kommunar som sökte om midlar til utdanning i bachelor sjukepleie, og 23 av 26 kommunar til bachelor i vernepleie. Erfaringa viser at mange av desse studentane ikkje startar å arbeide i eigen kommune etter avslutta utdanning. Vi ser derfor ikkje nødvendigvis ein auke i andel faglærde i alle kommunane.

Målet er at rekrutterings- og kompetanseplanlegging blir godt ivareteke i samfunnsplanarbeidet i kommunane. Vi ser framleis at kommunane sine kompetanseplaner er av ulik kvalitet og at ikkje alle er politisk handsama i kommunane. Dette gjer auka risiko for ikkje å få gjennomført kompetansehevande tiltak då det ikkje er med i budsjett/økonomiplan. Men vi ser ein liten positiv utvikling etter å ha tatt dette med i tilbakemeldingane til kommunale planer.

Erfaringane frå tilsyn viser at mange kommunar ikkje har oversikt over kva kompetanse dei treng eller kva kompetanse den enkelte tilsette har. Det er heller ikkje dokumentert korleis gapet mellom krav og behov for opplæring skal tettast. Det gir utfordringar i kva kompetanse dei skal prioriterer både i høve utdanning og tilsetting.

Vi vurderer at tilskot til kommunal kompetanse og innovasjon er av stor betydning for kvaliteten på tenestene i fylket. Alle 26 kommunar sökte på midlar frå dette tilskotet i 2021.

Statsforvaltaren ser alle tilskota på områda helse, sosial og omsorg i samanheng. Det gjer oss ei god oversikt over kommunane sitt fokus på kvalitet og kompetansehevande tiltak. Vi ser at vårt årlege møte med kommunane, fylkeskommunen og akademia om Kompetanseløftet 2025 har gitt positive ringverknadar som for eksempel nye studieretningar og desentraliserte studiar. Ein har mellom anna fått starta opp desentralisert studietilbod i sjukepleie og vernepleie gjennom Høgskulen i Molde, avd. Kristiansund. I 2022 skal vi jobbe vidare med etablering av desentralisert utdanning i vernepleie saman med Høgskulen i Molde.

Velferdsteknologi

Å sikre berekraftige tenester framover, krev nye arbeidsmetodar der bredde kompetanse, tverrfagleg teamarbeid, koordinering og bruk av velferdsteknologi blir viktig. I Møre og Romsdal er det om lag 6000 brukarar som nyttar velferdsteknologi.

I dette arbeidet er det behov for endringsleiring som kan må arbeide med endringar i struktur, kultur, verdiar, kompetanse, leiing, arbeidsprosessar, samhandlingsmønstre, system, arbeidsmetodar, samt endring av den enkelte sin kompetanse, haldningar og åtferd.

Alle kommunane har delteke i det nasjonale velferdsteknologi-programmet, fordelt på fem prosjekt men kommunane har ulik måloppnåing. Alle aktørane i arbeidet med velferdsteknologi i fylket er med på samlingar to gonger i år, koordinert av Statsforvaltaren. Kommunane har fått midlar frå Kompetanse- og innovasjonstilskotet i tillegg til midlar frå det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Dette har gitt alle kommunane moglegheit til å ha fokus på området trass därleg økonomi. Arbeidet har gitt inspirasjon, råd og rettleiring og erfarsdelse. Kommunane har ulik oppnåing av målsetting og gevinstrelaisering. Vi ser at graden av måloppnåing har samanheng med forankring i leiinga og kompetansehevande tiltak, som til dømes Velferdsteknologiens ABC.

Opplæring av instruktørar i ProACT

Det har vore gjennomført opplæring av instruktørar i proACT i fylket; tidleg oppdaging, rask respons og teamarbeid ved forverra tilstand.

Det var flest frå dei typiske somatiske einingane, difor vert opplæringa vidareført i tenestene til personar som har ei utviklingshemming og einingane rus og psykisk helse.

Forventa effekt av standarisering av kommunikasjon mellom ulike nivå og internt i kommunane vil gje auka kvalitet og pasient tryggleik. Vi ser ikkje noko langtidseffekt enno men det er allereie gitt tilbakemeldingar om ein meir tydeleg og trygg kommunikasjon mellom kommunar og til dømes ambulanse og sjukehus.

IPLOS

Vi har stort fokus på IPLOS i mange fora og vi ser ei positiv utvikling. Framleis ser vi gjennom sakshandsaming, tilsyn og i andre samhandlingsfora, at kommunane i ulik grad har dokumentert brukarmedverknad og tverrfaglege kartleggingar.

Vi ser og variasjonar i samsvar mellom kartlegging, vedtak, tiltaksplan og utføring i praksis og i system for evaluering og korrigering.

Det kan synast som at opplæringa i IPLOS til dokumentasjonspliktige har blitt redusert etter at KE og tildelings-/ forvaltningskontor har blitt etablert. Det fører til at dokumentasjonspliktige har mindre kompetanse og forståing av kva IPLOS er og deira ansvar og rolle i kartlegginga.

Legetenester i sjukeheim

Det er 12 av 26 kommunar som har ein nedgang i legetimar per bebuar i sjukeheim. Dei fem samanslåtte kommunane har ikkje samanlikningsgrunnlag. Fagdagen vi arrangerte for sjukeheimslegar, hadde følgjande tema; ernæring, fallforebygging, rett legemiddel hos eldre og tidleg oppdaging og rask respons av forverra somatisk tilstand. Deltakarane gav tilbakemeldingar om at tema var særsviktig. Ein slik fagdag gjer god moglegheit for refleksjon og tilbakemeldingar.

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene er i kontinuerleg utvikling og gode tenester i framtida vil krevje at kommunen tek i bruk ny kunnskap og nye løysingar.

Nettverk leiarar

Vi ser at nettverket for kommunalsjefane i helse, omsorg og velferd i kommunane sikrar:

- ein tettare dialog og samarbeid mellom helse og omsorgstenestene og Statsforvaltaren
- betre kjennskap om kommunane sine utfordringar og moglegheiter
- auka deling av erfaringar, utfordringar og at dei lærer av kvarandre
- at dei motiverer og inspirerer kvarandre mellom anna i arbeidet med rekruttering – og kompetanse utfordringar
- styrke i kvalitet og pasienttryggleik i helse- omsorg- og sosialsektoren i kommunane.

Vi ser og ein gevinst i at dei finn løysingar saman på felles problemstillingar.

Nettverk i kontinuerleg forbetningsarbeid

Erfaringar frå klage- og tilsynssaker viser at fleire kommunar har mangefullt styringssystem. Dei manglar det systematiske arbeidet med kontinuerleg forbetring. Det vart difor etablert eit nettverk for å gå gjennom og lære prosessen og deltakinga på dette vart prioritert i mange av kommunane. Tilbakemeldingane frå nettverket syner at dette har hatt stor nytteverdi og at leiarforankringa har hatt stor betydning. Nettverket er og ein del av arbeidet med Leve heile live så teama har hatt ulike tema frå denne satsinga.

Vi kan ikkje seie noko om effekten enno men erfaringane vil bli brukt og delt i ulike fora. Statsforvaltaren vil nytte denne kunnskapen i samarbeid med kommunane ved til dømes oppfølging av tilsyn og i sakhandsaming.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Kommunane har utarbeidd skriftlege kompetanseplanar for å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse og omsorgstenestene. Vi ser at dei er av noko ulik kvalitet og mange er ikkje politisk vedtekne. Det gir utfordringar i høve kompetansehevande tiltak då det ikkje er med i budsjett/økonomiplan og i kommunen sine prioriteringar. Vi har gitt råd og rettelisting på vårt årlege møte om Kompetanseløftet 2025 i tillegg til tilbakemeldingar i høyringane på dei ulike planene.

I plandokumenta frå kommunane vert demografiutfordringane tydlege. I arbeidet med Leve heile livet er det 23 kommunar som har gjort eit politisk vedtak på korleis dei skal gjennomføre kvalitsreforma. Det er 3 kommunar som har ein plan som skal vedtakast no i byrjinga av 2022.

Fleire kommunar har politisk vedtekne delplanar på området helse, omsorg og velferd, som inkluderer demografiutfordringane og bærekraft. Samordnar og planansvarleg i embetet har veileia kommunane i dette arbeidet og vi har og kopla planansvarlege i kommunane saman med ansvarlege for helse og omsorgstenestene, i arbeidet med plan.

3.1.1.6 Andre oppdrag

Førebygging av sjølvmord

Statsforvaltaren og RVTS etablerte i 2020 eit regionalt nettverk knytt til førebygging av sjølvmord og sjølvskadning. Nettverket har hatt opptil 50 deltagarar frå fra ulike kommunar, men ikkje alle kommunane i fylket er representert. Det har også vore deltaking frå LEVE, Kirkens SOS og Vivat. Det er gjennomført 4 digitale møter i 2021 der kompetanse- og erfarsingsdeling har vore tema. Dette for å betre hjelpetilbodet innan området. Ungdata-tall viser at det er aukande utfordringar innan området i Møre og Romsdal, dette også sett i lys av pandemi-situasjonen. Ved slutten av året vart det lagt føringar for deltaking i folkeopplysningskampanjen for å forebygge sjølvmord og sjølvskadning. Dette i samarbeid også med Fylkeskommunen med mål om å vinkle arbeidet opp imot folkehelsearbeidet i kommunane,- og å bringe temaet inn i kvardagsdialogen.

Nettverket bidreg til god forankring og prioritering av dette arbeidet.

Samarbeidsrutine ved behov for faglig bistand i kommunen. Vi har årleg felles samarbeidsmøter med dei regionale og nasjonale kompetansesentra, NAPHA, KoRus Midt, RVTS, RKBU, KBT. I tillegg har vi møte med fleire av dei kvar for seg, der vi legg felles handlingsplanar for kompetanse i fylket og innsats for kommunane ut frå ein felles utfordringsbilde. Vi opplever at vi har eit tett og godt samarbeid med kompetansesentra og at vi diskuterer felles utfordringar og har tilgang på kvarandre sine ressursar om det trengs. Vi har ikkje laga ein eigen skriftleg samarbeidsrutine for dette arbeidet.

Nasjonal overdosesstrategi 2019.2022

Vi har over lang tid hatt låge tall på overdose i vårt fylke. Det vart i samarbeid med KoRus start på eit arbeid med overdose utfordringar og

Overdosestrategien. På grunn av endring i personalressursar har vi ikkje lykkast å få igang arbeidet i 2021. Rett etter årsskifte er det no overdose arbeidet revitalisert, og vi bistår KoRus i dette. Det er invitert til dialogmøter med eit utvalg kommunar. I fortsettelseren av dette første møtet, vil det bli lagt ein handlingsplan. For auka kompetetanse på området har vi støttat oss til webinarrekka kompetansesentra for rus laga for å auke kunnskapen i kommunane. I tillegg til overdosestrategien har vi fokus på Kompetanse og innovasjonstilkotet. Her er prioriterte midlar til kommunane til instruktøroplæring i programmet Pro ACT.

Regjeringens handlingsplan for fysisk aktivitet

I høyringssvar til dei kommunale samfunndelane er det vist til Nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet på systemnivå. Vidare har vi eit tett samarbeid med fylkeskommunen og deira arbeid knytt til folkehelse og Frisklivsarbeid. Der har fysisk aktivitet vore tema på samlingar og dialogar med kommunane. I samarbeidet med fylkeskommunen er det også starta ein dialog med forskningsarbeid ved Høgskolen i Molde, som vi vil sjå nærmere på i 2022.

3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Oppdeling av naturområde og nedbygging av areal gjennom menneskelege inngrep som veg, jernbane og etablering av byggeområde er den viktigaste trusselen for ulike arter og naturtypar. Klimaendringar har også stort potensiale for å endre økosistema i negativ lei. Villreinen er av dei artane som står under sterkest press både frå oppdeling av natur, ferdsel og forstyrningar, og frå eit varmare klima. Heile stammar av villrein står i fare for å døy ut om det ikkje blir gjennomført omfattande reetablering av dei opphavelige sesongtrekkrutene. For Snøhetta-reinen sin del er vi uroa for forstyrringane som følgjer av moskusrelatert ferdsel. Gitt at presset frå andre faktorar ikkje blir avlasta kan det vere eit tidsspørsmål før ein må revurdere framtida til ein framand art som moskus i det fremste eksempelet på eit tilnærma intakt høgfjellsøkosystem i Norge.

Samfunnsutviklinga med endra kulturpåverknad set store areal med kulturbetinga naturtypar under sterkt press. For nokre av desse naturtypane er det sett i verk effektive skjøtselstiltak. Det gjeld spesielt slåttemark i vårt fylke. Mesteparten av kulturlandskapsverdiene vil likevel forsvinne i takt med endra bruk. Investeringar i skjøtsel av utvalde naturtypar er avhengig av at skjøtselen held fram inn i framtida. Med dagens vilkår er vi usikre på om nye generasjonar vil halde fram med skjøtsel. I så tilfelle vil dagens skjøtselsplanar og tiltak vere fânyttes.

Spreiing av framande arter er ein vesentleg trussel mot fleire naturtypar og arter under tregrensa. Vi har gjennomført eit vesentleg uttak av framande plantearter dei siste åra, men det er berre innafor verneområda at dette monnar. Det blir viktig å risikovurdere og følgje opp strategiane i den nasjonale handlingsplanen framover.

I vassdraga er tilstanden i elvane i Raumaregionen forbetra etter frismelding. Reetableringa er avslutta for laks, medan reetablering av sjøaure vil halde fram i fleire år til. Vi arbeider for tida med planlegging av kjemisk behandling av elvane i Drivaregionen.

Mange vassdrag har redusert økologisk eller morfologisk tilstand som følgje av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Vi har auka fokuset på dette og stiller strengare krav og vilkår i plansaker og utøver vår rolle som mynde på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag i større grad enn før. Vi har likevel svært mange vassdrag og ikkje kapasitet til å følge opp mange tiltak, særleg dei det ikkje er søkt om.

Mange av bestandane av laks og sjøaure i fylket produserer langt under det nivået som vassdraga gir biologisk grunnlag for. Årsakene er samansette med faktorar både i sjø og på land. Det er stor aktivitet på habitatkartlegging og tiltaksplanar for vassdrag i fylket for tida, og flere restaureringstiltak er på trappene. Vi arbeider også med oppfølging av elvemusling i fleire elvar, men lite handlingsplanmidlar hindrar god framdrift.

Kommuner og sektorene er i stand til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen (fra kapittel 3.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene og sektorene bruker kartleggingsdata innhentet i økologisk grunnkartsatsning til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen.

Informasjon om økologiske grunnkart blir sporadisk formidla til kommunane i fråsegner til planarbeid og dispensasjonar. Landbruksforvaltninga i fylket har fått informasjon og kort introduksjon til økologiske grunnkart på ei fagsamling for kommunane i haust. Lite informasjon og rettleiing ut til kommunane, gjer at vi berre i liten grad ser at dette er eit verktøy som kommunane har tatt i bruk. Dette heng saman med at Statsforvaltaren sjølv har fått lite/ingen opplæring i bruk av økologisk grunnkart.

Forbedret tilstand i vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand i vannforekomstene

I 2021 vart det lagt ned mykje arbeid frå Miljøvernavdelinga og Landbruksavdelinga med å bistå vassregionmyndigheitene (VRM) i arbeidet med revisjon og høyring av revidert regional vassforvaltingsplan (RVP). Vi har kome med innspel/levert bidrag til plandokumenta og kome med fråsegn til endeleg plan. Vi har også oppdatert tiltak der Statsforvaltaren er sektormynde/ utførande. **Effekt: bidratt til revisjon av regional vassforvaltingsplan**

Vi har arbeidd kontinuerleg med oppdatering av Vann-Nett. Her har vi også god dialog med VRM, sektorstyresmakter og kommunane. I vassområda er det behov for å auke kunnskapsgrunnlaget, særleg når det gjeld avrenning til vassdrag. I 2021 fekk vi sett i gang overvaking av påverknad frå avløp og landbruk i ei rekke vassførekommstar (noko vi ikkje klarte i 2020 pga koronasituasjonen). Dette arbeidet vil halde fram i 2022.

Fylkeskommunen sine prosjektkoordinatorar for vassområda er også i gang med kartlegging av både verkemiddel og status innanfor landbruksområdet.

Effekt: Auka kunnskap og betre grunnlag for vidare tiltaksarbeid.

Hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

Rapportere på

God innsats for å hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet

Framande planter

I 2021 har vi kartlagt førekomstar av framande planter i Romsdalsregionen og i Sunndal og Surnadal, samt registrert meir tilfeldige observasjonar gjort av publikum og eigne tilsette under andre synfaringar. Det er gjort ei systematisk kartlegging av utbreiinga av kjempespringfrø i fleire bygder på indre Nordmøre. Desse kartleggingane har gitt oss eit godt grunnlag for å prioritere kor vi gjennomfører uttak.

Dei kjente lokalitetane med kjempebjørnekjeks og tromsøpalme er nesten utrydda, men det krevst etterkontroll. Rynkerose er rydda ut sonevis, særleg langs kysten der mange naturtypar er under press. Også denne arten krev etterkontroll og -behandling av oppslag.

Kjempespringfrø vert fjerna i lokale satsingsområde. Hovudlokaliteten i Ålesund er nesten utradert, og vi er på god veg til å nå målsettinga om å fjerne denne frå heile Sunnmøre. Arten er krevjande å fjerne heilt då dei minste plantane kan bli oversett i blanding med andre artar. Ein art under sterkt utbreiing er parkslirekne, men vi har ikkje ressursar til å hindre dette.

Vi har vidareført eit prosjekt med uttak av hemlokk ved Osvassdraget i Molde, og stoppa spreieninga mot det verne vassdraget og tilliggande naturreservatet.

Vi har rammeavtalar med seks entreprenørar som fjernar artane, og har eit godt samarbeid med m.a. Ålesund kommune. Handlingsplanen mot framande artar vart oppdatert i 2021.

Pukkellaks

Vi førebudde oss på pukkellaksesongen ved å oppmode forvaltningslag som ville gjere ein ekstra innsats til å søkje tilskot frå Miljødirektoratet (tilskot til framande artar). Dei som sökte fekk avslag, fordi midlane vart prioritert til Nord-Norge..

Betydelege fangstar av pukkellaks i sjøen utanfor Møre og Romsdal i mai gjorde at vi sendte ut førehandsløyve til forvaltningslag i mange godt organiserte elvar med løyve til ekstraordinære uttak. Det vart observert store stimar i enkelte elveosar, men dei dei største mengdene såg ut til å trekke nordover i perioden det var svært lite vatn i mange elvar. Det vart likevel tatt ut pukkellaks i dei fleste elvar i Møre og Romsdal av ein viss storleik, og vi var i kontakt med mange lag som sökte råd om uttak. Firmaet NORCE fekk etter kvart noko midlar av direktorata til å bistå med uttak og vi samarbeida med dei om val av elvar, men dei opererte berre på Sunnmøre.

Flest pukkellaks vart teke ut under ekstraordinære tiltak i Driva (ca. 150 stk.) etterfylgt av Ørstaelva (ca. 60 stk.). I enkelte mindre elvar som har arbeid systematisk med å fjerne all pukkellaks og gytegroper ser vi at talet på pukkellaks har gått ned i perioden 2017-2021. Vi registrerer at det er lagt ned stor innsats i mange elvar utan påskjønning frå Statens, og har fått nokre tilbakemeldingar om dette.

Gyrodactylus salaris

I Drivaregionen har det vore auka aktivitet i 2021 i samband med planlagt behandling i 2022. Statsforvaltar har kalla inn og leia møter i koordineringsgruppa. I tillegg har vi delteke i fleire arbeidsgrupper/møter. Vi har også hatt særskilt ansvar for å utgreie konsekvensar for grunnvassbrønnar i Litledalselva ved eventuell rotenonbehandling, samt etablering av fiskesperre i Koksvikelva. Det har vore eit godt samarbeid med Veterinærinstituttet, lokal koordinator i Sunndal kommune, Miljødirektoratet og Mattilsynet.

I Raumaregionen går reetablering etter friskmelding som planlagt og tre av elvane vårt opna for fiske etter laks i 2021.

3.1.1.8 Ingen arter og naturtypar skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtypar skal forbedres

Med nokre unntak er det framleis ei i hovudsak negativ utvikling for trua artar og naturtypar i Møre og Romsdal. Dette gjeld særleg artar og naturtypar som lir under opphør av driftsformer i landbruket og endra arealbruk. Hubro står i fare for å bli utrydda i Møre og Romsdal.

Forbedret tilstand for truet natur (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand for truet natur

Eit av dei viktigaste tiltaka SFMR gjer er å kartlegge lokalitetar og førekomstar av trua naturtypar og artar. Kartleggingane er i stor grad knytt til skjøtselsavhengig natur. Kunnskapen gir viktig grunnlag for skjøtsel, og for arealplanlegging.

Det er ein stor mangel i kartlegging av naturverdiar i skog. Kunnskapsgrunnlaget blir difor dårleg på ulike arealforvaltningsarenaer, og som grunnlag for arbeid med frivillig vern av skog.

Det er stor aktivitet og interesse knytt til tilskotsordningane for truga artar og naturtypar, viltiltak og fiskeformål, og behovet er større enn tildelte rammer. Tilskotsordningane demmer opp for, men hindrar ikkje ei negativ utvikling som følgje av utbygging, endra arealbruk, og opphør av driftsformer i landbruket. For skjøtselstiltak i t.d. slåttemark går søkartala ned år for år. Siste generasjon som vaks opp med tradisjonell bruk og skjøtsel av marginale slåtte- og beiteareal er på veg ut, og det må iverksettast rekrutterande og motiverande tiltak for nye eigara.

2021 var eit positivt år for hekkande raudnebbterner på Smøla. Dette skuldast nok både god næringstilgang og fråvær av mink. Elles er dei klippehekkande sjøfuglartane krykkje, alke, lomvi og havhest i sterk nedgang. Alle resultat er ikkje klare, men vi har eit inntrykk av at lunden på Runde hadde eit dårleg produksjonsår i 2021. Hubro er i sterk tilbakegang. Det vart påvist to hekkande par på Sunnmøre i 2021.

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert (fra kapittel 3.1.4.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert.

Bestandsmålet for jerv og gaupe er nådd i region 6 som heilheit og i Møre og Romsdal. Det er ikkje bestandsmål for ulv og bjørn i Møre og Romsdal. Talet på ynglingar er høgare enn dei fastsette bestandsmåla for regionen og for fylket.

Topografi og klima gjer at lisensfelling av jerv i Møre og Romsdal er utfordrande, og kvoten vert ofte ikkje fylt i ordinær lisensfellingsperiode. Resultatet er årlige ynglingar i beiteprioritert område og høge tap. Skadefelling er og utfordrande av same årsak, og forsøk på skadefelling lukkast sjeldan.

Kvotekjakt på gaupe er effektivt når forholda ligg til rette, og kvoten vert normalt fylt innan kort tid. Det er fast tilhald av gaupe både i og utanfor forvaltningsområdet. Skaden på husdyr er størst innanfor forvaltningsområdet, men det er også årlige skadar i beiteprioritert område.

Det er framleis høge tap til rovvilt i og utanfor rovviltprioritert område i Møre og Romsdal. Tapa til freda rovvilt var høgare i 2021 enn i 2020. Jerven gjør stor skade i sauebesetningane, skadesituasjonar har oppstått tidleg i sesongen dei siste åra.

Tapa erstatta som tatt av gaupe har auka, men det er utfordrande å finne kadaver og dokumentere skade i utmarksbeite i låglandet. Utvida tilsyn og elektronisk overvakning er difor viktig for å dokumentere tap og sette inn tiltak. I Tingvoll vart det forsøkt med intensiv bruk av radiobjeller, men tekniske problem øydedla for utbyttet.

Utover det å skilje rovdyr og beitedyr i tid og rom ved tidleg nedsanking, er det få gode tapsreduserande tiltak. I Ulvådalen har patruljerande voktarhund vore brukt for å halde jerven unna. Det blei felt ein jerv på skadefelling i Fjord kommune, fellingsa hadde effekt og tapa stoppa. Det er likevel slik at det då var 11 år sidan det var felt jerv på skadefelling i beitesesongen i Møre og Romsdal. Kompetanseheving av skadefellingslag er viktig for effektiv innsats. Statsforvaltaren ser tildeiling av skadefellingsløyve til væpna tilsyn som meir ressurseffektivt og lettare å mobilisere og oppretthalde over tid enn kommunale fellingsoperasjonar.

3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Det er god framdrift i arbeidet med frivillig skogvern. Nye område er verna i løpet av året, og fleire område er på ulike stadiar i prosessen, frå tilbod til oversendte tilrådingar. Arbeidet med marint vern av områda Giske og Gripølen-Remman er forseinka. I 2021 har vi drøfta prinsipp for sonedeling (taretrålingsforbod) i dei marine verneområda med aktørane, og arbeidd med eit konkret forslag til utforming av Giske mvo. Arbeidet vil bli prioritert i 2022 i samsvar med avklaringsmøte med Miljødirektoratet 06.01.2022.

Det er stor aktivitet med skjøtsel av verneområde, særleg uttak av framande treslag. Det er eit etterslep på informasjonstiltak, men vi har her fått på plass ei rammeavtale for grafisk arbeid med informasjonstavler, og fleire tavler er no klar for trykk og montering i 2022. Innsatsen med utarbeiding av forvaltningsplanar har vore for lav også i 2021.

Tilråding for vern av skog (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Gode underlag for skogvern

Det vart etablert fire nye naturreservat og utvida eitt i 2021. I hovudsak er det edellauvskog og kalkfuruskog som vart verna. Statsforvaltaren har totalt hørt framlegg om vern av 11 skogområde i 2021, og har gjeve tilrådingar om vern av 10 av desse. Det er starta verneprosessar for sju nye område i Aure. I tillegg har vi 31 tilbod der vi ikkje har meldt oppstart. Seks av desse er nykartlagt i 2021.

Samarbeidet med skogeigarforeiningane er svært godt, og tilboda treff godt på dei naturtypane det er viktig å verne.

Det er eit godt samarbeid om skogvernarbeidet mellom miljøvern- og landsbruksavdelinga. Tidlegare meir tilfeldig og uformell kontakt er erstatta med

formalisierte møte og skriftlege skogvurderinger i alle saker før det vert lagt ut oppstartsmelding knytt til vern. Skogvurderingane er i hovudsak gjort etter forslag til mal utarbeidd av Landbruks- og Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren merkar seg at det går lengre tid fra tilråding til vernevedtak i 2021, og er bekymra for oppbygging av kø og kva det får å seie for framdrifta ut mot grunneigarar.

Antall verneområder med kjente trusler mot verneverdiene redusert (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Antall verneområder med kjente trusler mot verneverdiene redusert

Utover hogst av framande treslag i verneområda (sjå punkt 3.1.4.3.2.2) har Statsforvaltaren i 2021 retta vesentleg innsats mot attgroing i fleire verneområde. Dette omfattar rydding, brenning og beite i flere sjøfuglreservat, våtmarksområde og havstrand-elveos. Tiltaka legg til rette for bakkerugande fugl, i tillegg til å sikre botaniske naturverdiar der det er til stades. Tilsvarande er framande artar som t.d. rynkerose, kjempespringfrø, snøbær, klasespirea og fredlaus bekjempa i same type område.

Attgroing er ein trussel som med dagens landbruksnæring vanskeleg kan motverkast med anna enn SNO-tenester, tenestekjøp og tilskot til rydding og beite så langt ein kan sjå. Bekjemping av framande artar inkl. framande treslag er også avhengig av stadig oppfølging pga. frøbank og reintroduksjon/-invasjon.

Stiltak, ledegjerde og informasjon har effekt, men veksten i fritidsbruken et opp gevinsten.

Tiltaka minskar negative verknader og omfanget av trusselfaktorane, men talet på verneområde med truslar mot verneverdiene vil i praksis ikkje bli redusert.

Fremmede treslag i verneområder (fra kapittel 3.1.4.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Redusert forekomst av fremmede treslag i verneområder

Vi har hatt stor aktivitet med uttak av framande treslag i verneområda. Gjennom nasjonalt hogstprosjekt har vi auka aktiviteten, og det er tatt ut framande bartre i 16 naturreservat. Prosjekta har variert frå store, kompliserte helikopterdrifter til mindre nedleggingsprosjekt og eterrydding.

Vi har restaurert våtmarker med myr, lystheier og strandenger, samt barskog og edellauvskog. Det er tatt ut framande bartre frå eit kulturlandskap på Raudøya i Ørsta.

Det er fjerna sitkagran, norsk gran og bergfur med eit volum på 4 - 5.000 m³.

Redusert forekomst av fremmede treslag i verneområder

	Kystlynghei	Løvskog	Myr	Furuskog	Annet
Antall verneområder	4	1	3	4	4
Anslag volum hogd (m ³)	400	2 500	500	600	500
Anslag areal hogd (dekar)					
Anslag andel sitkagran (%)					
Anslag andel norsk gran (%)					
Anslag andel andre treslag (%)					

Vanskeleg å oppgje nøyaktig areal og fordeling på art

3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

Arbeidet med utslippsløyver og tilsyn er ei prioritert oppgåve.

Målet og effekten av vårt arbeid er redusere risiko for utsipp og miljøgifter. Vi har gjennom år tidlegare gjennomført mange tilsyn og der det er avdekt mange lovbro. Vi har dei siste åra måtte bruke mykje ressurser på ulovlegheitsoppfølging, for å sikre lukking av alvorlege avvik avdekt under tilsyn. Dette er spesielt verksemder innafor avfallshandsaming og avlopsreinsing. Vi ser at vår handtering av alvorlege lovbro gir god overføringsverdi til andre verksemder. Vi opplever stor mediemarksemd rundt dei sakene vi følgjer opp.

Gjennom desse sakene har vi og avdekt store manglar i kommunal forureiningsforvaltning. Vi er avhengig av å fungere i samarbeid med kommunene for å kunne få til god oppfølging innafor avløp, avfall og miljøgifter på avveg. Vi har derfor prioritert høgt tilsyn, rettleiling og oppfølging av kommunen som forureiningsmynde. Dette er noko vi ser stor effekt av i mange kommunar. Dette vil vi og halde fram med i 2022.

Elles er det svært stor utviklingsfart innafor akvakultur, med etablering av store landbaserte anlegg og mange søknader om laks- og torskeoppdrett. Ved inngangen til 2022 har vi 27 søkander om utslippsløyver innafor akvakultur til behandling, noko som tilsvarer 1-2 årsverk i sakshandsamingstid. Mange av desse sakene er store og komplekse og stiller høge krav til kunnskapsgrunnlag. Her er samarbeid med plan viktig slik at vi får avklart konflikter på eit tidleg stadium.

Elles har vi og fått på plass ein ny medarbeider på kommunikasjon i embetet, noko som bidreg til at vi får meir informasjon ut til ålmenta om dei verdiene vi er satt til å ta vare på i forvaltning. Dette ser vi god effekt av i mange av sakene innafor miljø.

Progresjon i arbeidet med å redusere forurensning fra utslepp av avløpsvann (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)

Rapportere på

God progresjon i arbeidet med å redusere forurensning fra utslepp av avløpsvann fra større tettbebyggelser og bedre etterlevelse av EUs avløpsdirektiv

Vi har gjennomført tilsyn med de fire kommunene i Møre og Romsdal som er omfattet av kapittel 14. To av kommunene vil kreve tett oppfølging fra oss. Tilbakemelding etter tilsynene vil legge grunnlaget for videre oppfølging av kommunene.

Vi har hatt et tett samarbeid med Plan som varsler innsigelse når utbygging skjer i kapitel 14 områder som ikke har rensing i samsvar med tillatelsen. Kommunen blir gjort oppmerksom på PBL §27-2.

Effekten av tilsynene, veiledning og bruk av innsigelse har vært at utfordringene knyttet til avløpssituasjonen har blitt løftet i kommunene. Kommunene inkludert politisk nivå har skjønt behovet for investeringer.

Forurensning - avløp, tettbebyggelser omfattet av kap. 14

Tettbebyggelsesid	Kommunenavn	SUM BOF 5 (pe)	Kommentar	Tettbebyggelser som er sammenkoblet
	Kristiansund kommune	30 000	Beregnet etter NS i søknad	
	Molde kommune	52 800	Beregnet etter NS i søknad	
	Alesund kommune	90 000	Det som var omsøkt i tillatelsen	Er samme tettbebyggelse som Sula kommune
	Sula kommune	10 000	Dette er et anslått tall, de har ikke gjort PE beregning	Samme tettbebyggelse som Ålesund kommune (sentrum)

Forurensning - avløp, tettbebyggelser omfattet av kap. 13

Tettbebyggelsesid	Kommunenavn	SUM BOF 5 (pe)	Kommentar	Tettbebyggelser som er sammenkoblet
Elnesvågen	Stranda kommune	15 000	Grunnet tilførsel fra industri vil kommunen komme over 10000	
	Hustadvika kommune	9 900	Økt bosetning. Kommunene er i grensa mot kap 14	
	Sundal kommune	9 900	evt. utbygging av industri område med påslipp til kommunalt rense anl. Kommunene er i grensa mot kap 14	
	Ørsta kommune	9 900	Kommunene er i grensa mot kap 14	
	Volda kommune	9 900	Kommunene er i grensa mot kap 14	
	Ålesund kommune	0	utvidelse av eksisterende tettsted	

Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Flere kommuner registerer, oppdaterer og vedlikeholder egne lokaliteter i Grunnforurensning i forhold til 2020.

I Møre og Romsdal er det under 60 % av kommunene som følger opp sine plikter i Grunnforurensning. Vi gjennomførte en lokal tilsynsaksjon med tema "forsøpling og grunnforurensning" i 2021. Det ble gjennomført digitalt tilsyn med 7 av de 26 kommunene. Tilsynsresultatene ble publisert på vår hjemmeside, og NRK lokalradio lagde en sak på det. Flere kommuner som vi ikke hadde tilsyn med er blitt kjent med vår aksjon. Vi har også merket økt dialog med kommunene om tema i etterkant av tilsynene. Vi vil videreføre tilsynsaksjonen i 2022.

God framdrift i arbeidet med opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsve (fra kapittel 3.1.4.4.3.1 i TB)

Rapportere på

God framdrift i arbeidet med opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsverft

Våren 2021 vart alle klagene på påleggja våre om tiltaksplan for prioriterte skipsverft avgjort av Miljødirektoratet. Sidan har vi hatt dialog med verfta om vegen vidare for å sikre at det vert gjort gode undersøkingar i recipientane.

I 2022 skal dei nye rapportane og tiltaksplanene sendast inn, og vår oppgåve vil vere å vurdere om dei er i tråd med krava til slike undersøkingar, og å ta sakene vidare.

I 2021 heldt vi fram dialogen med Kristiansund kommune om eit heilskapleg sedimentoppryddingsprosjekt i hamneområda. I denne kommunen er det tre prioriterte verftslokalitetar.

Med unntak av eitt verft, der det manglar avklaringar av framtidig arealbruk, er alle verfta no ferdige med undersøkingar og tiltak på land.

Alle nye vedtak og rapportar i dei ulike sakene med prioriterte verft har i 2021 vorte registrert i databasen Grunnforurensning.

3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fulgt tett opp om våre Robek-kommunar også i 2021, med digitale møter og besøk.

Gjennomgangen vår av budsjett og økonomiplan viser at fleirtalet av kommunane i Møre og Romsdal planla perioden 2021–2024 med lage/svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og ein reduksjon i fri eigenkapital samanlikna med driftsinntektene. Mange av samanslåingskommunane har hatt ein travle og utfordrande start, og mange kommunar har ein meir usikker økonomi som følge av koronapandemien. Uffordringane til flere av kommunane i fylket er negativ folketalsutvikling, og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive.

Vi trur også at vi vil få fleire kommunar på Robek etter kvart. Etter at regnskapstala frå kommunane var klare, og vi har gått gjennom budsjetta deira, så har vi laga oss eit enkelt "Robek-kart" med fargene rødt, gult og grønt. Dei kommunane som får gul farge, er dei som fekk negativt nettodriftsresultat året før. Det gjer det enklare for oss å prioritere kor vi set inn ekstra ressursar. Vi set oss som mål at vi skal besøke kommunestyra i kommunane med negativ nettodriftsresultat. I 2021 hadde vi digitale oppfølgingsmøte med politisk og administrativ toppleiing i alle kommunane. Dette var positivt både for Statsforvaltaren og kommunane.

Kommunane blir informert i brev og på våre nettsider om kommuneopposisjon og revidert nasjonalbudsjett.

Dei siste åra har vi lagt om våre rutinar for tildelinga av skjønnsmidlar og prosjektskjønn/fylkesløft. Søknadsfristen er den 1. juni kvart år. Vi tildele brorparten av ramma til statsbudsjettet. I forbindelse med omlegginga, har vi også gjort ei dreiling av prosjektskjønet til i større grad å bidra til 'fylkesløft'. Fylkesløft er prioriterte tiltak som vil vere eit løft for alle kommunane i fylket. Som døme her kan vi nemne Digitaliseringssprosjektet (DIGI Møre og Romsdal), Berekraftsfylket Møre og Romsdal, Helseplattforma og Ungt Entreprenørskap.

Trass i pandemien greidde vi å gjennomføre fysisk samling for alle økonomisefane med veldig god oppslutning. Her var også KS, Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKKF) og KDD representert.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2021.

I Møre og Romsdal er målet om ein reduksjon i tal Robek-kommunar ikkje innfridd.

Ved utgangen av 2021 er det tre kommunar i registeret, etter at Rauma kommune vart meld inn i mai månad etter paragraf 28-1, bokstav c og d. Frå før er Sande og Giske i Robek.

Vi har tett dialog og oppfølging med kommunane. Dette blir gjort ved at vi gir konkrete tilbakemeldingar kvart år, etter vår gjennomgang av kommunane sine budsjett og økonomiplanar. I tillegg har vi tett dialog gjennom året. Statsforvaltaren har kvartalsvise møte med toppleiinga i Sande og Giske. Giske må komme fysisk til kontoret til Statsforvaltaren, på grunn av sin alvorlighetsgrad, og legge fram tala sine.

Sande og Giske skulle eigentleg bli meldt ut av Robek i 2021, men måtte søke KDD om forlenga inndeckningstid på underskotet i staden. Sande kommune har gitt beskjed om at dei betaler ned akkumulert underskot i 2021 og vi reknar derfor med at Sande blir meldt ut av Robek i 2022, etter at rekneskapen for 2021 er godkjent. Etter kommunestyrets plan for inndeckning skal Rauma dekke inn underskotet i 2025. Giske kommune skal etter planen dekke inn siste rest av akkumulert underskot i 2024. Som for tidlegare år, vil vi i gjennomgangen av budsjett og økonomiplan 2022–2025, særleg følgje opp at kommunen skal dekke inn resterande underskot.

I tillegg har vi hatt møte med kommunestyret i Stranda og Hareid, to kommunar som er i faresona for å komme i Robek. Tema i møtet var ny kommunelov og forskrift, kommunestyret sitt ansvar i økonomiforvaltninga og konsekvensar ved å bli innmeld i Robek.

For budsjett- og økonomiplan 2022–2025 fekk Robek-kommunar og andre kommunar som står i fare for å hamne på Robek, høyringsuttale til budsjett og økonomiplan. Vår erfaring er at kommunane meiner det er viktig med ei slik tilbakemelding, og dette vil gi eit grunnlag for om det er behov for vidare dialog og møte med enkeltkommunar. Framfor gjennomgangen av budsjett og økonomiplan 2022–2025, har vi gruppert kommunane etter ei risikovurdering som vil danne grunnlaget for analyse, og korleis vi vektlegg og gir tilbakemeldingar til kommunane. I den samanheng vil vi òg vere tydelege til kommunar som kan vere i faresona for å bli registrert i Robek.

Antall kommuner i ROBEK (2)

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2020	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2021
Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2021	1	2	3

Sande og Giske var på Robek. Rauma vart meldt inn i mai 2021.

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2020. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2020.

Talet på kommunar i Møre og Romsdal gjekk ned frå 35 i 2019 til 26 i 2020. Rapportert her bygger på tal vi har mottatt frå departementet.

Tala på feil i eigedomsforvaltninga har gått ned, medan det er ei auke for byggfunksjonane for reinhald og energi samanlikna med året før, jf. tabellen. To kommunar har nye helsehus og dei meiner at det ikkje er feil at dei har låge energiutgifter, men at det er eit resultat av effektive nye bygg.

Det er særleg på område administrasjonsbygg og institusjonlokalar vi ser feilføringar i KOSTRA. Kommunane har på desse områda utfordringar knytt til administrasjonsbygg som har fleire tenester i same bygg, der reinhald ikkje blir fordelt på dei ulike tenestene. På institusjonar blir reinhald fleire stader gjort også av pleiepersonell. Dette fører til reinhaldsutgiftene blir registrert på ein annan lønsart og at kostnadane derfor blir underrapportert på reinhaldsarten.

Statsforvaltaren rettleiar kommunane direkte gjennom e-post og samtaler. I tillegg deler vi den årlege presentasjonen av kommuneøkonomien, gjennomfører økonomisjefssamlingar og deltar i andre samlingar der KOSTRA-rapporteringar kan være naturleg å ta opp. I 2021 gjennomførte vi eit heildagskurs i KOSTRA for sju kommunar på Sunnmøre.

Vi trur at regelmessig direktekontakt med kommunane som har feil i innrapporteringa, vil ha effekt.

Kvalitet i KOSTRA-data

Område	Resultat	Antall feil i 2020	Antall feil i 2021
Feil på eiendomsforvaltning på aggregert nivå - utgifter til renhold (art 075) og forvaltning (funksjon 121)	-2	10	8
Feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til renhold og energi	7	44	51

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Statsforvaltaren har etter kommunevalet i 2019 mottatt kommunale planstrategiar, planprogram til kommuneplanens samsfunndel, kommuneplanar (samfunnssidel) og ulike fagplanar til høyring. I tillegg har vi gått gjennom kommunerekneskap og kommunebudsjett. Kommunane viser til KOSTRA-data i sitt planarbeid, gjennom å samanlikne statistikk frå år til år i eigen kommune og samanlikna med andre kommunar. Kommunane samlikner seg med KOSTA-gruppa dei tilhørar, landsgjennomsnittet (utan Oslo) eller utvalde kommunar. Gjennomgåande er vårt inntrykk at kommunane nytter KOSTRA-data i sitt utviklingsarbeid og styring av kommunen sin utvikling. Særleg ser vi dette i arbeidet med å dreie tenesteaktiviteten frå barn og unge til eldreomsorg på grunn av endringar i folkesamansetninga i kommunen.

Statsforvaltaren lagar årleg ein oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien. Denne blir publisert kvar sommar og blir omtalt i media. Der sett vi fokuset på korleis den økonomiske situasjonen er på kommunenivå, på bakgrunn av innrapporterte rekneskapstal. I tillegg snakkar og skriv vi om bruk av KOSTRA-tal i alle samanheng der det er naturlig å ha dette oppå som tema, både i kontakt med einskildkommunar og i samlingar. Kommunane er godt kjent med KOSTRA-data og at Statsforvaltaren har fokus på dette. Det er grunn til å tro at dette påverkar fokuset kommunane har på bruk av statistikken i eigen verksemid.

I 2021 gjennomførte vi kurs i KOSTRA på søre Sunnmøre for sju kommunar. I tillegg har departementet deltatt på den årlege økonomisjefssamlinga med innlegg om rett føring av KOSTRA-tal og kor viktig det er i eigen styring. Vi har hatt individuell oppfølging av kommunar ved rekneskapsavslutninga for 2021 og håper at dette vil vise seg i neste års resultat.

Arbeidet med tett oppfølging av kommunane vil halde fram i 2022.

3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Statsforvaltaren deltek aktivt i det regionale partnerskapet for landbruket. Partnerskapet ga hausten 2020 klarsignal til oppstart av Fylkesstrategi landbruk, då Landbruksmeldinga sin periode no utgår (2017 – 2021). I dette arbeidet er Statsforvaltaren si landbruksavdeling aktivt med. Som ledd i arbeidet med fylkesstrategien er det under utarbeiding ei verdiskapingsanalyse for landbruket i fylket. I tillegg er spørjeundersøkinga «Trender i norsk landbruk» bestilt, for svar på korleis bønder i Møre og Romsdal vurderer tema som økonomi og gjeld, klima, framtidstru, kompetanse, rekruttering, leigejord, tilleggsnæringer, rovdyr/utmarksbeite, ressursgrunnlag og framtidig produksjon.

Møre og Romsdal har 10% av kumjølkproduksjonen i landet, og mjølkeproduksjonen står for 60-70% av verdiskapinga i fylket. Det er ei utfordring at berre 40,4 % av brukar har lausdrift. Partnerskapet har i det regionale næringsprogrammet for 2022 prioritert at heile 80 % av midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) skal prioritert til mjølk- og kjøtproduksjon på storfe og mjølkeproduksjon på geit. Det skal leggast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøtproduksjon, samt ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd. Dette inneber at andre produksjonar må prioritert bort, dvs at søknader som gjeld sau, svin og fjørfe ikkje vert prioritert.

Bakgrunnen for den harde prioriteringa er dei nye forskriftskrava frå 2024 om kalvingsbinge og dyr på beite i minst 16 veker for produsentar med båsfjøs,

i tillegg til lausdriftskravet fra 2034. Utifra den store andelen med båsfjøs i fylket, vil dei nye forskriftskrava få konsekvensar for svært mange produsentar. I Møre og Romsdal er den gjennomsnittlege mjølkebuskapen på 29,9 kyr. Halvparten av buskapane har 23 kyr eller færre. Mange er altså mindre produsentar.

Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2021 tildelt 37,04 mill kr til IBU-midlar. Denne ramma skal dekke støtte til både tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringer, men vart oppbrukt tidleg. Ved årsskifte 2021/2022 låg 55 søknader på vent med omsøkt tilskot på omlag 53 mill kr. For året 2022 er det løvd ekstra investeringsmidlar til landbruket i tillegg til ordinær IBU-ramme frå jordbruksoppgjeret. Ekstramidlane skal målrettast mot små og mellomstore gardar for å følgje opp lausdriftskravet. Mange av båsfjøsa i fylket er i storleiken 15 – 30 mjøkekryr. Innovasjon Norge skal ha fokus på å støtte lønsame prosjekt, men det er begrensa lønsemeld for mindre bruk, så Statsforvaltaren er svært uroa over framtida for desse brukna. Samla IBU-ramme for Møre og Romsdal for 2022 vil medrekna ekstra midlar verte på om lag 50 mill kr.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune. Kommunane er førsteinstans sakshandsamar for fleire tilskotsordningar som skal bidra til matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Det er difor heilt nødvendig at kommunane prioritærer å ha ei robust landbruksforvaltning. Dette set Statsforvaltaren fokus på i vår dialog med kommunane.

Statsforvaltaren vart av Landbruksdirektoratet i 2020 tildelt eit av 4 toårige pilotprosjekt i Inn på tunet-løftet 2. Vår pilot er retta mot innkjøparar av Inn på tunet-tenester på området vidaregåande skule og pedagogiske tilbod. Prosjektet er tverrfagleg og breidd samansett, både frå andre avdelingar hos Statsforvaltaren, Fylkeskommunen og tilbydarnettverket Inn på tunet Møre og Romsdal.

Statsforvaltaren er involvert i hoppid.no, eit partnerskap med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon som skal legge til rette for nyetableringar ved å vere ei dør inn til verkemiddelapparatet. Meir om dette i kapittel 3.1.6.1.1.1 Verdiskaping.

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid mellom FoU-miljøa og regionale landbruksaktørar. Meir om dette i kapittel 3.1.6.1.1.1 Verdiskaping.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Regional innsats innen landbruksbasert næringsutvikling er innrettet slik at nasjonale mål og føringer i RNP nås.

Statsforvaltaren har i samarbeid med fylkeskommunen og det regionale partnerskapet følgt opp RNP. Dialogen med organisasjonane i partnerskapet; fylkeskommunen, Innovasjon Norge, faglaga og Allskog, er god. Statsforvaltaren tek initiativ, mobiliserer og bidreg med vår kompetanse, samt samordnar og målrettar innsatsområda inn mot dei ulike verkemidla.

Vårt arbeid innan næringsutvikling er i tråd med RNP, og slik bidreg vi til at nasjonale mål og føringer kan nåast. Statsforvaltaren har i 2021 hatt særleg fokus på følgjande resultatmål i RNP:

Auka verdiskaping innanfor grovförbaserte husdyrproduksjonar i heile fylket:

Ein andel på heile 59,6 % bruk med båsfjøs i mjøkeproduksjonen er svært bekymringsverdig i forhold til framtida for produksjonen i fylket. Partnerskapet har i det regionale næringsprogrammet for 2022 prioritert at heile 80 % av midlane til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlane) skal prioriterast til mjølk- og kjøtproduksjon på storfe og mjøkeproduksjon på geit. Men tilgangen på IBU-midlar gjer overgangen til lausdrift svært utfordrande.

Statsforvaltaren har saman med Fylkeskommunen vore involvert i etableringa av eit vegvalsprosjekt der Landbruk Nordvest og TINE tilbyr rådgjeving til mjøkprodusentar som ynskjer omstilling grunna nye krav til driftsbygninga. Bønder som deltek i prosjektet får dekt 50 prosent av kostnaden til rådgjeving, med inntil 10 000 kroner. Prosjektet er finansiert av Møre og Romsdal Fylkeskommune, og hadde oppstart 01.01.2022.

Skog og trebruk:

Tredrivaren i Møre og Romsdal jobbar med å styrke verdikjeda til tømmer. I samarbeid med Kystsakogbruket blei det i 2021 jobba mot trebaserte næringar og korleis dei skal finne sin plass i det grøne skiftet. Grensesnittet mellom trebaserte næringar og arkitektar har det blitt jobba spesielt med. Ein regional aktør, Melby snikkarverkstad i «Made by wood», har vore eit godt eksempel på det. I samarbeid med Kystsakogbruket, arkitektar og trebaserte næringar har Tredrivaren løfta fram spørsmålet om korleis vi kan få betre verdiskaping frå norsk virke. Dette var eit tema under bedriftene si utstilling på «Designer's Saturday» i september. Problemstillinga blir tatt med vidare inn i 2022.

Gjennom Nettverk for bærekraftige bygg oppmodar vi kommunar til å bygge i tre der det er hensiktsmessig. Slik har vi fått fleire offentlege bygg med tre i konstruksjonen i fylket, og i eit større omfang blir stål og betong erstatta av fornybart byggematerial frå skogen.

Viser elles til kapittel 3.1.6.1.2.1 og 3.1.6.1.2.2 Verdiskaping i skogbruket.

Klima, miljø og fornybar energi:

Statsforvaltaren sine prioriteringar og satsingar i det regionale miljøprogrammet (RMP) og i klima og miljøprogrammet er omtalt i kapittel 3.1.6.2 Bærekraftig landbruk.

Statsforvaltaren er initiativtakar til etablering av ei gruppe av bønder med pågangsmot, som tek relativt store grep for at eige bruk kan redusere utslepp, og med dagens energisituasjon også betre økonomien. Bøndene vil produsere straum frå biogass, solcelle eller vatn. Nokre vil også bruke eigenprodusert straum til ein N2-reaktor for å auke innhaldet av nitrogen i husdyrgjødsela. Dette er tunge investeringar, men Statsforvaltaren ynskjer å delta for å lære og

diskutere undervegs i utviklinga, og også kunne bidra med det vi kan samtidig som det kan vere potensiale for kompetanseoverføring. Det er pr i dag eit privat biogassanlegg i drift, og to til er bestilt. I tillegg er det to grupperingar som arbeider med N2-reaktorar. Solcelleanlegg er i drift på fleire gardar.

Matspesialitetar og landbruksbasert reiseliv:

Statsforvaltaren er involvert i hoppid.no, eit partnerskap med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge, som skal legge til rette for nyetableringar gjennom ei dør inn til verkemiddelapparatet. Hoppid gjev grunderar gratis rettleiring samt kompetansegjevande kurs, og økonomisk støtte til idéavklaring. I 2021 vart dei fireårlige avtalane mellom det regionale partnerskapet og kommunane fonna.

Prosjektet «Reiseliv, mat og kultur i M&R» er no avslutta, og eigen rapport er utarbeidd. Aktivitet på lokalmat og reiselivsområdet krev ein del fysiske møte som har ført til avlyste og utsette arrangement i året som gjekk.

Statsforvaltaren er engasjert i styringsgruppa for Kompetansenettverket for lokalmat i Midt-Norge. Vi har samarbeid med Statsforvaltarane i Rogaland og Vestland når det gjeld IGW-prosjektet i Fjord Norge-regionen.

Ulfording: Begrensa ramme hos Innovasjon og stor interesse for etablering på områda lokalmat, landbruksbasert reiseliv/besøksgardar, frukt/grønt, marknadshagar/mindre grønsaksproduksjonar kan føre til at ein del etablerarar aldri kjem i gang. I Møre og Romsdal er det større interesse for IN sine midlar på tradisjonelt landbruk enn kva fylket har til rådvelde.

Inn på tunet:

Dette arbeidet er omtalt i kap 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet.

Forsking og utvikling:

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid med FoU-miljøa og landbruksaktørane, m.a. med det årlege landbruksmøtet. Vi deltek aktivt i Grønn Forsking Midt-Norge, m.a. i styringsgruppa og deltaking i næringsgrupper. I næringsgruppene vert bonden sine problemstillingar løfta opp til forskingsprosjekt, og arbeidet har bidratt til svært mange FoU-prosjekt i Midt-Norge. Eit viktig resultat i Grønn Forsking er etableringa av jordbruksklynga Agritech Cluster.

Saman med fylkeskommunen har Statsforvaltaren sett i gang ein prosess for å sjå på mogelegheitene for auka produksjon av frukt, bær og grønt i fylket. Vi håpar at vi i løpet av 2022 er i gang med eit eller fleire mobiliseringsprosjekt, i samarbeid med næringa.

Tilfredsstillende forygelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende forygelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

Tal utsette planter i M&R i 2021: 670 000 (868 000 i 2020)

Koronasituasjonen førte til manglende tilgang på planteaktørar på Sunnmøre i 2021. Det førte til nedgang i tal utsette planter samanlikna med 2020.

Statsforvaltaren har aktivt følgt opp kommunane i arbeidet med resultatkartlegging og forygingskontroll.

Årsaka til at så vidt mange bestand skal følgjast opp i forygingskontrollen, er praksis med å vente 3 vekstsesongar med planting etter hogst for å unngå skader av gransnutebille.

Første del av forygingskontrollen vert i hovudsak gjennomført, men ein er meir usikker på bestand som skal følgjast opp. Kommunane nyttar i liten grad mogelegheitene som ligg i lovverket, og det er svært få klagesaker som kjem til Statsforvaltaren knytt til forygelsesplikt.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tilsette i haust ein person som arbeider med problematikken rundt forygning i eit seks månader engasjement. Det er særskilt arbeidd opp mot kommunar knytt til kompetanse og oppfølging. Det er vidare oppretta kontakt med planteaktørar/entreprenørar. Gjennom engasjementet er det arrangert ein fagdag med tema forygelsesplikt - og kva er tilfredsstillande forygning. Vidare er kommunane sendt lister med skogeigarar der ein ikkje kan sjå det er gjort tiltak for å få forynginga areala. Dei fleste kommunane har gitt tilbakemelding på situasjonen knytt til listene. Det er gjennomført fleire besøk hjå kommunar som har ønska dette, og aktuelle bestand er synfart. Ein ser at auka fokus verkar, og at det er viktig med betre samhandling mellom kommunar og tømmerkjøpar/planteaktør. Vi vonar fleire bestand som er "gløymt" vert tilplanta i 2022.

Tilfredsstillande forygning er av dei største utfordringane for skogbruket i vårt fylke. Det skuldast mellom anna at enkelte ikkje ynskjer å plante gran, gransnutebille, hjortedyr og konkurrerande vegetasjon. Ein legg og merke til ulik haldning – og kunnskap om forygelsesplikt, varierer mellom tradisjonelle skogkommunar og «nye» skogkommunar.

Forygelse etter hogst (opplæring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Utrekt antall felt/kontrollfelt	Antall påbegynt pr. 30.6	Antall sluttført pr. 31.11	Antall ikke påbegynt 31.11
Resultatkartlegging	45	0	44	1
Forygelseskontroll	157	0	148	3

Resultatkartlegging: Snø hindra gjennomføring av det eine feltet. Forygelseskontroll: Det er berre sendt ut egenmelding for seks bestand, som difor ikkje er handsama. Det er ikkje registrert kontrollresultat på tre bestand.

Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner	Antall andre tiltak
Tiltak og aktiviteter forbygning	3	6	20

Statsforvaltaren har gjennom engasjementstillinga vore ute hjå fleire kommunar knytt til arbeid med forbygning. Vidare er alle kommunar bedt om å gi tilbakemelding på lister over skogeigarar der det kan sjå ut til at forbygning manglar.

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt og i samsvar med regelverket.

Vi vurderer kommunane si forvaltning av dei økonomiske verkemidla i skogbruket som tilfredsstillande. Gjennomførte forvaltningskontroller viser få og små avvik. Ein ser likevel ulik aktivitet og satsing mellom kommunar. Tradisjonelle skogkommunar har meir aktivitet enn skogreisingskommunar.

Statsforvaltaren har god og jammleg kontakt med kommunane og med det ei løpende rettleiing. Vi hadde i 2021 fleire kompetansebyggande webinar og ei fysisk fagsamling med ulike skogtema. Fleire kommunar har etablert ordningar med "skogpådriver". Ein ser at dette er viktig spesielt med tanke på å få auka skogkulturaktiviteten. Det er naudsynt å bruke noko NMSK-midlar til dette. T

Ein ser også at dei fleste kommunane utarbeider retningslinjer i samråd med fleire nabokommunar for å kalibrere satsane på tilskot, men også for meir stabilitet for entreprenørar. Noko meir involvering av tillitsvalde i skogeigarorganisasjonene hadde vore bra, men ei betring er å spore.

Statsforvaltaren har sett av prosjektmidlar til støtte for utgreiing og rettleiing knytt til veganlegg. Dette er midlar som går til profesjonell vegplanleggjar før ein har bestemt om veganlegget blir ein realitet. Vi vil på oppmading frå kommunane forlenge prosjektet så lenge det er pengar igjen.

Økonomiske virkemidlær i skogbruket (forvaltning)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	26	19	7
Skogkultur	26	22	4
Miljøtiltak	26	5	5

Infrastruktur: Fleire kommunar kunne gjort meir for å få i gong tiltak. Skogkultur: Vi ser at manglande kompetanse og stillingsbrøk innan skogbruk pregar forvaltning av midlane i nokre kommunar. Miljøtiltak: Dette er ordning som er svært lite nyttig i vårt fylke. Kommunane er informert, men ordninga er nok lite kjent hjå skogeigarane.

Økonomiske virkemidlær i skogbruket (resultat)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	26	21	5
Skogkultur	26	22	4
Miljøtiltak	26	5	4

Infrastruktur: 5 kommunar har potensiale for auka innsats. Skogkultur: Manglande kompetanse og stillingsbrøk innan skogbruk pregar aktiviteten og forbruk av tilskotsmidlar i nokre kommunar. Miljøtiltak: Ordninga ville vore meir brukt om den var betre kjent hjå skogeigarane.

Økonomiske virkemidlær i skogbruket (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner	Antall andre tiltak
Tiltak økonomiske virkemidlær	6	20	8

Vi har hatt ei fysisk skogsamling over to dagar, og fem webinar. Reiserestriksjonar har prega tal synfaringar. Vi har har vore i dialogmøte med landbrukskontora i tre av kommunane som er samanslått. Av andre tiltak må ein nevne artiklar på heimeside og generell informasjon. Vi håper å få til fleire fysiske samlingar i år, og vi held fram med ulike webinar.

3.1.1.13 Bærekraftig landbruk

Regionale miljøtilskot (RMP-ordninga) er nok det viktigaste verktyet for å medverke til eit bærekraftig landbruk. Blant måla for desse tilskota er bruk av husdyrgjødsel i vår- og vekstsesongen og å halde i drift areal som elles kunne stått i fare for å bli rasjonalisert vekk og erstatta med meir intensiv drift på andre areal.

I 2021 er klimarådgjeving innført som ordning i RMP. Dette vil truleg medverke til meir forståing og kunnskap hos enkeltbønder omkring samanhengar mellom produksjon, transport, energibruk, gjødsling, drenering og ressursutnytting.

Klima- og miljøprogrammet (KMP) har i 2021 hatt hovudvekt på NIBIO-prosjekt med gassmåling på tidelegare dyrka myr, og ulike tiltak som kan gjerast for å redusere utslepp frå desse areala. Det er også løyvd til eit NORSØK-prosjekt med fokus på temperatur i gjødsellager, for korrigering av utsleppstal frå gjødsellager i Norge.

Jordsmonnkartlegging er viktig for å dokumentere matjorda sine eigenskapar, og dermed kunne sikre areal for matproduksjon. I tillegg er dataene eit viktig grunnlag for klimaplanlegging og risikovurdering knytt til avrenning frå landbruksareal.

I klimakalkulatoren, som er utvikla for å dokumentere klimautslepp på gardsnivå, nyttast opplysningar frå jordsmonnkartlegginga for å dokumentere karbonbalansen i jorda. Karbonbalansen er ein viktig del av klimakalkulatoren. Når jordsmonnkart manglar for arealet på ein gard, vert dette tatt ut av

likninga. Ein får dermed ikkje gevinst for positiv karbonbalanse på det aktuelle arealet og for den aktuelle gardsanalysen i klimakalkulatoren.

I Møre og Romsdal er det kun to kommunar som er kartlagt; Sunndal og Surnadal. I tillegg er ca 11 % av det dyrka arealet i kommunane Ørsta og Volda kartlagt. I perioden 2022-2028 har NIBIO planlagt kartlegging av sju kommunar, noko som inneber at i 2028 er fortsatt berre 1/3 av kommunane i Møre og Romsdal kartlagt. Dette syner at det er eit stort behov for at det vert avsett meir ressursar til jordmonnkartlegging – som er eit svært viktig verktøy for næringa.

Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Virkemidler på miljøområdet er tilpasset til regionale miljøutfordringer

Jordbruksystemet i Møre og Romsdal er dominert av grasproduksjon og husdyrhald. Å utnytte husdyrgjødsla best mogleg og unngå næringstap til luft og vassdrag vurderer vi som gode miljøtiltak. Største enkelttiltaket innanfor RMP er tilskot til spreying av husdyrgjødsel i vår-/vekstssesong, som bidreg til at næringssstoffa blir tatt opp av plantene i staden for at det blir næringstap til luft og vassdrag. Det blir stadig fleire som også får tilskot til bruk av slangespreiingsutstyr i kombinasjon med tidlegspreiing. Det bidreg ytterlegare til miljørett gjødselspreiing samt mindre jordpakking.

Ein god nummer to i fylket er tilskot til slått av bratt areal. Møre og Romsdal har mykje bratt areal. Slikt areal er ofte godt synleg og det betyr derfor mykje for kulturlandskapet. Tilskot er dermed eit viktig bidrag til fortsatt drift på slike areal.

Vi har også tilskot til drift av særleg verdifulle jordbrukslandskap, drift av beiteplag, slått av slåttemark, beiting av kystlynghei, tilrettelegging for hekkeområde for fugl, setring, skjøtsel av freda kulturminne, vassdragstiltak som utsatt jordarbeiding, grasdekte kantsoner og vedlikehald av fangdam samt bruk av nedleggings-/nedfettingsutstyr for husdyrgjødsel.

Drenering: Tilskot til drenering er eit godt miljøverkemiddel, og det er mykje areal i fylket som er i dårlig hevd dreneringsmessig. Likevel er det vanskeleg å få opp aktiviteten med drenering til eit ønskjeleg nivå. I ei spørjeundersøking blant kommunane og næringsorganisasjonane regionalt, er høg kostnadsramme og lav tilskottssats oppgjeve som hovudårsak.

I fylket er kostnadene til drenering store, grunna høye som; topografi/terrenge, jordart og teigstorleik. I fylket har vi også mykje leigejord, og låg tilskottssats gjer at det i mange tilfelle ikkje blir prioritert å drenere på desse areala.

Det er behov for å auke satsane for drenering, for å motivere drivarane til større innsats i åra framover. Vi opplever at det per no er nok midlar i potten for tilskot, men at det manglar søknadar.

SMIL: Fylket har stor variasjon i type jordbruksdrift grunna forskjeller i lokal klima, topografi, jordsmonn m.m. Dette gir ulike miljøutfordringar og prioriteringar i kommunane. Dei største tiltakskategoriene i 2021 var kulturlandskap (57%), kulturminne og kulturmiljø (19 %) og avrenning til vatn (17 %). I mange kommunar har tilskot til det digitale gjerdesystemet «NoFence» vore satsingsområde. Satsingsområda følgjer elles dei lokale tiltaksstrategiane. I åra som kjem ønskjer vi å få opp talet på tiltak for biologisk mangfold. I 2021 har vi sett fokus på samanhengen mellom dei ulike miljøordningane innan landbruks- og miljøforvaltning, gjennom webinar og forvaltningsamling med kommunane. Dette er noko vi ser behov for å fortsette med i 2022. Vi skal mellom anna setje i verk ein gjennomgang av dei lokale tiltaksstrategiane i samband med rulling av Regionalt miljøprogram. Det er stor interesse for SMIL-ordninga i kommunane og vi forventar at den store trøngen for SMIL-midlar vil vere ved dei neste åra.

Virkemidler på miljøområdet (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Vurder kort om de ulike de økonomiske miljøvirkemidlene (RMP, SMIL, tilskudd til tiltak i beiteområder, drenering, etc.) har hatt ønsket effekt	I stor grad har dei økonomiske virkemidlane hatt ønska effekt. Bidreg til bedre ressursutnytting og meir miljørett produksjon. Det må nemnast at dreneringsordninga har potensial til å bli meir brukt.
Beskriv kort de største utfordringene innenfor miljøområdet de kommende år	Bruk av husdyrgjødsel vil alltid vere sentralt når det gjeld miljøutfordringar her i fylket. Færre bønder gir meir gjødsel, meir jordbruksareal og større køyrevstandar for kvar enkelt. Det kan føre til marginalisering av deler av areala og intensivering på det som er nærmast.
Vurder kort om grensegangen mellom miljø- og landbruksforvaltingens virkemidler er formålstjenlig	Vi føler at grensegangen når det gjeld tema som vatn/vassdrag, rørvikt og anna fugle- og dyreliv er formålstenleg.
Hvilke tiltak vil Statsforvalten overta fremover for å øke måloppnåelsen/miljøeffekten?	Først og fremst vil det regionale miljøprogrammet bli rullert i løpet av de komande året. Det vil vere vesentleg å få inn innspel fra ulike hald med tanke på m.a. måloppnåing og miljøeffekt. Elles vil kommunedialogen vere sentral når det gjeld midlane som er forvalta av kommunane.

Virkemidler på miljøområdet (andel)

Andel av RMP-rammen som er brukt på kulturlandskapstiltak	Andel av RMP-rammen som er brukt på å redusere forurensing	Sum
35 %	52 %	87 %

Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søker, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Informasjon om RMP er gjort kjent på heimeside og blir sendt til kommunane som informerer bønder direkte (e-post, SMS, Facebook) samt legg ut på

eigne heimesider.

Det kunne gjerne vore informert om RMP samtidig med PT del 2 frå direktoratet si side (same søknadsfrist i alle fylke), men vi ser også at talet på søkerar held seg rimeleg stabilt trass i at talet på bruk i drift går ned.

Også SMIL og tilskot til drenering er godt kjent for aktuelle søkerar, landbruksorganisasjonane og kommunane i fylket. I 2021 har vi hatt ei forvaltingssamling for kommunane og fleire webinar der miljøverkemidlane har vore tema.

Innholdet i miljøverkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2017	2018	2019	2020	2021
Hvor stor en andel (%) av PT søker søker RMP	49	46	49	48	50

Innholdet i miljøverkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	I det store og heile ikkje store forskyvingar i miljøtiltaka. Litt meir på tiltak mot utslepp til luft og til vatn, litt mindre på kulturlandskap. Elles nokså stabilt.
Gi en kort vurdering av i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	I vesentleg grad brukt kommunale landbrukskontor som kanal ut til bøndene. Ikke optimalt, men ser ut til å fungere greitt.
Hvilke tiltak vil Statsforvalteren iverksette kommende år for å øke miljøinnsatsen i jordbruket?	Kunne ønska at Landbruksdirektoratet informerte på same måte som det blir gjort for produksjonstilskot. Statsforvaltaren har ingen konkrete planer om anna måte enn tidlegare.

Vannforvaltningsplanene (fra kapittel 3.1.6.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Miljøverkemidlene er innrettet i henhold til vannforvaltningsplanene, med mer forpliktende krav ved behov for forsterket innsats.

Gjennom dei regionale miljøtilskota har vi her i fylket tiltak som går på å redusere både erosjon, avrenning og utslepp til vassdrag.

Det er først og fremst for dei tre hovudvassdraga i fylket (Surna, Driva og Rauma) dette er viktig. Det er også i desse tre dalføra mesteparten av komproduksjonen foregår. Pløying av store kornareal om hausten kan potensielt føre til mykke utvasking av jord og næringsstoff som har negativ innverkan på vasskvaliteten i vassdraga. Tiltaket 'utsatt jordarbeiding om hausten' stimulerer til at pløyinga blir utsatt til våren. På den måten blir avrenningsrisikoen svært redusert.

I tillegg har vi tiltaka 'vedlikehald av fangdam', 'spreiing av husdyrgjødsel i vår-/vekstssesong' og 'grasdekt kantsone i åker' som alle bidreg til å unngå negativ påverkan på tilstanden i vassdraga.

Om lag 96 % av alt jordbruksareal i fylket er grasareal. Heilårs plantedekke er det mest effektive tiltaket mot erosjon og avrenning, og nesten alt arealet vårt er fleirårig eng.

Fylket er delt inn i 5 vassområde. Fylkeskommunen sine prosjektkoordinatorar for desse vassområda er i gong med kartlegging av både virkemiddel og status innanfor landbruksområdet. Vi får truleg meir konkrete mål etter kvart. P.t. er det ikkje sett konkrete mål for kva ein ønsker å oppnå med bruk av miljøverkemiddel innan landbruksområdet.

Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannområder vil nå miljømålene, innen gitte frister (utsatt frist regnes som (ny) gitt frist)	Hvor mange vannområder vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange av vannområder som ikke vil nå miljømålene, er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange av vannområder som ikke vil nå miljømålene, er det fastsatt strengere krav med hjemmel i annet regelverk for å nå målene
Antall	5	0	0	0

Når det gjeld landbruket sine miljøverkemiddel er det ikkje konkrete miljømål for nokon av vassdraga.

3.1.1.14 Andre oppdrag

3.1.2 Statlig virksamhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

I samarbeid med Husbanken har vi hatt to webinar om *Flere skal kunne eie egen bolig* med særskilt fokus på barnefamiliar med låg inntekt.

Alle våre høyringssvar på samfunnsdel har vist til ansvaret kommunane har for heilskapleg arbeid for barn og unge. Det vert og vist til helstenester for denne gruppa og til rettleiarar knytt til svangerskapomsorgen og helsestasjonstilbodet. I forventningsbrevet for 2021 var det og lagt vekt på statsforvaltaren si forventning om at kommunane mellom anna arbeider for gode tenester til sårbare barn i pandemidit.

I opplæringstilbod, og anna kontakt med NAV/kontora i fylket har barn og unge vore eit gjennomgåande perspektiv.

Hausten 2021 starta vi eit samarbeid om Barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal etter modell frå Helse Fonna. Rett teneste til rett tid på rett nivå er hovedbudskapet i arbeidet. Samhandling mellom kommune og helsefretak står sentralt, samt gode pasientforløp for barn og unge. Dette arbeidet ser

vi som særstakt har bidratt med viktige bidrag til arbeidet.

Vi har ei oppvekstgruppe som arbeider med å betre tverrfagleg samarbeid og samhandling internt. Gruppa identifiserer og samhandlar om tverrfaglege oppdrag i tildelingsbrev. Slik bygg vi intern kompetanse og kan bidra betre og meir samordna i møte med kommunar og/ eller tenester.

Fleire møte på fleire nivå, mellom avdelingane bidrar til meir informasjon og betre samhandling om felles oppdrag.

Auke i samansette problemstillingar i saker om barn og unge, har medført at vi samarbeider meir om enkeltsaker. Vi har laga retningslinjer for å ivareta heilskapen i tenestene til barn og unge.

Vi trur at effekten av god samordning hos oss bidrar til betre og meir heilskapelege tenester til barn og unge.

Rapporteringsoppdraga frå nasjonal koordineringsgruppe har gitt oss fortløpende kunnskap om tilstanden i sektor. Vi har brukt denne kunnskapen til å følgje opp dei kommunane og tenestene som vi har vurdert til å ha behov for det.

Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge

Vi erfarer at kommunane i varierande grad har eit samordna tenestetilbod til utsette barn og unge. Samtidig erfarer vi at kommunane arbeider for å betre dette.

Gjennom vår sakshandsaming, rapportering og kontakt med kommunane elles, ser vi at dei har utfordringar med å koordinere mellom sektorane. Særleg ser vi at samhandlinga mellom barnevernet og den psykiske helsehjelpa er mangefull. Tilboden til denne gruppa er mangefull og til tider fråverande. Møre og Romsdal har ikkje behandlingsplassar for barn som treng psykisk helsehjelp og som treng meir enn poliklinisk oppfølging. Dette gjer det vanskeleg å få gitt nødvendig og god nok behandling, til rett tid.

Vi trur at ny velferdstenestelovgjeving vil bidra til å betre koordineringa i kommunen. I fleire rettleiarar er det no eit stort fokus på leiing og styring, for å ivareta behovet for tverrfagleg innsats.

Gjennom barneversreforma er det og auka krav til kommuneleiinga og denne forankringa av ansvar i barnevernet vil ha mykje å seie for prioriteringar i kommunen. I førebuingane til iverksetting av reforma, har kommunane erfart at samarbeid mellom sektorane er nausynt.

På barneversområdet har vi jamleg og systematisk kontakt med tenestene og kommunane for informasjon, erfaringssdeling og formidling av kunnskap. Vi gir tilbakemeldingar frå t.d. funn i tilsyn og informerer om oppdatert fagkunnskap og endringar rettstilstanden, jf. dommar i EMD som krev praksisendringar. Dette meiner vi bidrar til kunnskapsutvikling og auka kompetanse. Vi vurderer at dette har ein effekt på kvaliteten i tenestene.

På det psykiske helseområdet vart det igangsett et arbeid i haust, etter "Fonna - modellen". Det skal etablerast 7 pasientforløp og ansvar skal avklarast mellom tenestenivå. Dette arbeidet er særstakt viktig og vi meiner det vil bidra til at barn og unge får raskare hjelp, og hjelp på rett tenestenivå.

Covid-situasjonen har utfordra samordninga av tenestetilboden. Ressursar har blitt omfordelt og sjukefråveret har utfordra tenestetilboden og samordninga av det.

Vi veit at barn og unge ikkje alltid har fått den tilrettelagte hjelpe dei både har behov for og rett på.

Gjennom Statsforvaltaren si samordningsrolle har vi etablert eit levekårsnettverk i Møre og Romsdal med leiinga i regional stat og fylkeskommunen innan områda for levekår. Spesielt opptekne er vi av dei utsette barn og unge.

Levekårsnettverket i Møre og Romsdal skal bidra til at kommunane skal møte ein samordna stat og fylkeskommune, og at felles og koordinert innsats vil ha betre effekt på tenestene. Vi opplev at vi allereie har fått effekt av nettverket, fordi vi veit om kvarandre sine verkemiddel og oppdrag, og får til å koordinere desse ovanfor kommunane. Til dømes gjennom ny nasjonal boligsosial strategi - "Barna først! Ein trygg og god bolig".

God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene (fra kapittel 3.2.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene

Kommunane sin kompetanse om utsatte barn og unge Vi nyttar resultat frå ungdataundersøkinga til å ta opp utfordringsbildet i kommunen i ulike fora, som eksempelvis NAV, Husbanken, kommunedirektørar og i andre relevante samanhengar.

Kommunenes behov for kompetanseutvikling på området Vi har eit gjennomgående perspektiv knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår både når vi legg planar for arbeidet med kompetanseheving i NAV og er i kontakt med både NAV og kommuneadministrasjonen om dei sosial tenestene. Dette er eit gjentakande tema på NAV-leiar-møter, møter vi har med kommunedirektørane, i lovopplæringa, i sakshandsaming og i tildeling av tilskot til utvikling

av sosiale tenester i NAV. I NAV-leiar møte har vi mellom anna lagt spesielt vekt på barnevernreforma og tilkot til samhandling i kommunane. I quest-backundersøking til NAV-kontora i desember var eit av spørsmåla knytt til korleis dei har lagt til rette for å følgje opp barn og familiar i pandemtid. Det var om lag halvparten av kontora som svarte og samtlege av kontora var tydelege på at barnefokuset sto sterkt i deira arbeid. Vidare har vi i samarbeid med Husbanken i vår hatt to webinar knytt til arbeid med barnefamiliar med låginnntek. Tal frå eige fylke vart delt, henta frå både Husbanken, Ungdata og Buf-dir. Det vert i høyringssvar til kommunane vist til FHI sine oppvekstprofilar og UngData for at kommunane skal hente kunnskap om eigen kommune.

3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Vi samarbeider tett med Husbanken i samband med aktivitet knytt til bustadsosial innsats. I samarbeid med Husbanken har Statsforvaltaren gjennomført følgjande tiltak:

- Etablert nettverk med fire kommunar om boligsosial planlegging i eit aldrande samfunn
- Gjennomført to webinar med tema *Flere skal kunne eie sin egen bolig* og *Leie skal være et trygt alternativ* der arbeid med barnefamiliar fekk særskild merksemd
- Gjennomført digital fagdag om bustader til ROP-pasientar
- Planlagt nettverk for kommunar om samanhengande tenester til ROPpasientar. Denne innsatsen er saman med fleire kompetansesenter men har deretter ikkje blitt gjennomført av kapasitetsomsyn i pandemtid i kommunane. Arbeidet vil vidareførast i 2022.

Vi har opplevd god deltaking og engasjement både i webinar, fagdag- og nettverk og meiner at tiltaka har bidrige til å auke kompetanse og merksemd i kommunane på områda.

Alle trenger et trygt hjem (2021 - 2024) (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene i Alle trenger et trygt hjem (2021 – 2024).

Statsforvaltaren har inngått samarbeidsavtale med Husbanken. For å vere godt orientert om kvarandres arbeid, oppdrag og finne felles innsatsområder, er det etablert fellesmøter både på leningsnivå og rådgjevarnivå.

I tillegg deltek begge parter i Levekårsnettverket saman med anna aktuell regional stat, for betre koordinering og innsats mot felles mål.

I samarbeid med husbanken har vi diskutert og planlagt korleis vi skal rette inn innsatsen i høve at verkemidla er ulikt brukt av kommunane. Rådgjevarar frå begge samarbeider om felles handlingsplan og dei tiltaka som skal gjennomførast.

Vi opplever at samarbeid, felles innsats og god informasjon om kvarandre sitt arbeid, bidreg til eit meir målretta arbeid i tråd med strategien.

Pandemien har gjort at vi ikkje har hatt ressursar og muligkeit til å gjøre alt vi hadde planlagt, men det vil bli vidareført i året som kjem.

3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi jobbar systematisk med samordning av statlege tilsyn både internt mellom avdelingane og eksternt med andre tilsynsstyresmakter og sekretariata for kontrollutval. Vi har etablert eit tilsynsforum i fylket der alle eksterne tilsynsetatar og kontrollutvalssekreterane deltek. Eit av føremåla med dette forumet, er at dei ulike tilsyna skal lære av kvarandre og sjå til at den samla belastninga på kommunane ikkje blir for stor.

Vi har og ei intern tilsynsgruppe i embetet som samordnar tilsyna slik at det samla ikkje vert stor tilsynsbelastning i enkeltkommunar. Vi nyttar tilsynskalenderen i planlegging av tilsyna for å sikre samordninga.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi har organisert arbeidet med samordning av tilsyn med utgangspunkt i tilsynskalenderen. Internt har vi ei tilsynsgruppe med representantar frå alle fagavdelingane der samordning av tilsyna er tema. Alle eksterne tilsynsetatarer er med i eit tilsynsforum i fylket. Der deltek også kontrollutvalssekreterane slik at vi sikrar ein god dialog mellom statleg tilsyn og den kommunale eigenkontrollen. På denne måten sikrar vi at den samla tilsynsbelastninga på enkeltkommunar ikkje blir for stor.

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt.

I tilsynsforum deler vi informasjon om gjennomførte tilsyn. Kontrollutvalssekretariata er og med i tilsynsforum. Vi tenker at intern revisjon kan følge opp der Statsforvaltaren har avdekt større mangler og at vi tar med oss informasjon fra interrevisionar i vår risikovurdering av kommunene.

Vi brukar tilsynskalendaren til å sende melding til kommunen om at dei er valt ut for tilsyn og kva tilsyn. Vi ber då om ein kontaktperson i kommunen som i samarbeid med revisjonsleiar hos SF avtaler nærmare dato for tilsyn. Vi grunngjer alltid kvifor kommunen er valt ut for det aktuelle tilsynet.

Vi har som langt ikkje sett det som naudsynt å utsette tilsyn som følge av at det har vore gjennomført forvaltningsrevisionar om same tema. Tilsynskalenderen vil gje oss god oversikt over denne problematikken.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

I 2021 har vi ført tilsyn med fleire kommunar i Møre og Romsdal med tema tvungen somatisk helsehjelp. Før og etter tilsyna har vi samla aktuelle kommunar for at dei kunne dele erfaringar med oss og dei andre kommunane. Tilbakemeldinga frå kommunane var at egenvurderingstilsyn involverte fleire frå kommunen og dei opplevde dette som lærerikt og nytig. Statsforvalteren oppmoda kommunane om å opprette eit nettverk for fortsatt erfaringsdeling og dette vart iverksatt. Vi meiner dette fører til læring og forbetring i kommunen når dei får større eigarskap til arbeide.

I 2021 auka vi og bruken av rettleiingsmøter i oppfølging av tilsyn i kommunane. I møta har vi både gjeve råd og rettleiing, samt noko undervisning i regelverk. Vi har lagt stor vekt på å bidra til at kommunane skal få styringssystemet sitt til å fungere for dei aktuelle områda. Vi ser fleire døme på at kommunane i prosessen med forbetningsarbeid sjølv avdekker behov for og vel å utvide arbeidet med fleire tema. Vi ser også at kommunane etter tilsyn i større grad etablerer felles rutiner for heile helse og omsorg og at det gjer revidering og oppdatering av rutinane deira meir effektive.

I tilbakemelding frå kommunane vert dialog underveis i arbeidet med å rette lovbrota løfta fram som positivt og ein hensiktsmessig måte å arbeide på, og det er og vår erfaring.

På sosialområdet har vi gjennomført undersøking om tilgjengelege sosiale tenester i NAV i fire kommunar i tråd med helsetilsynet si landsomfattande undersøking. Funn frå desse undersøkingane har vore presentert og diskutert i fleire forum, mellom anna på fleire møter med NAV-leiarar og i møte med kommunedirektørane. Vi har og hatt oppfølgingsmøte med ein kommune i etterkant av undersøkinga og nyttar kunnskapen frå undersøkinga i lovopplæring og andre dialogmøter med kommunane.

I denne undersøkinga har det og vore spørsmål knytt til beredskapsarbeid. Vi opplever at kommunane har fått ei større forståing av NAV sin rolle som siste instans for å sikre basale behov for innbyggjarane sine.

3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Klimaomstilling gjennom [Klimasnu](#) er eit satsingsområda som er løfta fram i [Strategiplan 2020 - 2023](#) for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Målet med satsinga er å arbeide tverrfagleg og breitt for å redusere klimagassutslepp i fylket. Satsinga skal også bidra til at samfunnet blir godt budd på, og blir tilpassa eit klima i endring.

Alle avdelingane har laga eigne handlingsplanar for korleis dei skal arbeide med klimaomstilling. Avdelingane sine handlingsplanar er ein viktig del av strategien vår for å få til klimaomstilling i alle sektorar.

Vi har også tatt opp tema i møte med dei andre statelege etatane i fylket.

Vi har delt ut [klimasnuprisen](#) for 2021. Juryen har representantar frå: KS, LO, NHO, Framtidslabben og ungdomsrådet. Statsforvaltar Else-May Norderhus har besøkt alle dei tre finalistane, noko som har blitt godt dekt i dei regionale media. Dette har skapt stor blest og fått fram viktigheita av fleire gode klimatiltak i fylket vårt. Effekten er at gode klimatiltak blir kjent, og det inspirerer fleire til å gjøre meir.

Dei fleste større tiltak for reduksjon av klimagassar som blir satt i verk i vårt fylke utløysast med støtta frå Klimasats. Vi har reklamert aktivt for Klimasats gjennom heile året. I tillegg har vi tatt direkte kontakt med kommunar som ikkje har søkt for å motivere dei til å søke. Dette har resultert i minst 16 ekstra søknadar frå vårt fylke.

For å kartlegge status i klimaarbeidet i kommunane har vi sendt ut ei kommuneundersøking hausten 2021. Alle dei 26 kommunane svarte til slutt. Dette har resultert i at vi har god oversikt over arbeidet i kvar enkelt kommune.

Vi deltar aktivt i alle møter i dei fire klimanettverka for kommunar som er oppretta i fylket. Vi ser at nettverka er viktige.

I samarbeid med fylkeskommunen arrangerte vi i mars og april work-shop i klimabudsjetten for kommunane. (Etter mal frå KS). Dette har ført til at mange

kommunar i fylket no satsar på klimabudsjettering som eit styringsverktøy for klimaarbeidet.

Samarbeidet med Miljødirektoratet om Klimasamling for kommunane 11. – 12. november og tilhøyrande webinar i etterkant var veldig vellykka. Alle kommunane var representert. Effekten er vanskeleg å måle, og vi trur vi må bygge vidare på gruppearbeid og innspel under konferansen for å halde engasjementet opp og få reel effekt i etterkant. Espen Larsen i Miljødirektoratet har vore heilt sentral i arbeidet, og mykje av grunnen til at det vart ein suksess.

Vi har retta søkelyset på at kommunane planlegg for eit klima i endring i alle kommunale planar. Vi har informert og rettleia kommunane om oppdatert/revidert SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i samband med saksbehandling og i møte og fagsamlingar med kommunale planleggjarar. Vi ser at det har resultert i at klima er godt utgreia i alle samfunnsplanar. Når det gjeld arealplanar og reguleringsplanar er det lite lokalpolitisk vilje til å legge stor vekt på klimagassutslepp i vedtaka, mens det nesten utan unntak vert tatt omsyn til klimatilpassing.

Gjennom prosjektet Tredrivaren er det laga eit nettverk for berekraftige bygg der fjorten kommunar deltek, saman med fylkeskommunen og representantar frå arkitekibransjen, konsulentbransjen og andre leverandørar til byggprosjekt. Innhaldet på samlingane handlar om å redusere utslepp frå bygg gjennom klimavenlege materialval, lang levetid og rehabilitering. Innkjøp som metode for høge klimaambisjonar er også ein fellesnemnar på alle samlingane.

I 2021 har fleire av kommunane bygd i tre, enten nybygg, påbygg eller rehabilitering. Eit eksempel finn vi i Ørsta, med ny skule og barnehage på Sæbø ([skule-for-framtida](#)). Kommunen har valt massivtre som er dimensjonert for å tolle skredvind til konstruksjonen.

Landbruksavdelinga har hatt fleire kompetansehevingstilbod for skogansvarlege i kommunane. Eit av desse var samling om vernskog, der innhaldet bygde på regjeringsnotat om klimatilpassing i landbruket (januar 2020). Andre samlingar har hatt tema som skogens rolle i klimasamanheng, forynging, planteproduksjon og – kvalitet og ny forsking på skog og klimaendringar.

Kommunale klima- og energiplaner har ambisiøse mål (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har i sin klima- og energiplanlegging en oppdatert handlingsdel (nyere enn 4 år) med ambisiøse mål og gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp

Forventningar om at alle kommunane skal ha ein oppdatert klima- og energiplan, med ambisiøse mål og gjennomføre tiltak er formidla på denne måten:

1. Forventningsbrev til alle kommunane i starten av året.
2. Dialogmøte med leiinga i kvar enkelt kommune,
3. Tema i alle klimanettverka, både med saksbehandlarar og i styringsgrupper
4. I alle våre svar på relevante plansaker
5. Gjennom klimasamling for kommunane i Møre og Romsdal november og desember. På den fysiske samlinga i Ålesund var alle kommunane representert.

Om lag alle kommunane i Møre og Romsdal har klima som eit av satsingsområda eller gjennomgåande tema i samfunnsplana. Dette trur vi er ein direkte effekt av tydelege innspel frå oss under høyring av dei kommunale planstrategiane. Ein del har valt å ikkje lage eigne klima- og energiplanar, og heller la klima og energiplanlegginga vere inkludert i samfunnssdelen. Vi ser at samfunnsplana ikkje blir detaljert nok til å oppfylle alle krava i SPR for klima.

Berre åtte av 26 kommunar har utarbeida eigne, oppdaterte klima- og energiplanar så langt. Desse har tydeleg fordeling av ansvar og gode rutinar for oppfølging. Mange fleire er i gong og vil vedta ny klimaplan i løpet av 2022.

Ein anna måte å sørge for tydeleg fordeling av ansvar og gode rutinar for oppfølging er å utarbeide klimabudsjett. Sju av 28 kommunar i Møre og Romsdal har laga klimabudsjett som har blitt handsama saman med økonomibudsjetten i 2021. Heile 20 kommunar har svart at dei vil gjere dette for 2023. Vi trur mange av kommunane lager klimabudsjett som direkte effekt av at vi har signalisert at dette kan vere ein effektiv måte å organisere klimaarbeidet på, og fordi vi holdt work-shop om klimabudsjett etter modellen til KS for alle kommunane i fylket våren 2021 i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ti av 26 kommunar har oppdaterte tiltaksplaner for klima. Enda fleire (15 kommunar) oppgir at dei gjennomførar mange eller store klimatiltak.

Det er umogleg å vite kor langt kommunane hadde kome i arbeidet utan tiltaka vi har satt i verk, men det er lite sannsynleg at dei hadde kome like langt.

Kommunene har integrert klimatilpasning i planer (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene har integrert klimatilpasning i sine planer i tråd med statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning

Forventingane til klimatilpassing i SPR er formidla slik:

1. Forventningsbrev til alle kommunane i starten av året.
2. I felles nyheitbrev frå SF og FK som sendast til alle plankontaktar i alle kommunane i fylket.
3. I alle våre svar på relevante plansaker, og i fråsegn til oppstartsvarsle til regulering-, områderegulering-, og kommuneplanar. Spesielt fokus i tilbakemelding på overordna dokument som planstrategiar og samfunnssdelar i 2021.
4. Gjennom klimasamling for kommunane i Møre og Romsdal november og desember. På den fysiske samlinga i Ålesund var alle kommunane representert.

Vi har hjelpt kommunane med vurderingar av effektar og konsekvensar av klimaendringane gjennom å svare på direkte spørsmål frå kommunane. I tillegg legg vi ut relevant informasjon på vår heimeside og i nyheitsbrev. Til slutt har vi køyrt Vær Smart – kurset for kommunane i samarbeid med Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Nordland. Gjennom året gjer vi kommunane merksam på oppdatert kunnskap, kartleggingar og rettleiarar som er relevante for klimaarbeidet.

Vi har ikkje undersøkt direkte om kommunane har nytt SPR aktivt under si planlegging, men vi følger opp at den blir følgt i alle plansaker som kjem på høyring til oss. Vi sjekker fast at klimatilpassing er inkludert i ROS-analysen til plansaker.

3.1.2.5 Andre oppdrag

3.1.2.6 Miljø- og skogfaglig kompetanse i skogvernarbeidet

Det naturfaglege kunnskapsgrunnlaget for skogvernarbeidet har så langt i hovudsak vore naturtypekartleggingar etter DN Handbok 13. Med NiN og Skoganalyse er meir av ansvaret for vurdering av verneverdi flytta til Statsforvaltaren. Vi har fått opplæring i desse reiskapane i 2021, men treng framleis noko tid og rettleiing før vi kjem inn i ny metodikk. Det følgjer også av endringane at skogvernarbeidet vil bli meir arbeidskrevjande.

Det er eit godt samarbeid om skogvernarbeidet mellom miljøvern- og landbruksavdelinga. Tidlegare meir tilfeldig og uformell kontakt er erstatta med formaliserte møte og skriftlege skogvurderingar i alle saker før det vert lagt ut oppstartsmelding knytt til vern. Skogvurderingane er i 2021 i hovudsak gjort etter forslag til mal utarbeidd av Landbruks- og Miljødirektoratet.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

I klagesaksbehandlinga etter plan- og bygningsloven har vi ikkje nådd måla om saksbehandlingstid. Vi har over tid hatt redusert bemanning som følge av vakanser på dette området i periodar, og vi opplever at det tar tid å jobbe inn etterslep på restansar. Vi har satt inn ulike typer tiltak for å redusere saksbehandlingstida, og dette har gitt noko effekt i siste halvdel av 2021. Vi har heile tida fokus på å halde saksbehandlingstida nede så langt det lar seg gjøre. Samstundes er det sentralt å oppretthalde kvaliteten i vår saksbehandling for å ivareta rettstryggleiken.

I klagesaksbehandlinga etter helse- og omsorgslova, pasient- og brukarrettigheitslova og sosialtjenestelova har vi måloppnåing i høve krava men på helse- og omsorgsområdet har vi ei bekymring i høve at restansane aukar. Dette skuldast både pandemiarbeidet og restanseprosjektet med Oslo Viken saker.

I arbeidet med forureiningstilsyn er dialog internt i faggruppa og med andre statsforvaltarar avgjørende for god metodeutvikling. Vi arbeider kontinuerlig med malar og rutinar, deltar i grupper med Miljødirektoratet for å dele erfaringar. Vi har fått utvikla og testa digitale tilsyn i 2021, noko som fungerer spesielt godt når gjeld kommunetilsyn. Vi bruker svært mykje ressursar på rettleiinga av enkeltkommunar som treng hjelp. Dette går til tider mykje ut over vår eigen kapasitet til å få gjort tilsyn.

Sjå elles eige rapporteringspunkt om forureiningstilsyn og dei andre overordna rapporteringspunktene om sakshandsaming og tilsyn.

Samlinger (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 samlinger innen utløpet av 2 kvartal 2021.

Statsforvaltaren har i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og NAV fylke, gjennomført tre digitale samlingar innan 2.kvartal 2021. Samlingane vart gjennomført 21.04.21, 05.05.21 og 19.05.21.

Ny integreringslov og forskrift var tema på første samling. Nærare avklaringar og problemstillingar til regelverket i integreringsloven, og informasjon om samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsprogrammet var tema på samling to. På samling tre var temaet regionsreforma og fylkeskommunen sine nye oppgåver innanfor denne.

Kommunane vart oppmoda til å sende inn spørsmål før kvar samling, slik at vi kunne svare dei ut på ein god måte. Det var og mogleg å stille spørsmål undervegs på samlingane.

Vi ser at behovet for informasjon og rettleiing har vore stort med tanke på ny integreringslov og forskrift og midlertidige covid-lover. I tillegg til dessa samlingane har vi brukt ein del ressursar på å svare på e-post og telefonar.

Vår vurdering av desse samlingane er at dei bidrog til å sikre at kommunane forvaltar rettigheitane og pliktane etter integreringsloven på ein god måte. Mellom anna ser vi klart at kommunane er meir sikker på korleis dei skal handtere ulike utfordringar knytt til integreringsloven, ved at tal på henvendingar er blitt færre i løpet av året. Samlingane bidrog og til å opplyse kommunane om at Statsforvaltaren, fylkeskommunen og NAV har oppdrag innanfor integreringsfeltet, og at vi kan samarbeide om samanfallande utfordringar på området. Ut frå dette meiner vi at samlingane har bidrige til å nå målet vårt for 2021.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har i 2021 ikkje oppnådd resultatmålet og gjennomsnittleg fristoverskridning er på 32 dagar. Dette har auka noko sidan 2020. Orsaka er i hovudsak at ein erfaren saksbehandler har slutta, og vi difor har hatt vakansar. Dette førte til eit etterslep på saksbehandlinga som har tatt tid å jobbe inn igjen. Ved utgangen av året hadde vi likevel tatt igjen dette etterslepet, og vi hadde såleis mot slutten av året ei klart auke i talet på saker som vart behandla innanfor frist.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 45 %	55 %	147	81

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvalningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvalningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	0 %	100 %	1	1

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har behandla ein søknad om ekspropriasjon som førsteinstans i 2021. Denne vart ikkje behandla innanfor 12 veker. Fristoversittinga har samanheng med etterslepet vi har hatt i behandlinga av klagesaker etter plan- og bygningsloven. Sjå punkt 3.3.1.1.2.1 for meir utdjavande vurdering.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 100 %	0 %	1	0

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har behandla ein sak om klage på ekspropriasjon i 2021. Denne vart ikkje behandla innanfor 12 veker. Fristoversittinga har samanheng med etterslepet vi har hatt i behandlinga av klagesaker generelt etter plan- og bygningsloven. Sjå punkt 3.3.1.1.2.1 for meir utdjavande vurdering.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 100 %	0 %	1	0

IED: Implementering av BREF (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

God progresjon i arbeidet med nye tillatelser til virksomheter som omfattes av nye bransjekrav om beste tilgjengelige teknikker (BAT-konklusjoner).

Vi har en tillatelse som må oppdateres til å inkludere BAT-AEL for avfallsbehandling, dette pågår i samarbeid med andre statsforvaltere.

Vi har ti virksomheter som er omfattet av BAT for næringsmiddel. Det har vært store utfordringer knyttet virksomhetenes besvarelse på våre pålegg om å besvare BAT-konklusjonene. Virksomhetene har i liten grad kartlagt egne utslipp. Mange har vurdert at de ikke er omfattet BAT-konklusjonene fordi de er tilknyttet kommunal nett, eller har eget renseanlegg.

Vi har måtte sende ut nye brev for å få rettet opp i disse misforståelsene og forventer svar i løpet av våren. Trolig vil alle virksomhetene vil søker om unntak, men vi har foreløpig ikke fått inn noen søknader

Vi har ikke startet å endre tillatelse.

Forurensningstilsyn: God kompetanse (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

God kvalitet på tilsynsaktiviteten

Totalt blei det gjennomført 23 tilsyn i 2021. For å klare oppdraget knytta til kommunane sin bruk av databasen grunnforurensning har vi gjennomført tilsyn med 7 kommunar innanfor tema grunnfoureining og forsøpling, dette blei gjennomført digitalt uten gebyr.

Innanfor avlaup gjennomført vi tilsyn med alle kommunane som var omfatta av aksjonen. Arbeidet som blei lagt her har gitt god effekt som vi har beskrevet i 3.1.1.10 .

Som i 2020 har politisaka knytt til ein aktør i avfallsbransjen krevd mykkje ressurar, både gjennom saksbehandling og bistand til politietterforskninga.

Kvaliteten på dei tilsyna som blir gjennomført er svært god og vi har den riktige kompentansen i Forureningsgruppa. Men fleire av dei som er tenkt å utføre tilsyn jobber med akvakultur. Saksbehandling innenfor akvakultur har vært ei stor utfordring i 2021 og er hovedårsaken til at vi ikkje har oppnådd tilsynsmåla våre.

Vi har to som blei ansatt i 2019, korona har ført til at dei ikkje har fått den erfaringa som er nødvending for å gjennomføre tilsyn.

Tilnærma alle våre tilsyn i 2021 blei gjennomført digitalt. Vi behersker nå denne tilsynsformen godt.

I tillegg til å jobbe kontinuerleg med kvaliteten på tilsyna internt, er vi aktivt med i nasjonalt tilsynsforum og internt tilsynsforum. Elles tek vi kontakt og skaffar oss avklaringar frå kollegaer i andre embete og Miljødirektoratet når det trengst.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Vi har følgt plan for risikobasert kontroll av kommunane og gjennomført forvaltningskontroll etter planen. Vi har gjennomført fleire fagsamlingar for kommunane digitalt/fysisk, og har løpende fokus på rettleiing innan alle fagområde. Elles handsamar vi saker som førsteinstans og klageinstans innan rimeleg tid. Vi meiner vi oppfyller lov- og tilskotsforvalting både effektivt og korrekt.

Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren har effektiv internkontroll av sin tilskuddsforvaltning på landbruks- og reindriftsområdet.

Vi er i gang med å etablere eit internkontrollsysten for all tilskotsforvaltning. I 2021 har vi utarbeidd rutiner for alle tilskotsordningar, både der vi er førsteinstans og klageinstans. Vi skal jobbe vidare med internkontrollsystemet i 2022, med fokus på risikovurderingar og kontrollpunkt/røde flagg i sakshandsaminga. I saker der vi får opplysningar som kan tilsi at tidlegare vedtak er feil, har vi plukka ut foretak til kontroll. I tre konkrete saker ført kontrollen til omgjering og tilbakebetaling av tilskot. Vi har ikkje hatt slike saker utover dei tre nemnte sakene i tabellen under.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Nei
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	16
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	1
Antall foretak hvor det er gjennomført stedig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfellesskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfellesskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	1
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	0

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	3
Saker funnet i orden	3
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Kontroller som følge av mulige feilopplysninger

Sak nr	Ordning og årsak	Resultat	Oppfølging
1	Kontroll av om opplysninger i søknad om produksjonstilskot er riktige. Føretaket nekter SF innsyn i bilag og rekneskap	Fikk ikke innsyn i etterspurte dokument. Omgjøring og krav om tilbakebetaling av tilskot	Saka er påklagt til direktoratet.
2	Kontroll av om opplysninger i søknad om produksjonstilskot er riktige. Føretaket nekter SF innsyn i bilag og rekneskap	Fikk ikke innsyn i etterspurte dokument. Omgjøring og krav om tilbakebetaling av tilskot	Saka er påklagt til direktoratet
3	Kontroll av om opplysninger i søknad om produksjonstilskot er riktige. Føretaket nekter SF innsyn i bilag og rekneskap	Fikk ikke innsyn i etterspurte dokument. Omgjøring og krav om tilbakebetaling av tilskot	Saka er påklagt til direktoratet

Alle tre sakene gjeld føretak for produksjon av frukt/bær. Samme person driv alle tre føretaka.

Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

Ordning	Etablert internkontroll	Riskobasert kontroll	Merknad
Tilskudd til tidligpensjon	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med å lage eit system for kontrollpunkter
Tilskudd til landbruksvirksomhet	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Tilskudd til veterinærreiser	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Stimuleringsstilskudd til veterinærdekning	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Tilskudd til regionale prosjekter innen klima og miljøprogrammet	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Erstatning etter offentlige pålegg	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Erstatning ved avlingssvikt	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
NMSK, kommuneneskog	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Delvis	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Tilskudd til stiidaandeler og tamreinlag	Ikke aktuell	Nei	Har rutiner i RiskManager. Vi er i gang med etablering av kontrollpunkter
Tilskudd til reinbeitedistrikter og tamreinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger			

Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren har effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte.

Vi har etablert rutiner for forvaltningskontroll og anna kontrollarbeid. Desse ligg lagra i RiskManager. I 2021 starta vi arbeidet med tettare oppfølging av kommunane si sakshandsaming for produksjon- og avløsertilskot. Vi utarbeida ei oversikt for kvar kommune med tal for alle innkomne søknader fordelt på søknadsdel, avkortingssaker, avslag for "vanlig jordbruksproduksjon", kontrollerte søknader, kjennskap til sakshandsamar m.m. I tillegg kontrollerte vi om alle kommunar hadde risikobasert kontrollplan. I 2022 skal vi jobbe vidare med internkontrollsysten med fokus på risikovurdering av kommunane og ordningar dei forvaltar.

Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Gjemnes kommune	Tilskudd til dyr på beite, tilskudd til dyr på utmarksbeite, Areal- og kulturlandskapstilskudd, Nærings- og miljøtilskudd i skogbruket	Kommunen mangler retningslinjer for prioritering av søknader til veg og drift etter forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Hadde ikke risikobasert kontrollplan for tilskot til skogkultur og utbetalingar fra skogfond	Begge avvik blei lukka ved oversending av retningslinjer og kontrollplan.
Kristiansund kommune	Tilskudd til dyr på beite, tilskudd til dyr på utmarksbeite, Areal- og kulturlandskapstilskudd, Nærings- og miljøtilskudd i skogbruket	Kommunen mangler retningslinjer for prioritering av søknader til veg og drift etter forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Hadde ikke risikobasert kontrollplan for tilskot til skogkultur og utbetalingar fra skogfond	Begge avvik blei lukka ved oversending av retningslinjer og kontrollplan.
Opplæring	Sula	Måseide skule	Egeninitiert tilsyn	Internkontroll og skolemiljø - Kommunen sin internkontroll må sikre plikten til å undersøke		Har kommunen rutiner for å dokumentere hva som blir gjort for å oppfylle plikten til å undersøke i den enkelte sak?	1. pilotering av nytt FNT om interkontroll og skolemiljø
Opplæring	Sula	Måseide skule	Egeninitiert tilsyn	Internkontroll og skolemiljø - Kommunen sin internkontroll må sikre plikten til å undersøke		Følger kommunen med på om undersøkelsen gjennomføres i henhold til regelverket?	1. pilotering av nytt FNT om interkontroll og skolemiljø

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Alle skoleeiere og skoleledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø

Fleire kommunar i fylket deltek i «Inkluderande barnehage og skolemiljø»-satstinga, i det samlingsbaserte tilbodet. Vi har i heile perioden hatt samarbeid på tvers, skule og barnehage, og dette har vore ein suksessfaktor. Grunna pandemien har vi hatt flest digitale møte, men heilt på tampen av satsinga hadde vi ei fysisk samling. Hovudtema var erfaringsdeling, foreldreamarbeid og vegen vidare. Vi samarbeider med mobbeombodet i fylket gjennom faste møte. Mobbeombodet er invitert til møtearenaene våre for å informere om sitt mandat og om arbeidet sitt.

Gjennom erfaringane vi har frå handhevingsordninga er vi i dialog med kommunane om kva som er viktig for dei å jobbe med på området. Vi ser spesielt at det er behov for at skoleeigarar og skolane får større kunnskap om kva tiltak som kan nyttast og korleis dei kan gjere betre vurdering av kva som er til det beste for barnet /eleven.

Vi vurderer det slik at dei tiltaka vi har valt, er med å bidra til å rette søkjelyset på eit trygt og godt skolemiljø. Også det at vi ofte koplar førebyggjande arbeid i både barnehage- og skolemiljø og poengterer samanheng her, vurderer vi til å ha ein effekt.

Vi har sendt ut informasjon til skoleeigarar og skolane om kompetansepakkane om trygt og godt skule- og SFO miljø. Vi har også laget og lagt ut informasjonsfilm som også skoleeigar kan ha nytte av.

Vi brukte erfaringar frå handhevingsordninga i val av tilsynsobjekt, vi jobbar også med å bruke tilsyn som verkemiddel meir aktivt som hendingsbaseret tiltak fram mot 2022. Vi har kompetanse på trygt og godt skolemiljø, samt erfaring med handhevingsordninga på agendaen i årlege møte med kommunane, vi legg også ut lenker og nyt om dette på vår heimeside.

På grunn av pandemi, vart det ikkje gjennomført samling med kommunane om dette, men det vart sendt ut skriftleg informasjon til alle kommunar i fylket om temaet.

Kompetanse på aktivitetsplikten (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Alle skoler har fått økt kompetanse om aktivitetsplikten

På grunn av pandemi vart det ikkje gjennomført planlagt samling for kommunane. Det er difor ikkje alle skolar som har fått aktiv oppfølging av oss på dette området. Vi er ikkje nøgd med dette sjølv, men vi har fått sendt ut informasjon om temaet og lagt ut film om retten til eit trygt og godt skolemiljø.

Kunnskap og erfaringar vi har gjennom handhevingsordninga vert brukt aktivt når vi vurderer kva for område som det er viktig at skolane har eit særleg fokus på.

Det vert også nytte aktivt i val om tilsynsobjekt og eller andre tiltak opp mot kommunar som treng særleg oppfølging på området. I områdeovervåkinga følgjer vi utviklinga over tid.

Gruppa som arbeider med dette hos oss har eigne møte der ein tar tak i erfaringar og drøftar korleis ein skal bidra til å auke kompetansen om aktivitetsplikten i sektor, ein ser på vedtak og brukar dette aktivt i arbeidet.

Det vert også jobba med mal og klart språk slik at vedtaka skal vere enkle å forstå for mottakar.

Om embetet sitt arbeid med å auke kompetansen om aktivitetsplikta har bidratt til måloppnåing er ikkje heilt lett å måle, men det vart rettleia i høve planlagte tilsyn, i rapportar, i møter med kommunane og det vart sendt ut ei spørjing om aktivitetsplikt til kommunane i 2021. Vi samanliknar tala frå år til år og vurderer fortløpende kva vi treng å sette fokus på overfor sektor.

I 2021 hadde vi ein nedgang i tal på saker til oss, vi er difor i ferd med å kartlegge kva som kan vere grunn til dette. Vi er i dialog med kommunane, men hadde ved utgangen av 2021 ikkje eit ein tydig svar. Vi jobbar difor vidare med dette. Vi meiner at dei tiltaka vi har satt i verk i 2021 bidrar til betre måloppnåing på sikt.

Kompetanse hos barnehagemyndigheten til å veilede (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Alle barnehagemyndigheter har kompetanse til å veilede barnehageeiere i nytt kapittel VIII i barnehageloven

Fleire kommunar har delteke i satsinga Inkluderande barnehage - og skolemiljø. Gjennom denne satsinga og elles i kontakt med barnehageeigarar og barnehagemyndighet har statsforvaltaren bidratt med råd og rettleiing etter behov. Psykososialt barnehagemiljø er sentralt i barnehagearbeid og eit viktig grunnlag for å sikre barnehagelova sitt formål. Gjennom tiltaka i lokal kompetanseutvikling har regionane sentrale tema som psykososialt barnehagemiljø, inkludering, livsmestring og helse. Vi viser til eiga rapportering for ordninga. Ut over arbeidet i regionane har vi nytta aktuelle kanalar ut til sektoren. Det er gitt informasjon på heimesidene, mellom anna til å informere om kompetansepakkane.

Pandemien har medvirka til at vi ikke har hatt så tett kontakt med barnehagemyndigheita som vi ønsker. Gjennom ulik kontakt med barnehagemyndigheita, vurderer vi det likevel slik at dei er opptatt av og har kompetanse på å arbeide for å fremme trygge og inkluderande miljø i barnehagane.

Kompetanse hos barnehagemyndighet til å påse at loven blir fulgt (fra kapittel 3.3.3.1.3.4 i TB)

Rapportere på

Alle barnehagemyndigheter har kompetanse til å påse at nytt kapittel VIII i barnehageloven blir fulgt

Vi vurderer det slik at alle barnehagemyndighetene har kompetanse til å sjå til at lovkrav i det nye kapittelet om psykososialt barnehagemiljø blir oppfylt.

Både barnehagemyndighetene og barnehageeigarane deltek aktivt i arbeidet med lokal kompetanseutvikling. Myndighet gjennom sitt ansvar for å sjå til at krav i lovverk blir oppfylt og for å gje rettleiing. Eigar på bakgrunn av sitt ansvar for at barnehagen har den kompetansen som trengst for å drive i samsvar med lov- og regelverk. Dette arbeidet gir, etter vår vurdering, barnehagemyndighet auka kompetanse i korleis dei skal sjå til at lovkrava blir oppfylt.

Statsforvaltaren har særleg hatt tett dialog med dei kommunane som har delteke i "Inkluderande barnehage- og skolemiljø", og vi vurderer det som viktig å legge opp til meir erfarsingsdeling frå dette arbeidet. Meir erfarsingsdeling vil bidra til at verdfull og viktig kompetanse kjem til nytte for fleire, og vil vere med å vidareutvikle kompetanse og medvit om korleis ein arbeider for å fremme og sikre eit trygt og inkluderande barnehagemiljø.

Kompetanse hos barnhageeiere og ledere (fra kapittel 3.3.3.1.3.5 i TB)

Rapportere på

Alle barnehageeiere og barnehageledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt barnehagemiljø

Vi vurderer det slik at barnehageeigarar og -leiarar har kompetanse på kva som gir eit trygt og godt barnehagemiljø.

Det er likevel behov for å auke kompetansen og å vidareutvikle den. Kompetanse om eit trygt og godt barnehagemiljø er heilt sentral i alt arbeid barnehagar og barnehageeigarar gjer for å oppfylle barnehagane sitt formål. Gjennom arbeidet i og med ordninga lokal kompetanseutvikling, blir denne kompetansen styrka. Dokumentasjonen for arbeidet kjem særleg fram i barnehagane sine årsplanar, men òg i planar og tiltak i ordninga for lokal

kompetanseutvikling. Vi viser til eiga rapportering i Udir sitt høyringssystem.

Kommunane som har delteke i satsinga "Inkluderande barnehage - og skolemiljø" har gått særleg djupt inn i dette temaet. Vi vil bidra til kompetanseutvikling for fleire barnehageeigarar og -leiarar gjennom erfaringsdeling i ulike møte og samlingar.

Fem virkedager til tilbakemelding og vurdering (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Innen fem virkedager skal statsforvalteren ta kontakt med eleven/foreldre som har meldt inn saken og gi dem en plan for videre saksbehandling. Innen samme frist skal statsforvalteren ha avgjort om saken skal avvises.

Vi tek kontakt med meldar så snart som mogleg etter at vi mottar melding knytt til skolemiljø og kap. 9 A. Vi har ei eiga prosedyre som sikrar at vi gjer dette likt og innanfor tidsfristen.

I 2021 vart denne fristen halden med eit par unntak.

Rask ferdigbehandling (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Alle saker etter § 9 A-6 har høgste prioritet.

Vi har fokus på dette og er medvitne om at desse sakene ofte er tidskritiske for den det gjeld.

Vi gjennomgår og oppdaterer våre rutinar med tanke på å sikre god og raskare saksbehandling. Vi har eit eige 9A-forum. I dette forumet deler vi erfaring og kunnskap for å betre eiga saksbehandling på området. Fleire rådgivarar har no erfaring i arbeidet med desse sakene, det vil kunne påvirke saksbehandlingstida i rett retning.

Av og til kan det ta noko lengre tid å ferdigbehandle ei sak. Det gjeld spesielt dersom saka kjem inn rett før, i feriar eller andre periodar i året når det er vanskeleg å kome i kontakt med skolen. Kompliserte, samansette saker krev og lengre tid.

Vi evaluerer eigne resultat og justerer måten å arbeide på om det er nødvendig for å få til måloppnåing. Det vert sett saman formålstenelege team, sakene får prioritet, forumet har fokus på kvalitetsutvikling i arbeidet og har møter med jamne mellomrom. Prosedyren for arbeidet er nyleg revidert.

Høy kvalitet i vedtakene (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak etter § 9 A-6 har høy kvalitet i saksbehandlingen

Vi har eiga rutine som er med på å sikre kvaliteten i arbeidet. Rutinen vert årleg revidert. Malane vi nyttar i vedtaka vert oppdatert regelmessig slik at dei har riktig rettsanvendelse og klarspråk i vedtak vi fattar etter §9A-6.

Vi jobbar kontinuerleg med å forbetre dette arbeidet på ulike plan, vi har også resultatsikringsmøter to gonger pr halvår som bidreg til å sikre måloppnåing og justere arbeidet ved behov.

Vedtak i klarspråk og tilpasset mottakeren (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak er skrevet i et klart språk og er tilpasset mottakeren

Vi har i 2021 hatt særskilt fokus på klart språk. Vi har jobba med dette i grupper; kva kjenneteiknar klart språk og korleis kan vi vere meir bevisst på dette. Vi har starta opp arbeidet med å gå gjennom malar vi nyttar med mål om eit meir klart og tilpassa språk for mottakarane. Til dømes har vi med å plassere sjølv vedtaket fremst i malen tilpassa oss mottakaren sitt behov for å finne raskt fram til det som er mest vesentleg for mottakar. Vi skriv til mottakar i ein mest mogleg tilpassa form. Det vert jobba kontinuerleg med klarspråk- arbeid.

Vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Antall vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Om vi får inn vedtak frå skuleeigar som inneheld rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil følgjer vi opp dette anten direkte med den aktuelle skuleeigaren eller vi tek det opp med skuleigarane generelt.

Erfaringa vår tilseier at dette bør takast opp jamleg sidan det skjer utskiftingar på saksbehandlarnivå i kommunen.

Vi vurderer at dette bidrar til å redusere rettsanvendelses- og/eller saksbehandlingsfeil i vedtak. I tillegg får vi gitt informasjon om lovendringar, generell rettleiing om lov og regelverk, og vise til lovtolking og rettleiarar som er utarbeidd på områda..

Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.7.2 i TB)**Rapportere på**

Antall vedtak fra barnehagemyndigheten med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Når vi finn sakhandsamingsfeil i vedtak, rettleier vi i sjølvé vedtaket vi skriv. Vi kan også ta direkte kontakt med kommunane. Vi erfarer at kommunane følger opp rettleiinga, og ved nye klagesaker frå dei gitte kommunane har vi sett ein betre praksis.

Vi vurderer det slik at denne måten å arbeide på, er med på å redusere saksbehandlingsfeil og at det bidrar til å redusere rettsanvendelsesfeil.

Vi er i gang igjen med faste møte med kommunane som barnehagemyndighet. I desse møta vil tema knytt til regelverk og saksbehandling også vere tema. Vi har erfaring med at det bidrar til å auke kompetanse og dermed færre feil i saksbehandlinga.

3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheter, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Statsforvalteren understøttar nasjonale myndigheter, fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med busetting og integrering gjennom samarbeid med desse partane. Statsforvalteren har samarbeidd med fylkeskommunen og arrangert samlingar for kommunane. Vi rettleiar kommunar ved kontakt, samt at vi gir informasjon ut. Vi meiner at dette bidrar til måloppnåing på området.

Statsforvalterens bidrag til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting (fra kapittel 3.3.3.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting.

Statsforvalteren har rettleia om regelverket i integreringsloven og forskrifter til integreringslova. Vi har hatt eit god samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, der ulike utfordringar i integreringsarbeidet har vore diskutert. Mellom anna vart det gjennomført fleire webinar saman med NAV og fylkeskommunen, der vi viste kommunane ulike arbeidsområde. Dette for å informere om korleis vi kan bistå dei, samt gje informasjon og rettleiing om regelverket.

Ved behov har vi hatt kontakt med IMDI om tolking av regelverket.

Vi meiner at dette samarbeidet bidreg til rask og treffsikker bosetting.

3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov**

Å sikre høg kompetanse er eit gjennomgåande arbeid og viktig ansvar for barnehage- og skuleeigarar.

Ordningane for lokal kompetanseutvikling bygger på kartlegging av kompetansebehov lokalt og tiltak er lagt i langsiktige planar.

Statsforvalteren følgjer med på at barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremmar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unge sine behov. I ulik kontakt med barnehage- og skuleeigarar erfarer vi at kompetansen varierer. Dette påverkar naturlegvis behovet for rettleiing og kvaliteten på det vi får tilsendt av dokumentasjon t.d. i samband med tilsyn.

I arbeidet med kompetanseutviklingsordningane erfarer vi at partnerskapet mellom sektor og UH er i god utvikling - samarbeidet er styrka.

For barnehagesektoren er det ei utfordring at fleire barnehageeigarar manglar pedagogiske leiarar og med det må søke om dispensasjonar frå

utdanningskravet. Nasjonale tal (BASIL) viser at det kun er i overkant av 40 % av tilsette som har utdanning som barnehagelærarar. Fortsatt har over 26 % av tilsette i barnehagesektoren anna bakgrunn/ikkje formalkompetanse. For å ha kompetanse som fremmar utvikling, leik, omsorg, læring og danning tilpassa barn og unge sine behov, er det avgjerande å auke utdanningsgraden i barnehagesektoren. Det er behov for fleire tilsette med utdanning på bachelor- og mastergradsnivå. Dette gjeld også for barnehagane i Møre og Romsdal som har litt lågare del barnehagelærarar enn landssnittet. Del tilsette utan formalkompetanse, er litt høgre enn landssnittet.

Alt i alt vurderer vi det slik at barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unge sine behov, men at det er ein variasjon på slik kompetanse. Vi er bevisste på det og har det med i vår kontakt og i våre risikovurderingar.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle barnehage- og skoleeiere som deltar i ordningene sikrer at kompetansebehov er vurdert gjennom lokale prosesser som involverer ansatte i virksomhetene.

Arbeidet med lokal kompetanseutvikling i fylket er bygd opp rundt felles lokale satsingar og alle barnehage- og skuleeigarar er inviterte til å delta. Nokre eigarar har valt å ikkje delta i desse felles satsingane, men prioritærer anna kompetansearbeid. Det er ulike strukturar for korleis den einskilde eigar og kommune har vurdert kompetansebehov. Nokre døme er ståstadsanalysen, SWOT-analyser, felles prosessar for å identifisere ønsker og behov og bruk av ulike kartleggingsverktøy. Forankring er svært avgjerande for i kva grad barnehagar og skular vil lukkast med kvalitetsarbeidet sitt. I rapporteringane fra partnarskapa registrerer vi at strukturane begynner å finne sin form og representasjonen er sikra i samsvar med retningslinene for ordninga.

I arbeidet framover vil vi arbeide med å sikre felles forståing for status og vurdere kva for endringar som kan være kloke å gjere for å sikre reell forankring og medverknad.

Prosessuelt arbeid med kompetanseheving er viktig og krev både tid og stor innsats. Vi er imponerte over innsatsen til leiarar og tilsette, særleg sett i lys av at dei også har handtert utfordringar i ein pandemi.

Tiltak møter lokale behov og er forankret i langsiktige kompetanseutvoplaner (fra kapittel 3.4.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sørger for at tiltak er forankret i lokale behov og at prioriteringer er forankret i en langsiktig felles plan.

Samlede samarbeidsforum har utarbeidd plan for arbeidet framover. Planane er forankra og vedtekne i det einskilde samarbeidsforum. Det er ikkje ein felles plan for Møre og Romsdal, men fleire. I dialog med samarbeidsfora vil vi vurdere om fylket burde hatt ein felles plan. Den desentrale strukturen vi no har, er eit godt utgangspunkt for å sikre at planane er forankra i lokale behov. Mindre eininger fører til at lina frå samarbeidsforum til barn og unge er kortare. Samstundes vil vi vurdere på kva måte dette arbeidet kan styrkast ytterlegare.

Partnarskapa har rapportert i Udir si høyringsløysing og det er mange gode - og lokalt forankra tiltak som er sett i gang. Det ligg til rette for medverknad og involvering i strukturane, men vi ser at forankringa må sikrast endå betre. Her vil både statsforvaltar, kommunar og eigarar ha eit særskilt ansvar. Som statsforvaltar opplever vi fleire dilemma i ordninga, og vi diskuterer og vurderer kontinuerleg vår rolle.

Vi har fått tilbakemeldingar med ønske om at vi tar ei meir aktiv og synleg rolle, noko vi tar med i vårt vidare arbeid.

Kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap med UH (fra kapittel 3.4.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sikrer at barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap mellom barnehage-, skoleeiere og UH

Alle samarbeidsfora har sikra at tiltaka blir gjennomført i partnarskap mellom barnehage- og skuleeigarar og UH. Statsforvaltaren har hatt dialogmøte med leiarar for dei fem samarbeidsfora, KS, Statped, og UH (NTNU, Dronning Mauds Minne og Høgskulen i Volda). Vi erfarer at partnarskapa er godt i gang og at relasjonane er styrka.

I den årlege fylkessamlinga i regi av statsforvaltaren gav UH og Statped sine innspel og tankar om prosessane så langt og korleis dei tenkjer seg det vidare arbeidet. Det blir gitt gode tilbakemeldingar på korleis partnarskapet har utvikla seg. Partnarskapet mellom region Nordmøre og NTNU har vore eit godt etablert samarbeid gjennom mange år. DMMH har kome inn noko seinare. Høgskulen i Volda har vore ein sentral aktør og samarbeidspart for kommunane i fylket i alle år. Dei har hatt ei svært sentral partnarskapsrolle i pilotane i Vanylven og Hareid kommunar i Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Partnarskapet i den nye ordninga med lokal kompetanseutvikling blei først prioritert i dei to regionane på Sunnmøre, men i 2021 er dei også aktivt med i region Romsdal og i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Tilbakemeldingane både etter fylkessamlinga og i rapporteringane til Udir viser at partnarskapet er svært styrka, noko som blir opplevd positivt for alle deltakarane i partnarskapa.

I årsrapporten for 2020 blei vi oppfordra til å utbetale tilskot direkte til UH. Den oppfordringa har vi fulgt opp og i 2021 blei tilskot til UH utbetaalt direkte til den einskilde UH. Det var ikkje lagt noko føring for korleis midlane skulle fordelast. Det blei vurdert ut i frå korleis tiltaka var planlagt i innstillingane til Statsforvaltaren. Det har imidlertid vore viktig at UH har hatt relativt forutsigbare rammer å forhalde seg til.

Kompetanseløftet for spes.ped. og inkluderende praksis (fra kapittel 3.4.1.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Kompetansetiltakene omfatter den brede målgruppen i laget rundt eleven, inkludert PPT

Alle samarbeidsfora arbeider med å kartlegge behov og finne felles forståing for kjernekomponentane i ordninga. Statped deltar i dette arbeidet. Det er òg eit tema korleis "Laget rundt barnet" med barnevernsreforma, Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og dei øvrige satsingane skal sjåast i samanheng, komplementerast og implementerast.

Det er stort behov for informasjon og medverknad i alle organisasjoner. Prosessane er kome noko ulikt i den einskilde region. Vi syner til eiga rapportering til Udir.

PPT signaliserer ønske om meir infomasjon og medverknad og dei etterspør at leiarnivået i den einskilde kommune òg har god kunnskap om ordninga.

Høgskulen i Volda og arbeidet med piloten i Hareid kommune er svært viktig. Dei har vore mykje nytta som innleiarar på fleire konferansar og møte. Erfaringane frå pilotane, både i Hareid og Vanylven, tar vi med oss i det vidare arbeidet.

Vi planlegg ei evaluering av arbeidet og organiseringa av ordningane i 2022.

Statped (fra kapittel 3.4.1.1.1.5 i TB)

Rapportere på

Statped er involvert ved behov

Statped er representert i alle samarbeidsfora og deltar i fleire av tiltaka i regionane.

Dei deltek i dialogmøte med leirarar, KS, UH og Statsforvaltar og gjev gode og konstruktive innspel til vidare arbeid. Dei bidrar med sin kompetanse i høve kartlegging og er på tilbydarsida til dei som melder behov.

Dei stiller òg opp i ulike fora mellom anna med PPT. Som det kjem fram i OsloMet si evaluering av desentralisert ordning er ikke samarbeidsfora det "navet" i ordningane som det nok var tenkt. Statped signaliserer at det er viktig å vere på arenaene der dei faglege drøftingane foregår. Det inneber at dei ulike fagnettverka gjerne er viktigare arenaer for Statped enn samarbeidsfora. Det fører til svært mange møte og møte på mange arenaer, men vi opplever at Statped er svært positiv, stiller opp og bidrar ved behov, så langt dei har kapasitet.

Prosessane tar tid og kompetanse skal byggast opp. Vi erfarer at det er ei viss bekymring knytt til at endringane i Statped skjer raskare enn apparatet i den einskilde kommune er i stand til å ta over.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Det er ingen kommunar og skular i Møre og Romsdal fylke som er med i oppfølgingsordninga i 2021

Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

Det er ingen kommunar og skular i Møre og Romsdal fylke som er med i oppfølgingsordninga i 2021

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

I 2021 har vi har bidratt i DSB sin evaluering - Trinn 2, knytt til Covid-19 handteringa i fylket.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

Vi har oppnådd krav til måltall på landsomfattende undersøking, LOU. I tillegg har vi delt informasjon fra undersøkinga i ulike fora, både med kommunaleiing og i NAV. Kontora vi har gjennomført undersøking i, har og blitt følgt opp i etterkant.

Ut over dette har vi ikke hatt ressursar til anna planlagt tilsynsaktivitet og har difor ikke heilt nådd helsetilsynet sitt målkrav.

3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Ingen avvik

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsavdelinga har sett seg nødt til å omprioritere ressursar internt grunna pandemihandtering og restanseprosjektet frå SFOV. Det har medført at vi har nedpriorert omfanget av opplæring i lovverk og andre utviklingsoppgåver, og difor ikke klart å løyse alle oppgåvene som følgjer av styringsdokumenta. Vi har soleis ikke oppnådd målkrav på planlagte tilsyn.

Ikke vesentlege avvik utover dette.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Koronapandemien og krisehandtering gjennom 2021 har påverka vår aktivitet innafor tilsyn, og framdrifta i arbeidet med FylkesROS. Dette har likevel ikke medført avvik etter oppdraga i TB og VØI.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for:

- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å styrke ledelsesforankringen av kvalifiseringsprogrammet
- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å øke kompetansen på kvalifiseringsprogrammet i NAV-kontorene, herunder hvordan det sikres kompetanse om at kvalifiseringsprogrammet er en lovbestemt rettighet for de brukerne som fyller vilkårene
- Hvordan statsforvalteren har fulgt opp NAV-kontor med særskilte utfordringer i gjennomføringen av kvalifiseringsprogrammet
- Hva er de største utfordringene i kommunenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet?

KVP tema er ofte på NAV leiarmøta og i var tema i vårt møte med kommunedirektørar og NAV leiarar. Det er også med i vårt forventningsbrev til kommunane. Vi samhandlar med NAV Møre og Romsdal som før jf. årleg samarbeidsavtale.

Vi har kjøpt fri to rettleiarar frå NAV kontor (begge i 20% stilling) slik at vi får auka kompetansen på KVP i NAV kontora. Vi (saman med NAV Møre og Romsdal) samarbeider med dei om å drifte KVP nettverket for Møre og Romsdal (TEAMS). I 2021 hadde vi 6 slike nettverksmøter a 1,5 t. Vårt

hovudfokus i 2021 var (og er fortsatt) opplæring som innhold i Kvalifiseringsprogram (KVP) samt flyktingar som målgruppe, fordi denne gruppa skåre høgt på statistikk for lavinntekt. På NAVleidarmøte i november delte eit NAV kontor og flyktingtenesta korleis dei samhandlar om KVP. Vi repeterte at KVP er ein rett og ga anna relevant KVP informasjon. Vi har også eiga KVP gruppe med NAV rettleiarar på TEAMS som vi brukar til å dele nytt & nytig, stille spørsmål/svare på dei og dele problemstillingar og gode erfaringar osb. Vi har og godt samarbeid med Vestfold og Telemark, der vi drøftar problemstillingar og deler gode erfaringar. Vi har gjennom fleire år utvikla eit Tipshefte for KVP, om innhold i program, dette er under stadig revidering og no har vi etter ønske delt dette med direktoratet. Vi har også etablert samarbeid med dei nye opplæringskoordinatorane i NAV, dei er med i KVP nettverket og er tilgjengelege for spørsmål og deler nytt/relevant. I tillegg har vi aukande samarbeid med fylkeskommunens utdanningsavdeling. Vi hadde som mål å ha KVP fagdag, denne blei utsett til 23.03.22. KVP inngjekk i opplæring i sosialtenestelova vi hadde for nye tilsette i NAV. Fordi denne opplæringa var på TEAMS kunne også erfarene veiledarar melde seg på. Vi gir råd og rettleiing om korleis KVP-reglane er å forstå, både i nettverket, på TEAMsgruppa, på e-post og pr. telefon, slik vi har gjort det i alle år. Vi opplever at det er lav terskel for at NAV kontora tek kontakt, slik klarer vi og å følge med på kompetansenvået.

Våre frikjøpte kompetanseveiledarar har hatt separat dialog med alle NAV kontor, både om utfordringar og kva dei får til. Dette gir oss informasjon om kva som trengs. Vi har ikke tatt initiativ til eigen opplæring for enkeltkontor, men vi følgjer med på KVP statistikken og følger opp alle NAV kontor som tek kontakt med oss.

Vårt inntrykk er fortsatt at NAV leiarars fokus og kunnskap om KVP har innverknad, på korleis ein lykkes med KVP; organisering, internt samarbeid og nok tid. NAV leirane har etter ønske fra oss plukka ut rettleiarar med særskilt fokus på KVP, desse er med i nettverket i tillegg til andre. Vårt inntrykk er at kommunen utanfor NAV ikkje har så stor merksemd på KVP. Arbeids- og velferdsetaten har derimot konkrete forventningar om utføring av statlege oppgåver. NAV leiar er under stort press og vi trur det er utfordrande å prioritere KVP høgt. Kommunen har tradisjon på å gje ansvar til sine einingsleiarar gjennom budsjett og delegasjon, NAV stat er tettare på. Dette handlar om to styringslinjer som har ulik tilnærming til styring.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal beskrive utøvelsen av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket; herunder hva slags aktivitet det stilles vilkår om, og hvorvidt statsforvalteren generelt oppfatter aktivitetene som hensiktsmessige for å øke overgang til arbeid og utdanning.

For å svare ut rapporteringskravet har vi sendt ut ein quest-back til NAV-leilarar ved kontora i fylket. Det er 21 kontor og av desse er det 10 kontor som har svart. Dei fleste av kontora som svarte viser til at dei nyter NAV sine eigne verkemiddel som til dømes å vere registrert som arbeidssøkar, bli med på kartlegging, delta på kurs med tiltak som kan føre til nærmere arbeid. Økonomisk rettleiing vert det og vist til. Tre av kommunane viser til at dei har eigne tiltak dei kan nytte anten i kommunene eller i samarbeid med ei privat bedrift. Ein kommune seier dette ikkje har vore aktuelt for dei.

Slik svara er utforma, og med tanke på eit lågt tal på arbeidsledig i vårt fylke, har lovendring hatt stor innverknad på korleis NAV-kontora har jobba for å få fleire under 30 år ut i arbeid.

Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal beskrive hvilke kompetansehevende tiltak de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret, og redegjøre for hvordan statsforvalteren har tilrettelagt for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV.

På NAV leidarmøte har vi informert om barnevernsreforma som kjem i 2022. Den vil kreve ei auka samhandling mellom NAV og andre kommunale aktørar. Tverrfaglig samarbeid i dei kommunale tenestene generelt og fokus på barn og unge spesielt er eit gjennomgåande tema i i våre møter med NAV både når det gjeld KVP, tildeling av tilskot til utvikling av sosiale tenester i NAV, og i lovopplæringa. Vi har ikkje hatt kapasitet til å tilrettelegge spesielt for erfaringsutveksling om oppfølging av utsett ungdom i 2021, men vil i 2022 ha dette som eige tema på NAV-leidarmøte i februar. Vi har etablert eit samarbeid med NAV Møre og Romsdal om barn og unge i eiga arbeidsgruppe, som planlegg ulike felles kompetansetiltak framover.

Barn og unges særskilte behov under pandemien (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for sin oppfatning av i hvilken grad og hvordan NAV-kontorene systematisk har tilrettelagt for å ivareta barn og unges særskilte behov under pandemien.

For å svare ut rapporteringskravet har vi sendt ut ein quest-back til NAV-leilarar ved kontora i fylket. Det er 21 kontor og av desse er det 10 kontor som har svart. Halvparten av dei som svarer viser til at dei har hatt ekstra fokus på barns behov i si konkrete og individuelle vurdering. Vidare viser nokre kontor til at dei har hatt dedikert rettleiar til å følge opp barnefamiliarar. Det vert også vist til fagutvikling ved eit par kontor, og at samarbeid med kommunen si øvrige teneste er styrka.

Statsforvaltaren opplever at barn og unge er eit område som NAV-kontora er opptekne av, og at det er stor merksemd rundt deira situasjon når NAV tilbyr sine tenester.

Økonomisk rådgivning under pandemien (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for sitt arbeid med økonomisk rådgivning under pandemien.

Vi har gitt tilbod om basiskurs i økonomisk gjeldsrettleiing og lagt til rette for grunn og vidaregåande kurs i regi av statsforvaltaren i Vestland og Oslo/Viken og Trøndelag. I tillegg er økonomisk rettleiing tatt med som eige tema på Ny i NAV våren

2021. Statsforvaltaren har knytt til seg tre gjeldsrettleiarar i NAV-kontor ved frikjøp. Dei skal bistå Statsforvaltaren med rettleiing og kompetanseheving i dei andre kontora i fylke. Dette opplever vi som ei god ordning, og den er no styrka inn i 2022.

I samarbeid med NAV Ålesund, ressurspersonar hos statsforvaltaren i Vestland og Oslo/Viken og Arbeids og velferdsdirektoratet vart det arrangert ein nasjonal digital fagdag om gjeldsrettleiing

Vilkår for norskopplæring (fra kapittel 7.3.1.7 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal følge med på og beskrive innføring av norskopplæringsplikt for mottakere av økonomisk stønad og kommunenes erfaringer med den nye lovbestemmelsen.

For å svare ut rapporteringskravet har vi sendt ut ein qust-back til NAV-leiarar ved kontora i fylket. Det er 21 kontor og av desse er det 10 kontor som har svart. Dei uttrykker alle at dei har litra eller inga erfaring med å nytte det nye vilkåret i lova. Ein kommune svarar at dei har god erfaring når det gjeld å nytte vilkår i arbeid med flyktningar, men opplev ei større utfordring når det gjelde permitterte og ledige arbeidsinnvandrarar.

Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.8 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for sin oppfatning av hvordan digitalisering/DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

Alle kommunar i fylket har innført digital søknad om økonomisk sosialhjelp. I LOU spesielt, men også i andre møter med NAV-kontora, opplever vi at NAV i stor grad er nøgd innføring av Digisos, og at det er svært få av dei brukarar som leverer søknad på annan måte. I dialog med samarbeidande tenester i samband med LOU får vi eit litt anna bilet. Mange samarbeidsinstansar formidlar at dei i stor grad må bistå sin brukarar med å få sendt digital søknad. Slik Statsforvaltaren ser det er det spesielt dei sårbare gruppene innan rus/psykisk helse, innvandrarar/flyktningar med dårleg språkkunnskap og uten Bank ID som slit, i tillegg til dei som ikkje har noko særlig digital kompetanse i alle aldrar. Desse funna er også meldt inn til Helsetilsynet i den landsomfattande undersøkinga om tilgjengelege sosiale tenester i NAV.

Vi ser i vårt fylke, som i så mange andre, at tal på klager til Statsforvaltaren på sosiale tenester i NAV har gått drastisk ned dei siste tre åra. I same periode er det lagt til rette for ei auka digital samhandling mellom NAV og innbyggjarane som vender seg til NAV. Det er nok mange årsaker til ein slik nedgang i klager på sosial tenester i NAV men innføring av Digisos kan, slik vi ser det, vere ein medverkande årsak.

Vi vil også peike på at Digisos er eit verktøy rigga for søknad om økonomiske sosialhjelpe. Det er ikkje lagt til rette for å søke på andre individuelle sosiale tenestene i NAV på denne digitale plattformen. Heller ikkje er det lagt til rette for å kunne klage på eit vedtak i Digisos. Dette er eit ankepunkt med systemet slik det er rigga i dag som kan vere med på å svekke rettstryggeliken til denne gruppa.

Sjølv om digitalisering gjer tilgjengeleghet lettare på mange områder er det viktig at brukarar, spesielt dei sårbare gruppene, kan få møte opp på NAV-kontoret, med eller utan avtale, og få lagt fram si sak i eit personleg møte med ein rettleiar.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.9 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status på gevinstrealisersplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns og Arbeids- og sosialdepartementers områder i årsrapport for 2021.

Vi er særstolte og glade for måloppnåing på området tvang og makt og andel overprøvingar innan fristen. Det har vore arbeidd systematisk med dette området over fleire år og i 2021 nådde vi målkravet.

Utover dette har vi måloppnåing på klagesaker både på sosial- helse- og omsorgsområdet.

- 100% av klagesakene på sosialområdet er handsama innan fristen.

- 92 % av klagesakene på helse- og omsorgsområdet er handsama innan fristen.

Det same gjeld for tilsynssaker- 51% av helse og omsorgssakene er handsama innan ei mediantid på 6 mnd. (kravet er 50%) og på sosialsakene er årsresultatet vårt 50%.

Vi har ikkje nådd poengkrava sett for tilsyn, unntake for spesialisthelsetenesta. Der har vi fleire store og omfattande saker vi har har rekna tilsynspoeng for.

For helse- og omsorg hadde vi planlagt fleire tilsyn hausten 2021. Då restanseprosjektet kom i tillegg til fortsatt pågående pandemi, såg vi oss nøydd til å omfordele ressursar internt for å løse det oppdraget.

I tillegg var det fortsatt ein god del arbeid med pandemien som fall på personell frå vår avdeling. Vi klarte difor ikkje heilt måloppnåing på det området.

Under eitt meiner vi å ha handtert oppdraga frå Helsetilsynet godt og på den beste måten vi har klart.

Dette sett opp mot at vi og har arbeidd med restanseprosjektet, Ny felles policy med endring i tilsynsmetodikk og implementering av den og ei fortsatt pågående nasjonal krisje.

Dialogen med sentrale myndigheter på helse- og omsorgstjenesteområdene har og i 2021 i stor grad handla om pandemi. Gjennom dei etablerte møteplassane på digitale plattformar har alle embete hatt tett dialog med Statens Helsetilsyn og vi har fått delt erfaringar og praksis i større grad enn tidlegare. Utviklingsprosjekta iverksett av Statens helsetilsyn for å motverke uønska variasjon i sakshandsaming, "Tilsynssaksprosjektet" og "Overordnet faglig styring" har vore viktige tema både internt og i alle embeta sin dialog med Statens Helsetilsynet.

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven og gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbaketrukket i fylket.

Det er etablert tre krisesenter i Møre og Romsdal lokalisert til Kristiansund, Molde og Ålesund. Tilgang på tenestetilbodet blir vurdert som god.

SF har utarbeidd eige digitalt skjema til bruk for eigenverderings-tilsyn knytt til kommunane sitt ansvar i oppfølging i reetableringsfasen etter opphold ved krisesentra. Spørsmåla er forankra i krisesenterlova med spesielt fokus borna sitt hjelpebehov og samordning av tenester. Det vart starta tre tilsyn knytt til kommunane Aure, Smøla og Averøy i 2021. Med grunnlag i svara har kommunane utfordringar knytt til arbeidet med oppdatering handlingsplanar mot vald i nære relasjonar og bevisstgjæring kring gode samarbeidsrutinar.

SF har formidla erfaringar med tilsynet i nasjonalt møte med Bufdir og det er fleire embete som har tatt i bruk vår tilsynsmetode.

I samarbeid med RVTS Midt har SF stimulert til oppstart av arbeidet med kommunale handlingsplanar mellom anna med tildeling av skjønnsmidlar. Ved Nordmøre krisesenter og tilhørande kommunar er det ikkje tilfredsstillande framdrift i arbeidet. Dette vil bli følgjt opp vidare.

SF har over fleire år hatt fokus på krisesentertilbodet, innhald og kvalitet. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har besøkt alle krisesentra og vi har mellom anna brukt erfaringar frå tilsyna våre på området som tema for dialog og rettleiing i møta og med kommuneliinga for vertskommunane. Vi planlegg ein ny runde saman med statsforvaltaren.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	26
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2019	2
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2019	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020	2
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2021	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2021	3

Digitalt eigenmeldingstilsyn- eige spørreskjema utarbeidd og forankra i krisesenterlova med vekt på reetableringsfasen etter opphold ved krisesenter. Stort fokus på bara sitt behov.

Statsforvalteren skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall behandlete søknader, og fattede vedtak inndelt i innvilgelses, avslag og avisninger (avslag og avisninger skal differensieres i rapporten) knyttet til hver sakstype, etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten. Når det gjelder ekteskapsloven § 18a andre ledd, bes statsforvalteren differensiere rapporteringen for saker ut ifra sakstype, dvs. etter om sakene gjelder bokstav a), b) eller c).

Statsforvalteren skal rapportere på andelen separasjons- og skilsmisssøknader som er mottatt digitalt.

Talet på saker vi har til handsaming etter ekteskapslova er noko lunde stabilt, men med ein svak nedgang for 2021. Talet på søknader som vert sendt inn elektronisk aukar framleis. Sjølv om ein ikkje har nøyaktige tal, anslår ein at talet på elektroniske søknader er nærmare 90 % .

Totalt er det i 2021 gitt 452 separasjonsløye og 356 skilsmisselføye. Åtte søknader er avslått grunna at kravet til separat bustad i separasjonstida ikkje har vore til stades.

I 2021 har ein handsama 39 saker etter anerkjennelseslova. Vi har avvist 2 saker. Nokre saker er svært tidkrevjande då dei kjem frå land der offentlege dokument har lav truverd.

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har i 2021 behandlet 1 sak som gjelder stadfestelse av avtale om samvær etter barnelova § 55. Vi har ikkje fatta stadfesta avtale etter barnelova § 44 i 2021.

Ekteskapssaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgeler	Avslag	Avisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	452	447	0	5	80 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	342	332	8	2	90 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	24	16	0	8	60 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0	0	0	0	0 %
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	5	5	0	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenninng av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å opp løse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilmisses eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	39	37	0	2	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenninng av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Tal for søknadar som er motteke digitalt har ein ikkje sikre tal for og er difor berre anslag.

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familielettens område. Dette kan for eksempel være hvilke typer saker som dominerer, utviklingstrekk og utfordringer. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter statsforvalteren.

Oppgaver utover tilsyn når det gjelder familievern er stort sett veiledning pr. telefon til publikum som henvender seg om spørsmål for eksempel om barnelov, mekling og reisekostnader ved samvær. Noe veiledning pr. telefon også til ansatte ved familievernkontorene

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Det er ikke ført tilsyn med familievernkontora i 2021. Det vert gjennomført kvart tredje år.

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Bufdir vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapporter og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i statsforvalterens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

Akuttberedskap: 25 av 26 kommunar i fylket er med i ein av dei to interkommunale barnevernvaktene i fylket. Dette er no godt innarbeidde ordningar med tett samarbeid med politi og andre tenester, og fungerer forsvarleg slik Statsforvaltaren vurderer det. Det same gjeld for kommunen som har eigen akuttberedskap.

Turnover: Dei fleste tenestene har høg turnover. Dette fører til at mykje kapasitet går med til rekruttering og opplæring av nytilsette. Statsforvaltaren gjennomførte 3-dagarskurs for nytilsette i barneverntenestene i 2021, og planlegg nytt kurs i 2022. Sentrale tema er rolleforståing, grunnleggende barnevernfagleg arbeid og barnevernsjuss. Mange kommunar har også eigne opplæringsprogram, og alle kommunane har vore med i prosjekt om temaet i læringsnettverk. Desse tiltaka har så langt ikkje snudd trenden.

Nedgang i talet på saker: Talet på barn med tiltak i fylket viser ein svak nedgang dei siste åra, og talet på barn med omsorgstiltak går mest ned.

I rapporteringar knytt til barn og unge i pandemien oppgir fleire kommunar auke i meldingar om valdsproblematikk. Samtidig oppgir fylkesnemnda sterkt nedgang i talet på saker, der Møre og Romsdal i 2020/21 hadde størst nedgang i sakstal. Statsforvaltaren meiner på grunnlag av dette at det kan vere ein risiko for at ikkje alle barn som treng det, får nødvendig hjelpe til rett tid. Vi har drøfta situasjonen i fellesmøte med kommunane, Bufetat og fylkesnemnda, utan å finne konkrete årsaker og samanhenger. Arbeidet vil bli følgt opp 2022.

Interkommunalt barnevern: Tre av ti saman seks interkommunale tenester har fatta vedtak om endringer i 2021. To av desse går inn i nye og mindre samarbeid. Grunngjevinga er knytt til både økonomi og til ønskje om meir likeverdig storrelse i det interkommunale samarbeidet. Vi har ikkje grunnlag for bekymring for desse, men ser at endringane krev mykje ressursar. Den tredje endringa gjeld to små kommunar som oppgir at samarbeidet ikkje har gitt venta positiv fagleg og administrativ effekt. Desse kommunane går ikkje inn i nye samarbeid no. Kommunane har gjort greie for korleis dei vil yte forsvarlege barnevertenester med få tilsette og til dels vakansar i stillingane. Statsforvaltaren vil følge opp desse kommunane også i 2022.

Barnevernreforma: Dei fleste kommunane arbeidde godt med å førebu reforma i 2021. Klarlegging av administrativt og fagleg ansvar og særleg dei økonomiske konsekvensar av reforma, førte til auka engasjement ut over året frå alle nivå i kommunane. Dei er, i tillegg til økonomi, opptekne av å legge til rette for auka tverrfagleg og tidleg innsats. 9 kommunar organiserer arbeidet etter TBI-modellen i 2021, og frå 2022 vil fleire kommunar nytte denne modellen.

Statsforvaltaren ser fleire utfordringar i reformarbeidet i fylket: - Organisering av det tverrfaglege samarbeidet i interkommunale barneverntenester krev at vertskommunen og samarbeids- kommunane finn gode løysingar for dette.

- For å lykkast med fosterheimssatsinga, som er ein viktig del av reforma, må dei samla oppgåvene på fosterheimsrådet bli utført forsvarleg og i tråd med lovkrava. Det er arbeidd godt med overføring av kompetanse frå Bufetat til kommunane og det er etablert interkommunale modellar for rettleiing til fosterforeldre. Rapporteringar viser samtidig at fleire kommunar framleis ikkje følger krava i lova om tilsyn og oppfølging av barn i fosterheimar.

- Læringsnettverka bidrar til kompetanse- og tiltaksutvikling i tråd med målsettinga i reforma, med fleire konkrete prosjekt. Utfordringar med høg turnover, pandemi samt driftsoppgåver som må løysast dagleg, gir prioritieringsutfordringar, noko som gir grunn til ei viss uro for at utviklingsoppgåvene ikkje blir høgt nok prioritert.

Tilsyns- og klagesaker viser manglar når det gjeld kompetanse i vurdering, analyse og dokumentasjon. Det samme viser funna i LOT 2020-21 om undersøkingsarbeidet i barnevernet. Gjennomgåande funn her er knytt til mangelfulle vurderingar, manglar i dokumentasjonen og at barnets bestevurderingar manglar. Kurs, opplæring og rettleiing på området har ført til auka forståing og noko betring, men det er behov for å fortsette opplæringa i forvaltningskompetanse.

Rapportering på tiltak i gevinstrealiséringsplanen (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)

Rapportere på**Rapporteringskrav på tiltak i gevinstrealiseringssplanen****Søknadsbehandling separasjon og skilsmissesaker**

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslåtte statsforvalterne. Statsforvalterne skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

Tilsyn etter barnevernloven med forskrifter

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status på arbeidet i årsrapporten for 2021.

Tilsyn på Barnevern

Vi har i 2021 behandla 15 "hendelsesbaserte" tilsynssaker, median saksbehandlingstid var 5,4 månader. Vi startar tilsyn i saker etter ei vurdering av om det er grunn til å tru at tilsyn vil vise lovbro, om saka er aktuell og saka si betydning for den saka gjeld.

Vi gjennomførte 3 systemrevisjonar (LOT), 1 færre enn volumkravet, basert på ei risikovurdering og prioritering av oppgåver under pandemien. Lovbro i både tilsynssakene og LOT handlar ofte om manglende barnevernfaglege analyser og vurderinger, dokumentasjon og vurderinger av barnets beste. For å bidra til at tilsyna skal ha best mogleg læringseffekt, har vi gitt rettleiing til kommunane etter tilsyna. Tilbakemeldinga frå kommunane er at rettleiinga har gitt betre forståing av kva tenesta må gjøre for å oppfylle krava i lova. I tillegg har kommunar som har hatt systemrevisjon lagt fram korleis dei har arbeidd med å rette lovbrota i møte med alle barnevernleiarane i fylket.

Vi viser også til årsrapport om tilsyn på barnevernsinstitusjonane og til rapportering til Statens helsetilsyn/NESTOR.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2021	Antall gjennomførte tilsyn i 2020	Antall gjennomførte tilsyn i 2019
3	0	3	0

Vi gjennomfører tilsyn minimum hvert 3. år.

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.2.9.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere antall saker i hver kategori og utfallet av dem.

Statsforvaltaren har i 2021 handsama 98 saker om løyve til spreieing av oske. Dette er ei auke frå tidlegare år. Løyve vert stort sett gjeve på høgfjellet eller på ope hav, med lokale tilpassinger. Det er og mykje bruk av nedsøkbar oppløyseleg urne inne i fjordane i fylke. Berre 3 av søknadane er avslått.

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.2.10.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere antall saker i hver kategori og utfallet av dem.

Statsforvalteren har i 2021 endra to av dei lokale forskriftene for typisk turiststad i fylket. Dette gjeld for samanslåtte Fjord kommune (Norddal og Stordal), og Gjøra i Sunndal hår fått endra sin status til typisk turiststad for heile året. Videre er det gitt en dispensasjon til å halde søndagsope i samband med ei kulturhelg i Hornindal i Volda kommune sommaren 2021.

Rapportering på Leve hele livet (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket kan vise til politisk vedtatte planer for hvordan innsatsområdene og løsningene i kvalitetsreformen Leve hele livet skal gjennomføres lokalt.

Kommunene i Møre og Romsdal har jobba godt med Leve heile livet, trass pandemi. Dei ulike planane som Statsforvaltaren har til høyring, viser at kommunane har satt Leve heile livet på kartet.

Det er 23 av 26 (88,5%) kommunar som kan vise til politisk vedtatte planer for korleis innsatsområda og løysingane i kvalitetsreforma Leve heile livet skal gjennomførast lokalt. Dei 3(11,5%) andre kommunane har utarbeidd ein plan for dette arbeidet, men fekk det ikkje politisk vedtatt i 2021. Planane skal vedtas i januar/februar 2022. Desse kommunane har mellom anna hatt utfordringar med skifte i leiing og pandemi.

Kommunane har hatt stort fokus på kompetansebygging og kartlegging av status. Nokon av kommunane har gjennomført innbyggarundersøking.

Alle 26 kommunane har deltatt i nettverk som det regionale støtteapparatet har definert som relevante for kommunane sin gjennomføring av reforma. Det er mellom anna nettverk i kontinuerleg forbetring og nettverk for kommunalsjefar helse, omsorg og velferd.

Kommunane seier sjøl at dei er både i planleggings- og gjennomføringsfasen, derfor er det vanskeleg å gi eit heilt eksakt tal på i kva fase dei er i. Statsforvaltaren vurderer at det er framleis 3 kommunar som vi vurderer er i fase 2 (planfasen) av reforma og 23 kommunar som er i gjennomføringsfasa.

Dei fleste av kommunane har prioritert Aktivitet og fellesskap og helsehjelp. Alle kommunane søkte om midlar til sårbare eldre for å førebygge einsemd. 6 av kommunane søkte midlar til Eldre ut på middag.

Alle områda i Leve heile livet er arbeidd med, og det er ein samheng mellom alle områda. Løysningane dei har valt er mellom anna:

Helsehjelp: Opplæring av instruktørar i proACT- tidleg oppdaging av forverra tilstand, kvardagsrehabilitering

Aktivitet og fellesskap - aktivitetskoordinator/aktivitør, aktivitetshus med eigen koordinator, sterkt og stødig, møteplassar , kjøpt inn og tatt i bruk motivview og magiske bord (tovertafel), opplæring i bruk av sosiale media og digital servicevert, duosyklar på institusjonar, Livsgledeheim, musikkterapi og sang for heimebuande personar med demens .

Mat og måltid: omlegging av måltid, systematisk ernæringskartlegging, eldre ut på middag i samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.

Aldersvennlig samfunn: boligbygging - 300 meters byen/5 minuttus byen, smart city , sentrumsnære bustader. Det er 10 kommunar (38,5%) i Møre og Romsdal som er med i det nasjonale netteverket for Aldersvennlig Norge- og det er: Ålesund, Sula, Tingvoll, Molde, Kristiansund, Hustadvika, Aukra, Hareid, Ørsta, Ulstein.

Samanheng i tenestene: Heilheitleg pasientforløp, palliativ plan

.Nokon døme frå Møre og Romsdal:

<https://www.rauma.kommune.no/tjenester/helse-og-omsorg/friskliv-og-mestring/moteplassen> Molde kommune , Rapport Leve heile livet
https://www.molde.kommune.no/_fp2/if545d20e-0609-41aa-801f-cb5a728d0bd0/leve-heile-livet-oppfolging-av-reformen-i-molde-kommune.pdf Ulstein kommune- 300 meters byen- <https://www.ulstein.kommune.no/fokusnyhet/andre-kommunar-heng-etter-det-er-det-ikke-tvil-om.121748.aspx> Ålesund kommune- Smart by <https://alesund.kommune.no/samfunnsutvikling/smartbyen-alesund/framtidslaben-norge-united-future-lab-norway/alesund-far-nord-europas-forste-fn-smartbylab.6349.aspx> Økt observasjonskompetanse - <https://www.utviklingssenter.no/prosjekter/kompetanseutvikling/okt-observasjonskompetanse-i-kommunehelsestjenesten-i-more-og-romsdal> Sula kommune- Palliativ plan - <https://helse-mr.no/fag-og-forsking/samhandling/palliativ-plan> og Film med fokus på pallasjon og demens - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)

Rapportering på Demensplan 2025 (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2025, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig.

Kommunane er kjent med demografiutviklinga og framskriving av auka behov for helse- og omsorgstenester, mellom anna gjennom arbeidet med Leve heile livet reforma.

Vårt inntrykk er at kommunane arbeider godt på område, men at dei likevel har noko å gå på knytt til planlegging av både kapasitet og kompetanse for å imøtekomme ei auke av personar som vil ha ei demensdiagnose i eigen kommune. Alle kommunar har fokus på omsorgstrappa, og legg opp til at alle skal bu heime lengst mogleg. Vi ser at individuelle tilretteleggingar til personar med demenssjukdom kan mangle, og likeeins tilpassa avlastningstilbod til pårørande. Individuell plan og koordinator er heller ikkje mykje nytta for denne brukargruppa.

Alle alle nasjonale føringer må sjåast i samanheng. Demensplan 2025 har følgande hovudsatsingar:

1) "Medbestemmelse og deltagelse", der vi har fokus på å stimulere til varierte og tilpassa tilbod i kommunane. Fleire kommunar har gode erfaringar ved brukar - og pårørandeopplæring.

2) "Forebygging og folkehelse", der mellom anna fleire kommunar har etablert eit godt samarbeid med frivillig sektor for eksempel for å motverke einsemd. Ernæring og fallforebygging har og høg merksemd i nokon kommunar, medan andre har forbettingspotensiale.

3) "Gode og sammenhengende tjenester", her har kommunane og helseføretak deltatt i nettverket "Gode pasientforløp" og har ut frå dette utarbeid gode rutinar i samhandlinga. Likevel kan det alltid bli betre. Ein kan forvente at fokuset vert ivaretatt for denne brukargruppa gjennom samhandling i Helsefellesskap.

4) "Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling", er eit område som alltid vil ha høg fokus i vår samhandling med kommunane, samt akademia.

Dagtilbod er eit viktig tenestetilbod til personar med demens og deira pårørande, og her ser vi at kommunane organiserer dette ulikt. Alle kommunane i Møre og Romsdal fekk tildelt tilskot for tiltak for å redusere einsemd. Mange av tiltaka er gjennomført, men fleire har ikkje fått brukt alle midlane grunna pandemien og fått overført desse til 2022.

Velferdsteknologi er viktig for denne brukargruppa og deira pårørande for å gi tryggleik og meistring. Alle kommunane deltok i det Nasjonale velferdsteknologiske programmet, men vi ser at det her er "stekk i laget". Vi ser ein samanheng med lav deltaking i kompetansehevande tiltak som velferdsteknologiens ABC og leiing, med kommunen si framdrift på område.

Demensomsorgas ABC har hatt høg prioritet i Møre og Romsdal, men vi ser at det ikkje har hatt same aktivitet i seinare tid der både pandemi og samanslåtte kommunar kan vere årsak.

Kompetanse og tilbod knytt til utfordrande adferd er og noko som må ha fokus, og som bør styrkast. Vi har i fleire år hatt innlegg på kurs om tematikken personsentrert omsorg, men ser at dette må ha fokus i vårt arbeid i demensomsorga også framover.

Statsforvaltaren har informert om Demenskartet.no, samt nasjonale føringar i fleire møtepunkt med kommunane. I samarbeid med Statsforvaltaren i Trøndelag arrangerte vi eit webinar der Nasjonal fagleg retningslinjer for oppfølging av personar med demens, og diagnostisering og utredning var tema.

Vi har eit svært godt samarbeid med Utviklingsenter for sjukeheim og heimetenester på fleire området mellom anna på Demensplan 2025 .

Rapportering på Kompetanseløft 2025 (fra kapittel 7.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbod i fylket, tilgangen på desentraliserte og deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

Det er eit stort behov for vidare styrking av kompetanse, og at det framleis er eit udekt behov særleg for sjukepleiarar og vernepleiarar. Dette kjem fram i kommunale planer, samt i tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren sine kommunebesøk.

Mangel på sjukepleiarar har vist seg særleg no i koronapandemien, pga av haudsnyt omprioritering av kompetanse.

Vi ser av statistikk at det er positiv utvikling i høve andel avtalte årsverk med fagutdanning på høgskulenivå. Det er ein auke i 13 av kommunane. På vidaregåande nivå er det 8 kommunar som har auke.

Tenestene for personar som har ei utviklingshemming har framleis store utfordringar med å rekrutttere faglært personell. Det er kommunane sjølv som gir tilbakemelding på det, samt at Statsforvaltaren erfarer det gjennom tilsyn, klagesaker, og i vedtak om tvang og dispensasjonssøknader om fritak frå kompetansekravet.

Vi ser ein auke av pasientar/brukarar med samansette og komplekse behov, som mellom anna dei som har utfordringar med rus og psykiske helse. Det er og mange pasientar som har samtidige sjukdomar/lidingar, noko som gir auka behov for tverrfagleg kompetanse som sosionom, ergoterapeut, psykolog mfl.

Det er utført ei risikoanalyse av kommunane for internt bruk, mellom anna på kompetanseområdet. Vi ser ein høg andel i fylket av helsepersonell som er 55 år og eldre. Faktorane høg andel 55+ og lav andel faglærde, gjev kommunane i Møre og Romsdal store utfordringar no og i tida framover, sett i lys av dei demografiske framskrivingane for fylket.

Fleire av kommunane har satt fokus på heiltidskultur. I det arbeidet vert det viktig å også jobbe med organisering, kulturbygging og forankring. Om ikkje, kan det føre til ei forverntning om rask måloppnång.

Noko av det viktigaste for å oppnå utvikling og innovasjon i tenestene, handlar om leiarkompetanse. Statsforvaltaren sitt leiarnettverk har bidratt mellom anna til erfaringsdeling på området. Sjå pkt. 3.1.1.5

Statsforvaltaren har etablert eit årleg møte med Høgskulane og NTNU om kompetansebehov, innhald i utdanningane, og behov for desentraliserte deltidsutdanninger. Behov blir også meldt i møte om kompetanseløftet.

Det vert jobba for å få fleire fagskular i Møre og Romsdal. Per 2021 er det ein fagskule i Kristiansund i psykisk helsearbeid og rus.

I Ålesund har Aldring og helse etablert fagskule i Utviklingshemming, miljøarbeid og aldring.

Rapportering på habilitering og rehabilitering (fra kapittel 7.3.3.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av hvorvidt tilbuddet innen rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen. Rapporteringen skal også inkludere hvorvidt det sikres nødvendig rehabilitering til pasienter med Covid-19 og hvordan pandemien eventuelt har påvirket tilbuddet til andre med behov for rehabilitering og rehabilitering.

På området rehabilitering og rehabilitering kan vi sjå at kommunane sitt fokus har vært retta mot den pågående pandemien.

Kommunane (10) som søkte tilskott knytt til Opptrappingsplan rehabilitering (2017 - 2019) kunne vise til at dei hadde ei plan. Nokre kommunar har ikkje fått fullført sine prosjekt med årsak både i pandemi og samanslætte kommunar. Dei har fått utsatt frist til 2022.

Det er framleis kommunar som manglar breddekompetanse, og vi ser at nokon ikkje fyller kompetansekravet knytt til ergoterapeut og psykolog. Enkelte kommunar har behov for å arbeide meir systematisk for å auke den tverrfagleg kompetansen, for å betre ivareta personar som treng langvarige og koordinerte tenester.

Statsforvaltaren ser av henvendingar, samt i tilsyn og klager, at individuell plan og koordinator ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt i enkelte kommunar, og der IP ofte er eit sovande dokument. Dette til tross for at dei fleste kommunane skårar seg sjølv høgt på nasjonal kartlegging. Statsforvaltaren vil ha merksemd på dette i sitt arbeid framover.

Sjølv om Møre og Romsdal i nasjonal kartlegging frå 2019 låg over nivået i dei fleste målepunkta, ser vi at utviklinga for å nå målsettingane i Opptrappingsplana går tregt. Dette viser at det hadde vert behov for ei ny målretta nasjonal satsing på området.

Statsforvaltaren deltar i nettverk for Koordinerande einingar for kommunar og Helse Møre og Romsdal, og ser at dette er ein viktig arena for å kunne ha ei oversikt og stimulere til god samhandling. Det er ein viktig arena for gjensidig informasjons- og erfaringsutveksling.

I ei kartlegging av april 2021 svarte 14 kommunar at dei hadde god evne og kapasitet til å fange opp pasientar med behov for rehabilitering etter gjennomgått covid-19. Det var 9 kommunar som svarte at det ikkje hadde vore aktuelt enno, medan 3 kommunar ikkje svarte. Kommunane meldte at dei hadde hatt få pasientar med rehabiliteringsbehov. Dei vurderte at kandidatar for rehabilitering ville bli fanga opp av kommunen sine ordinære system, spesielt via fastlegane. Vidare gikk det fram at fastlegar og kommunale fysioterapeutar var kjent med rettleiar for rehabilitering.

Møre og Romsdal har hatt nesten 10 ganger så mange smitta etter 1.mai 2021 samanlikna med frå pandemien start og ut april 2021. Og når det gjeld innleggingar nådde vi ein topp med delta-bølgen i desember 2021. Det er derfor truleg at det har vore større press på rehabiliteringskapasiteten, både kommunalt og i HMR enn kva som kom fram i vår kartlegging

Det oppretta regionale rehabiliteringstilbod for covid -19 i Helse Møre og Romsdal. Fysikalsk medisin og rehabilitering (FYR) kan opplyse om at dei har hatt mellom 20 - 30 henvisningar til no. Dette er i hovudsak eit tverrfagleg, poliklinisk tilbod for utredning /rehabilitering. Av desse har omlag 5 pasientar fått tilbod om innlegging ved FYR sengepost for rehabiliteringsopphold i 1-2 veker. I tillegg har nokon pasientar vert direkte overflyttå frå andre avdelinger i /etter akuttforløp.

Møre og Romsdal har også eit privat tilbod ved Muritunet om døgnbasert rehabilitering etter Covid-19. Her med eit 3- vekers opphold med tverrfaglig oppfølging og behandling. Vi er ikkje kjent med innlagte i dette tilboden. Nevrologisk avdeling ved Molde sjukehus, følger opp pasientar i høve med Covid-19 studie.

Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helsestasjons- og skol (fra kapittel 7.3.3.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kortfattet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helsestasjons- og skolehelsetjenesten, herunder en vurdering av hvordan koronasituasjonen har påvirket kommunenes lovpålagnede tilbod til gravide, barn og unge.

Korleis koronasituasjonen har påverka kommunane sitt lovpålagnede tilbod til gravide, barn og unge.

Vi gjennomførte i desember 2020 ei undersøking til alle helsestasjonar som gjekk ut på å få svar på om pandemien hadde påverka dei lovpålagnede pliktene som ligg til denne verksamda. Vi fekk svar frå 24 av 26 kommunar som vart oppsummerte i ein rapport i januar 2021.

Då vi sendte ut oppfordringa til å svare på undersøkinga sendte vi også med informasjon om Helsedirektoratets webinar om drift og smittevern i helsestasjons- og skulehelsetenesta under Covid-19. Vi skreiv at «webinaret vart halde 2. desember, men var i tilgjengeleg som opptak her: <https://www.helsedirektoratet.no/konferanser/drift-og-smittevern-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten-under-covid-19-webinar#videoawebinaret> og Webinar06.01.20

https://bufdir.no/arrangemente..._koronapandemien_for_barn_og_unge/ »

Undersøkinga viste;**1.For gravide og deira partnarar og forhold knytt til fødsel og barseltid**

Uro knytt til Covid-19 under graviditeten og etter fødsel,

Gravide i Romsdal og på Nordmøre opplever stor usikkerheit knytt til kor fødselen vil finne stad då Molde og Kristiansund vekselvis har open fødeavdeling, Redusert involvering av parnar, Kortare barselophphald, endra tilbod om heimebesøk Utfordringar med å komme i gang med amming

Fleire barselkvinner melder om einsem og isolasjon. treffte andre mødre er redusert. Vidare er det ikkje like Nokre kommunar melder om økt førekommst

Barselgruppetilbod og tilgang på arenaer kor dei kan lett med besøk av familie og venner heime grunna smittevern. av barseldepresjonar

2.Barn - kontrollar og vaksinasjon

2 kommunar svarte at dei hadde generell forseinking i gjennomføring av kontrollar og / eller barnevaksinasjon, medan

21 var i rute og gjennomførte kontrollar og vaksinasjonar som vanleg

Vi såg og i undersøkinga at om lag 4 kommunar omdisponerte ressursar til TISK arbeid i ein slik grad at det reduserte tilboden ved helsestasjon og skulehelsetenesta.

Vi følgde opp det som kom fram i undersøkinga som gjorde oss bekymra.

1. Vi tok direkte kontakt med kommunar der tilboden ikkje var i tråd med lov og forskrift.
2. Undersøkinga vart presentert i møter med kriseleiinga i alle kommunar
3. Vi tok i desse møta og opp fleire gonger at kommunane ikkje måtte nytte personell frå helsestasjonar/ skulehelseteneste i ein slik grad at det gjekk ut over lovpålagningsoppgåver.
4. Rapporten vart delt med Helsedirektoratet og Helsetilsynet.

Den nasjonale koordineringsgruppa for tenester til sårbare barn og unge har gjennom heile pandemien sendt ut kartleggingar til SF som vi har sendt alle våre kommunar. Dei vart sendt ut til helsestasjonar og krisesenter i tillegg til skule- og barnehageområdet.

Rapportane er følgt opp med kommunane der vi har funne det nødvendig, både i direkte dialog med verksemda og i faste møter med kommunane si kriseleiing.

Rapportering på planlegging av helse- og omsorgstjenesten (fra kapittel 7.3.3.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av omfanget og kvaliteten i kommunenes arbeid med å integrere planlegging av helse- og omsorgstjenestene i det ordinære økonomi- og planarbeidet i kommunen, herunder andelen kommuner som ikke tilstrekkelig grad integrerer disse tjenestene i planleggingen.

Statsforvaltaren har i 2020 og 2021 prioritert å medverke til at kommunane får på plass eit velfungerande og oppdatert plansystem. Med utgangspunkt i vedtekne kommunale planstrategiar for perioden 2019 – 2023 har dei fleste kommunane gjennomført revisjon og oppdatering av sine overordna kommuneplanar. FNs berekraftsmål har vore retningsgivande for kommunane sitt [planstrategiarbeid](#) i planperioden. Dette legg tydelege føringar for det vidare arbeidet med [kommuneplanens samfunnsdel](#), og med handlingsdel som følgjer budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Alle fagavdelingane/fagstabane hos SFMR leverer innspel til våre høyringsfråsegner til alle kommuneplanar og til aktuelle kommunedelpanar/temaplanar. Vi har i vår kontakt med kommunane understreka betydninga av tett kopling mellom kommuneplanens samfunnsdel med handlingsdel og kommunens økonomistyringssystem med økonomiplan og budsjett.

Helse- og omsorgsfeltet er peika på som ei prioritert oppgåve i kommunane sine samfunnsplanar med vidare referanse til mål, strategiar og tiltak. Nokre kommunar har på bakgrunn av dette utarbeidd eigne kommunedelplanar knytt til helse- og omsorgsfeltet.

Tvungen somatisk helsehjelp (fra kapittel 7.3.3.7 i TB)

Rapportere på

Vi ber statsforvalteren evaluere involveringen av brukere og pårørende i tilsynet med praktiseringen av tvungen somatisk helsehjelp i den kommunal helse- og omsorgstjenesten, jf. oppdrag 3.3.1.3.10. Evalueringen vil gjennomføres som en digital samling i siste kvartal av 2021. Statens helsetilsyn vil sende ut invitasjon til samlingen med konkrete spørsmål i forkant av samlingen.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal deltok på den digitale samlinga og la fram korleis vi hadde jobba med involveringa. I samarbeid med nettverk med flere av dei andre embata har vi hatt fokus og delt erfaringar for korleis vi kan involvere pasientar, pårørende og brukarar betre i våre tilsyn. Erfaringa vil vi ta med oss i framtidige tilsyn.

Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.3.8 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på gevinstrealiseringsplanen for oppgavene på Helsedirektoratets og Helsetilsynets områder i årsrapport for 2021.

SFMR fekk ei auke etter ny budsjettmodell i 2020, men det er fortsatt ikkje samsvar mellom ressurser og oppdrag frå HOD og JD. Dette gjer at SFMR ikkje har full måloppnåing innafor desse områda.

På det viktige rettssikkerhetsområdet knytt til menneske med utviklingshemming, fekk vi og ei styrking. Det har resultert i at vi i år har nådd resultatmålet for overprøvingar av vedtak til personar med utviklingshemming.

I 2021 fekk embetet beskjed om at intern budsjettfordeling skulle vere tilpassa departementa si tildeling. Helseområdet måtte difor frå 2022 redusere budsjett i tråd med tildelingane. Konsekvensen av tilpassing til nytt budsjett ført til at vi måtte redusere talet på tilsettete. Vi har i 2021 arbeidd med å tilpasse ressurs og aktivitet tilsvarende budsjettredusjonen. Vi har ikkje klart å få til naudsynt effektivisering berre med nye måtar å jobbe på, som til dømes, meir bruk av digitale samhandlingsformer. Utfordringa har vore, og er, å hente ut effektiviseringsevinstar når vi framleis har ein god del pandemiarbeid.

Rapportering på nasjonalt restanseprosjekt NRP (fra kapittel 7.3.3.9 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapportløsningen rapportere på antall overførte saker i nasjonalt restanseprosjekt (NRP), fordelt på rettighetsklager og tilsynssaker, og antall behandlet innen frist.

Vi har 2 rettighetsklager og 1 tilsynssak som ikkje er ferdigstilt pr dd.

Nasjonalt restanseprosjekt NRP

Saksområder	Antall overførte saker	Antall ferdigbehandlet innen frist	Antall ferdigbehandlet innen årets utgang
Tilsynssaker	15	14	14
Rettighetsklager	30	25	27

Vi har 2 rettighetsklager og 1 tilsynssak som gjenstår pr dd. Rettighetsklagene er knytta til et spesielt medikament, og alle SF ble stoppet av Helsetilsynet til de hadde konkludert i en sak. Vi jobber nå med alle tre sakene men legekompetansen som trengs i arbeidet er konkurrerende med blant annet pandemioppgaver.

Tilsyn av verger (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på totalt antall kontrollerte vergeregnskap i 2021. Det skal oppgis hvor mange vergeregnskapene statsforvalteren har plukket ut og kontrollert basert på egne risikovurderinger, og hvor mange verger som er fratatt oppdrag som en konsekvens av vergeregnskapskontrollen.

Statsforvalteren skal også rapportere på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2021 utover regnskapskontroll, både planlagte og hendelsesbaserte. Statsforvalteren skal i tillegg kort beskrive hva tilsynene har avdekket og hvordan avvik er fulgt opp. Det skal også rapporteres på antall verger som har blitt fratatt vergeoppdrag i løpet av 2021 på bakgrunn av tilsyn og en kort redegjøre for årsaker til fratakelsene.

Verjerekneskap

Det er kontrollert 869 rekneskap i 2021, av desse er 118 risikorekneskap. Det er 21 verjer som er fråteke oppdraget som følgje av rekneskapskontrollen. Dette kjem i tillegg til dei verjene som har sagt frå seg oppdraget fordi vi har etterspurd meir informasjon.

Andre tilsyn

Det er ført tilsyn med 14 verjer i fylket. Spørjeskjema vart sendt ut og innan fristen hadde alle verjene svart på spørsmåla og levert sin verjerapport.

For å undersøke praksis, har vi gjennomgått 3 saker for dei verjene som har over 15 saker og 2 saker for dei verjene som har under 15 saker. I nokre saker har vi kontakta verjehavar, samt forsøkt å kome i kontakt med pårørande og hjelpeapparatet per telefon. Ein økonom frå regnskapsteamet er med i tilsynsteamet. Ved behov har denne personen gjort undersøkingar av verjene sine rekneskap.

I tilsynet har vi hatt særleg fokus på sjølvbestemming, samt at verja er tilgjelege og varetek oppdraget. Vi har også sett på om institusjon disponerer bankkortkort/midlar.

Vi fann ikkje grunn til å kalle inn verjene til tilsynssamtale.

Vi sende tilbakemelding til alle verjene. Hjå 12 av verjene var resultatet godt. Hjå 2 fann vi ingen avvik, men gav litt ekstra rettleiing. Rettleiinga gjaldt sjølvråderett.

Verjene som vi gjennomførte tilsyn med, er erfame verjer som vi har fulgt opp over mange år. Det er difor ikkje overraskande at vi fann få avvik. Vi har likevel gjort erfaringar som tilseier at vi bør fortsette å ha sjølvråderett som tema på verjekurs.

Vi har gjennomført 22 ikkje-planlagde tilsyn. Av desse har 9 vorte fråteke oppdrag. Vi veit at dette talet er mykje lågare enn det reelle talet. Dette kjem av at sakhandsamarane ikkje nyttar aktiviteten i Vera i tilstrekkeleg grad. Dette har vi fokus på framover

Antall kontrollerte vergeregnskap og antall kontrollert på bakgrunn av egne risikovurderinger og på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2021 utover regnskapskontroll

Antall totalt kontrollerte vergeregnskap	Totalt antall leverte vergeregnskap	Antall verger under oppfølging	Antall verger som er fratatt oppdrag
869	1 997	38	21

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslalte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Statsforvalteren skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Statsforvalteren skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Statsforvalteren skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

Statsforvaltaren har motteke 603 inngående søknader knytt til fri rettshjelp. For fritt rettsråd er det registrert 496 nye saker og for fri sakførsel 107, der 101 av desse er krav frå Kontrollkommisjonen.

Fritt rettsråd

For fritt rettsråd er 26 saker avslått. 11 av desse grunna manglande oppfylling av økonomiske vilkår.

Økonomisk dispensasjon er gjeve i 16 saker, i hovudsak gjeld dette trygde- og familiesaker.

Fri sakførsel

Av 6 mottekte søknader om fri sakførsel er 3 innvilga og 2 avslått. Avslaga er knytt til at vilkåra for sakleg dispensasjon ikkje har vore oppfylt. Ein søknad er sendt til settestatsforvaltar grunna habilitet. Det er gjeve økonomisk dispensasjon i sakene som er innvilga.

Kostnadar

I 2021 er totale advokatutgifter inkludert salær til Kontrollkommisjonen, utbetalte med kr 2.199.202,-. Salær godkjent av Kontrollkommisjonen utgjer kr 572.122,50 og tolkeutgifter kr. 26.651,-.

Sakhandsamingstid

Gjennomsnittleg sakhandsamingstid er 4 veker. Restansesituasjonen ved årsskiftet er under kontroll med 13 saker til handsaming.

Tala syner at saker og utbetalingar gjekk ned i 2021. Det er venta ei auke i saksmengda i 2022 då bruttoinntektsgrensa for rett til fri rettshjelp auka frå 01.01.22.

Mange søknader og telefonar i 2021 har vore knytt til arbeidstilhøve og trygdesaker, som kan ha samanheng med samfunnssendringar som følgje av pandemien.

Rettshjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkommne søknader	502	496	6
Innvilgede søknader	472	470	2
Avslalte søknader	30	26	4

Statsforvalteren skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Forbruk på kap.470, post 01 i 2021 er på kr 2.225.852,99. Det ventast at forbruket vil auke i 2022 da inntektsgrensen er auka. Kor stor auka vert er vanskelig å forutsjå.

Særskilt rapportering på NAV-saker (fra kapittel 7.3.4.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere særskilt på de NAV-sakene som omfattes av det særlige rettshjelptiltaket i Justis - og beredskapsdepartementets rundskriv G – 05/2019.

Det skal rapporteres på antallet innkomne saker, behandlede saker og totalt utbetalte beløp.

Statsforvaltaren har i 2021 motteke og utbetalat to saker. Ei sak gjeld vurdering av klage til Nav jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 1a, og ei sak gjeld klage til Nav jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 1b. Totalt er det utbetalat kr 10.850,-.

Ivaretagelse av samfunnssikkerhetshensyn i planer (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

Rapportere på

I hvilken grad ivaretar kommunene samfunnssikkerhetshensyn i alle planer:

1. Alle planprogram beskriver hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas.
2. Det stilles kvalitetskrav til ROS-analyser og kvalitetssikres i etterhånd når disse gjennomføres av eksterne.
3. Avdekkt risiko og sårbarhet, inkludert klimaendringer, følges opp i planer.
4. Tiltak fra overordnet plan følges opp på lavere plannivå.

1. Planprogramma skildrar i all hovudsak korleis samfunnstryggleik skal varetakast. I dei veldig få tilfella dette ikkje stemmer, minner vi om dette i vår fråsegn til planprogrammet.

2. I våre fråsegner til oppstart viser Statsforvaltaren fast til DSB sin rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" og vi skriv i fråsegnet at rettleieren tilrår at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Vi ser at stadig fleire ROS-analyser som kjem på høyring tek utgangspunkt i DSB sin rettleiar. Vårt inntrykk er at kommunane i stor grad stolar på dei som utarbeidar ROS-analyser (ofte konsulentelskap når det ikkje er kommunen sjølv). Vi er derfor usikre i kva grad desse kvalitetssikrast i etterhand.

Kommunane skriv sjeldan om eventuelle kvalitetskrav dei stiller, eller korleis dei har vurdert kvaliteten til ROS-analyser gjort av eksterne. Dette betyr ikkje at det **ikkje** er gjort, men det er i liten grad synleggjort i dokumentasjonen.

3. Når ROS-analysen avdekker funn ser vi at kommunane forsøker å følgje dette opp. Ofte ser vi likevel at kommunane ikkje følgjer opp funna i tilstrekkeleg grad, t.d. mangefull bruk av omsynssoner og/eller dårleg formulerte (mangelfulle) føresegner. Statsforvaltaren driv kontinuerleg rettleiling av kommunar og konsulenter for å betre varetaking av avdekka risiko og sårbarheit i arealplanar. Vi har for tida eit ekstra fokus på varetaking av klimaendringer og klimatilpassing i planarbeidet.

4. Vi ser at tiltak i overordna plan følgjast opp. Spesielt når krav er kartfesta i overordna plan. T.d. bruk av omsynssoner i plankart for å synleggjere potensiell risiko.

Samlet virkemiddelbruk i kommunene (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for status på virkemiddelbruken overfor kommunene:

1. Hvilket kunnskapsgrunnlag er lagt til grunn for valg av virkemiddel tilpasset kommunens behov?
2. Antall gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene
3. For gjennomførte tilsyn:
 - Hvor mange tilsyn er gjennomført?
 - Hva var tema for tilsynet?
 - Var det fellestilsyn med helseberedskap eller rent tilsyn med kommunal beredskapsplikt?
 - Hva har Statsforvalteren lagt til grunn for å velge kommuner ut for risikobasert tilsyn?
 - Hvilke typer læringsaktiviteter har Statsforvalteren lagt til rette for i forbindelse med tilsynet?
4. I hvilken grad er veileddningsbehovet ivaretatt innen kommunal beredskapsplikt og helseberedskap?
5. I hvor mange kommuner har Statsforvalteren vært i møter med kommunens ledelse?

1: Det viktigaste kunnskapgrunnlaget vi nyttar for å vurdere verkemiddelbruken er den informasjonen vi har fått gjennom tilsyn, øvingar, handtering av krisehendingar og annan dialog vi har med kommunane. Under pandemien har vi vore tett på kommunane, og dette har gjeve oss enda betre kunnskap.

2. Vi har gjennomført øving for alle kommunane våre i 2021, der 25 av 26 deltok.

3. Vi har gjennomført 4 tilsyn i 2021, der 3 av desse vart sluttført i januar 2022. Tema for tilsyna var oppfølginga av kommunal beredskapsplikt. Kommunane vart valt ut med bakgrunn i tid sidan siste tilsyn.

I forbindelse med tilsyn har vi alltid formøte i god tid før tilsynet for å klargjere for kommunane kva vi ser etter i tilsynet, og kva dei bør ha fokus på for å støtte krava i forskrifter om kommunal beredskapsplikt.

4. Pandemihandteringa har medført tett dialog med alle kommunane både i 2020 og i 2021. Det har vore stort omfang både av fagleg og praktisk oppfølging av kommunane i handteringa av pandemien, og vi har prioritert å vere tilgjengeleg for kommunane både i og utanfor arbeidstid for å kunne støtte deira krisehandtering.

5. Heile pandemiperioden har vi hatt jamlege møter både med kommunal kriseleiing og med kommuneoverlegane. I desse møta har pandemien vore hovudtema, men også andre relevante tema innanfor samfunnstryggleik og beredskap er løfta fram.

Statsforvaltaren har også hatt dialogmøter med alle kommunane si leiing i 2021, og samfunnstryggleik og beredskap har vore eit tema i desse møta. I tillegg har embetsleiinga vore på besøk i alle kommunane i fylket, etter at ny statsforvaltar starta i stillinga hausten 21. Også i desse møta har beredskapsarbeidet vore tema med communal leiing.

FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan

Vi starta arbeidet med revisjon av vår FylkesROS i 2020.

Arbeidet har blitt påverka av krisehandteringa knytt til pandemien, både i 2020 og i 2021. Første del av revidert FylkesROS skal ferdigstilla sommaren 2022. I samband med dette vil vi lage ein ny oppfølgingsplan for funna i analysen. Vi vil forsette å fylle på med innhald og analyser i FylkesROS i åra framover.

Status scenario fylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

Vi har starta arbeidet med scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i samarbeid med relevante aktørar i fylket. Scenario vil etter vår plan ferdigstilla sommaren 2022.

Gevinstrealiseringsplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealsiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av statsforvalterne og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten

Vi har fleire medarbeidarar med god kompetanse på tilsyn. 2021 har vore ei utfordring for oss fordi saksbehandling innanfor akvakultur har bunde opp våre tilsynsfolk, kombinert med pandemien har dette gjort at vi ikkje har oppnådd våre mål på tilsynstal. Nasjonalt og internt tilsynsforum samt opplæring i regi av Miljødirektoratet bidreg til at vi opprettheld og vidareutviklar vår kompetanse på tilsyn. 2021 var eit år det vi fekk god erfaring på gjennomføring av fjerntilsyn, og dette er ein tilsynsform vi vil fortsette å bruke i di tilfella tilsynsforma er egna.

Gevinstrealiseringssplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er innført for å bedre veiledingen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

Vi har gjort fleire tiltak dei siste åra for å forbetre dialogen og rettleiinga av kommunane innafor miljø, spesielt med tanke på betre sakshandsaming tidleg i planprosessar og sakshanadsaming etter forureningslova der kommunen er 1. instans. Døme på dette er årlege forventningsbrev, politikaropplæring, dialogmøter med kommuneleiinga, tilsyn med kommunen (avløp, forsøpling, grunnforureining), sjøplankonferanse, klimakonferanse, "vær-smart-kurs innafor klimatilpassing. Det er stor aktivitet for å støtte kommunane med kompetanseheving, noko vi ser trengs og som blir verdsatt.

Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)

Rapportere på

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer

Sjá rapportering under 3.1.4.1.3.1.

Fremmede organismer

Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS)	Oppfølging av overordnede kriterier	Art/artsgruppe	Type tiltak	Vurdering av gjennomført tiltak	Sum bruktt
Kartlegging framande planter	Grunnlag for tiltak og risikovurdering	Rynkerose, kjempespringfrø	Kartlegging	Oppdaga ny spreiling av kjespfr på Sunnmøre, nytlig	76 000
Behandling av nye rynkeroseførekostar Smøla og Sunnmøre	Fjerne framande artar	Rynkerose	Bekjempelse	God effekt, men krev etterbehandling på Smøla	103 000
Etterbehandling rynkerose indre Nordmøre, Sunnmøre og kystkommunane	Fjerne framande artar	Rynkerose	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	175 000
Etterbehandling kjempespringfrø Eidsvågåelva	Fjerne framande artar	Kjempespringfrø	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	274 000
Behandling kjempespringfrø langs verna vassdrag	Fjerne framande artar	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Krevande å få med alt	200 000
Uttak kjempebjørnekjeks Molde, Hustadvika og Averøy	Fjerne framande artar	Kjempebjørnekjeks	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	18 000
Fjerning hemlokk ved Osvassdraget	Fjerne framande artar	Vestamerikansk hemlock	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	25 000
					871 000

Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)

Rapportere på

Tiltak for å ta vare på truede arter og naturtyper.

I Møre og Romsdal er det i 2021 utarbeidd nye og revidert skjøtselsplanar for 8 lokalitetar av truga naturtypar. Delar av ramma for 2021 gjekk til å dekke inn etterslep frå 2020, og aktiviteten er difor noko mindre i 2021. Det er gjennomført ytterlegare nasjonal kartlegging av beitemarksopp i 2021 (ikkje rapportert enno). Det er også kartlagt hekkeaktivitet av hubro for midlar tildelt frå SFNO, og kartlagt hekkebestandar av sjøfugl på Smøla og i to sjøfuglreservat på Nordmøre.

Truede arter og naturtyper

Art/naturtype	Ref. nr.	Type tiltak	Omfang av tiltaket	Navn på område	Effekt av gjennomført tiltak	Sum
Slåttemark, kystlynghei, Haustingsskog/hassel med tilknytte raudlistartar.	21S28747	Kartlegging/rekartlegging og utarbeidning av skjøtselsplanar	Kartlegging og skjøtselsplanlegging av 8 lokalitetar av slåttemark og kystlynghei. Utarbeidd skjøtselsplan for delar av hasselkogane i Eikesdalen, som seinare er blitt UKL.	Mange område spreidd i fylket.	Viktig grunnlag for søknadsordningane for truga arter og naturtyper, og for RMP-tilskot i landbruksel. Delar av årets ramme måtte dekke inn etterslep for skjøtselsplanar frå 2020. Skjøtselsplan hassel i Eikesdalen blir eit viktig grunnlag for forvaltningsplanarbeidet for UKL Eikesdalen.	494 808
Slåttemark, kystlynghei, naturbeitemark, med eit stort tal tilknytte trua enkeltartar og artsgupper	21S28747	Drift av skjøtselsgruppe	Ressursgruppe for kvalitetssikring av skjøtselsplanar, drøfting av tiltak, prioritering av tilskotssøknader.	Fylkesdekkande	Viktig grunnlag for arbeidet med tilskotsordningane for truga arter og naturtyper, og for RMP-tilskot i landbruksel. Midla er felles med kartlegging og skjøtselsplanlegging.	147 382
Beitemarkssopp med særleg fokus på tinnvokssopp	21S28747	Kartlegging	Kartlegging av lokalitetar for beitemarkssopp. Totalt oppsøkt 143 lokaliter i 33 kommunar og 8 fylke (Innlandet 2, Møre og Romsdal 173, Nordland 5, Rogaland 2, Troms og Finnmark 4, Trøndelag 37, Vestland 19 og Viken 1). Samla > 1200 enkelt funn av beitemarkssopp. 7 av 15 kjente lokalitetar med tinnvokssopp oppsøkt utan funn. Kartleggingsresultata blir registrert i artsobservasjonar.	Mange område - landsdekkande	Data om ulike beitemarkssoppar blir brukt i skjøtselsplanlegging og prioritering av tilskot til skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark, samt i arealplanlegging.	190 000
Sjøfugl (fleire artar)	21S28747	Hekketeljingar av sjøfugl i verneområde	Telling av sjøfugl i verneområda på Smøla, samt to andre nr i hekkeperioden	Verneområda på Smøla, samt Fugloya nr og Eidsholmen nr.	Teljingane gir eit godt grunnlag for å vurdere utvikling i hekkebestandane, spesielt sett opp mot den positive effekten som følger av innsatsen som er lagt ned over fleire år for å fjerne mink frå Smøla-skjergården og til dels frå fastlands-Smøla.	67 000
Hubro	SFNO	Kartlegging	Kartlegging av hekkeaktivitet i 7 kommunar på Sunnmøre	Volda, Ørsta og Vanylven, og delar av Stranda, Sykkylven, Fjord og Alesund kommunar.	Viktig faggrunnlag, spesielt i arealplansaker	899 670
						1 798 860

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**Rapportere på**

Spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene. Kort om fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i ISORD, og formidling av resultatene.

Omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Vi omtalar prosjektskjønn for fylkesløft etter at vi har satsa på større og færre prosjekt som har som målsetting å løfte fleire kommunar. Statsforvaltaren tildele ca. 8,6 millionar av potten på 54 millionar til prosjektskjønn til utbetaling i 2022. Det kom inn 45 søknadar på til saman 49 millionar.

Tildelingane gjekk til dei tre satsingsområda Helseplattforma, Berekriftsfylket Møre og Romsdal, og Ungt entreprenørskap i grunnskolen.

Berekriftsfylket Møre og Romsdal og Ungt entreprenørskap er prosjekt knytt til programmet Møre og Romsdal 2025. Dei 12 kommunane som søkte om prosjektskjønn til Ungt entreprenørskap i grunnskolen fekk tildeling. To kommunar fekk tilskott til berekriftssatsinga. Den største tildelinga gjekk til fire kommunar som har koordinatorar som arbeider med innføring av Helseplattforma i kommunane i fylket.

Vi har dei seinare åra satsa på Helseplattforma for å sette kommunane i stand til å ta i bruk "ein pasient ein journal". Fleire kommunar i Møre og Romsdal skal starte utrullinga av journalsystemet i 2022. I denne samanhengen har prosjektskjønn finansiert koordinatorstillingar i fire regionar i fylket.

Av prosjekta som har fått tildeling i tidlegare år vil vi trekke fram berekriftssatsinga i Møre og Romsdal. KPI-kartlegging av berekriftsindikatorar (U4SSC) er ferdig og publisert for alle kommunane i fylket. Det blir arbeidd vidare med å finne tema som kommunane har felles og som det kan arbeidast saman. Prosjektleiinga for dette arbeidet har fylkeskommunen

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Vi har i 2021 mottatt seks saker med krav om lovlegkontroll. Fem av desse sakene blei behandla i 2021. Ein av dei fem sakene blei avvist på grunn av overskridning av klagefrist. I dei øvrige fire sakene blei kommunens vedtak stadfesta.

Vi har i 2021 mottatt ei oppmoding om lovlighetskontroll, men oppmodinga førte ikkje fram. Vi har i 2021 ikkje nytta oss av høvet til å ta opp ei sak til lovlegkontroll på eige initiativ.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	4	0	4
På eget initiativ		0	0

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlege communalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle communalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Mykje av vår rettleiing til kommunane er retta mot saksbehandlingsreglane i kommuneloven. Det gjeld til dømes spørsmål om gjennomføring av møter, både fysiske og fjermøter. Ein del spørsmål er knytt til habilitet.

Vi har i 2021 også hatt mykje rettleiing retta mot valreglane i kommuneloven. Det gjeld særleg spørsmål knytt til reglane for uttreden og fritak og reglane for opprykk, nyvalg og suppleringsvalg.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

I vårt fylke er det etablert eit interkommunalt plansamarbeid mellom åtte kommunar på Nordmøre. SF har gjennom prosjektskjønn bidratt til finansiering til dette nettverksarbeidet over tre år. Kommunane har samarbeidd om utvikling av eit felles utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag med kopling til FNs berekraftsmål. Dette er lagt til grunn for utarbeiding av kommunale planstrategiar, og for vidare arbeide med rullering av kommuneplanens samfunnssidel. Alle dei åtte kommunane har gjennom dette gjort vedtak om oppdaterte samfunnsplanar i løpet av 2021. Kommunane har positive erfaringar frå nettverksarbeidet, og vil følge dette opp vidare gjennom vidare plan- og utviklingsarbeid..

På planområdet er det elles aktuelt med etablering av interkommunalt samarbeid mellom to eller fleire kommunar i samband med konkrete arealplansaker. Dette omfattar mellom anna sjøarealplanar og planar i samband med større vegprosjekt.

Statsforvaltere som samordner statlig innsigelser (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

Vi har ikkje endra rutinar for dette arbeidet i 2021. Overføringa av ansvaret for fylkesvegane har redusert talet på samordningssaker betydeleg då Statens vegvesen hadde flest motsegner her.

Statistikken for 2021 viser at i alt 13 saker er omfatta av samordningsforsøket i vårt embete. Av desse er 12 saker knytt til reguleringsplanar og 1 til kommuneplan. Av statsetatane er NVE og Statens vegvesen oftest representert som motsegnspart.

Samordning av statlige innsigelser

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelserne fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelserne fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	13	0	0	13
Statsforvalteren				
Avinor				
Biskopene				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet				
Forsvarsbygg				
BaneNor				
Kystverket				
Luftfartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE				
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen				
Statsbygg				

Får ikke lagt inn enkelttall for statsetatene. NVE 9 motsegner, Statens vv 3, Avinor 1

Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlege tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Sjå merknad under pkt. 3.1.3.1.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlege tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
147	47	66	32	0	0	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2021 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har i 2021 behandla 23 klagesaker som gjeld reguleringsplan. Gjennomsnittleg behandlingstid er 107 dagar. Av 23 saker ble det gitt medhald heilt eller delvis i 5 saker.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav		
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner		23
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner		107
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker		15
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis		5

Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall læringer i 2021. Det skal også fremgå innenfor hvilke fag.

SFMR har i fleire år hatt lærer både på IKT og kontor- og administrasjonsfaget. SFMR har bidratt til læringeordninga i fylket ved at ein tilsett har vore nemndsmedlem i prøvenemnda for kontor- og administrasjonssfaget.

I samband med overflytting av administrative oppgåver til STAF, kan ikkje SFMR lenger vere lærebedrift, då vi ikkje har oppgåver i embetet som gjer at opplæringa er i tråd med læreplanen for faga.

Kartlegging av klager som fremmes av statsforvalteren som sektormyndighet (fra kapittel 7.3.6.8.1 i TB)**Rapportere på**

Det vises til oppdrag 3.1.1.1.14. Det skal gis en beskrivelse av status innen 1. april 2021.

Vi fremma 14 klager etter § 1-9 i Plan- og bygningsloven i 2019 og 10 klager i 2020. I kvar av klagene er det eit eller fleire tema som gir grunnlag for klage. (Det gjer at tabellen nedanfor ikkje kan summerast til 14 for 2019 og 10 for 2020)

Til samanlikning varsla vi at vi ville vurdere å klage i 145 saker i 2019 og i 107 saker i 2020. Varsel om klage førte i dei fleste tilfelle til at kommunen gjorde ei grundigare saksutgreiing og i nokre høve endra dei innstilling og vedtak. Vi klaga såleis berre på vedtaka i om lag 10 % av dei sakene der vi varsla at vi ville vurdere å klage.

Bruk av klageretten har ført til grundigare saksutgreiinger og i nokon grad til vedtak som er meir i tråd med intensionane i Plan- og bygningsloven. Statsforvaltaren sin klagerett er såleis eit viktig verktøy for å påverke arealforvaltninga i kommunane i positiv retning.

Tema for klage:	2019	2020
Planfag	1	2
Naturmangfold/ Landskap/Friluftsliv/ Grøn struktur	4	3
Strandsone	6	6
Barn og unge	3	2
Landbruk	1	1
ROS/samfunnstryggleik/klima	3	0
Forureining/støy	1	1
SUM:	19	15

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av embetets arbeid...(2) (fra kapittel 7.3.7.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Universell utforming (UU) inngår som fast sjekkpunkt i alle plansaker på høyring etter plan- og bygningslova. I den løpende plansaksbehandlinga vil merkander og vurderingar knytt til universell utforming inngå i våre høyringsfråsegner i samband med kommunale planstrategiar, kommune(-del)planar og reguleringsplanar.

I 2021 omfatta dette 379 saker/ekspedisjonar. Universell utforming vil i praksis ofte vere nær knytt til andre planfaglege tema som Folkehelse, Barn og unge, Friluftsliv/Grønstruktur og Bustadsosiale forhold. Det tverrfaglege perspektivet i UU-saken er særleg understreka.

Arbeid med communal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel er eit godt tidspunkt for å følgje opp universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging. Det kan gjelde lokaliseringsspørsmål og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v.

Universell utforming, og med kopling til sosial berekraft, har vore tema i samband med fagsamlingar, plannettverkssamlingar og regionalt planforum.

Likestilling og inkludering inngår som gjennomgående perspektiv i SFMR sin strategiplan for perioden 2020 – 2023. Universell utforming er her eit berande element.

Alle juristane på embetet deltek i eit juristforum. Der var hovudtemaet i 2021 Likestilling- og diskrimineringslova med hovedvekt på temaet universell utforming. Vi hadde mellom anna eit innlegg frå BUF-dir.

Statsforvalteren skal gi en omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.7.5 i TB)

Rapportere på

Nye regler om aktivitets- og redegjørelsесplikten på likestillingsområdet trådte i kraft 1.1.2020. I årsrapporten for 2021 skal det redegjøres for arbeidet for likestilling i tråd med de nye kravene for redegjørelsесplikten, jf. økonomi- og virksomhetsinstruks pkt. 4.2.3 og pkt. 5.1.1.2, jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 24 om offentlige myndigheters aktivitets- og redegjørelsесplikt samt §§ 26 og 26 a om arbeidsgivers aktivitets- og redegjørelsесplikt. Barne-, ungdoms- og familieliderekatet (Bufdir) har utarbeidet veileddning og maler for det aktive likestillingsarbeidet og maler for redegjørelse.

Lenke: [Aktivitets- og redegjørelsесplikten \(ARP\) \(bufdir.no\)](https://aktivitets-og-redegjorelsesplikten.arp.bufdir.no)

Del 1 - Faktisk tilstand for kjønnslikestilling

Tala som viser den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling kjem fram i vår nøkkeltalsrapportering.

Alle som jobber deltid gjer det etter eige ønske og behov.

Del 2 - Korleis vi arbeider med likestilling og diskriminering

SFMR arbeider aktivt med å fremme likestilling og hindre diskriminering. Dette vert synleggjort gjennom vår lokale lønnspolitikk, rekruttering, og i den strategiske plana vår kor likestilling og inkludering er eit gjennomgåande perspektiv og som det skal takast omsyn til i alt vi gjer.

Arbeidet med likestilling og diskriminering er nedfelt i virksomhetens personalpolitikk, lokale lønnspolitikk, strategisk plan og handlingsplan for inkluderings- og mangfoldsrekruttering.

Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljøsaker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid i håndhevingssakene per 31.12. Dere skal kun rapportere på saker som gjelder brutt/ikke brutt aktivitetsplikt.

Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida i handhevingssakane var i 2021 på 75 dagar.

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal beskrive vurderingene som var avgjørende for valg av:

- a) tilsynstema
- b) omfang
- c) skriftlig eller stedlig tilsyn
- d) tilsynsobjekt

Opplæring

Aukra kommune – Julsundet skole – Nasjonale prøvar, deltema 2, 3 og 4 – skriftleg:

6 % fritak frå prøvene. Det har vore vanskeleg å få dei til å ferdigstille nasjonale prøver til riktig tid. Vi har tatt fleire telefonar for å få skulen til å bli ferdig til frist.

Smøla kommune – Smøla barneskole – Nasjonale prøvar, deltema 2, 3 og 4 – skriftleg:

19 % fritak frå prøvane. Ei kommune vi hører lite eller ingen ting frå.

Kristiansund kommune – Nordlandet ungdomsskole – Internkontroll og skolemiljø (første pilotering av nytt FNT), to deltema – digitale intervju:

Kristiansund kommune var i 2018 – 2020 med i Læringsmiljøprosjektet i regi av Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøenteret. Bakgrunnen for dette var at Elevundersøkinga viste at det var høge mobbetal over tid på 10. trinn. Nordlandet ungdomsskule vart valt ut for å sjå om læringsmiljøprosjektet hadde effekt på dei skulane som ikkje var direkte involverte i sjølvé prosjektet.

Sula kommune – Måseide skule – Internkontroll og skolemiljø (første pilotering av nytt FNT), to deltema – digitale intervju:

Ifølge Elevundersøkinga har kommunen over fleire år hatt relativt høge mobbetal på 7. trinn. Vi har også hatt saker om skolemiljø på skolen og

bekymringar frå foreldre.

Sunndal kommune – Grunnskoleopplæring for vaksne, begge deltema – stadleg:

Vi har fått ein del spørsmål frå elevar om regelverk til opplæringa.

Molde kommune – Skjerve barne- og ungdomsskole – Skolemiljø (aktivitetsplikten) – stadleg tilsyn

Dei har hatt høge mobbetal over fleire år. Vi har fått 9a -meldingar frå foreldre, og dessutan generelle bekymringar frå foreldre.

Hustadvika kommune – Bud barn – og ungdomsskole – Elevens utbytte, alle deltema – Oppfølging – stadleg tilsyn:

Oppfølging etter tilsyn hausten 2017. Då vart det avdekt 6 lovbroter og 15 korreksjonspunkt.

Ålesund kommune – Aspøya skole - Særskilt språkopplæring – stadleg tilsyn:

Dei har innføringsklasser for nyankomne elevar på 3. -4. og 5.-7. trinn. Vi høyrer lite eller ingen ting frå denne skolen.

Giske kommune – Valderøy Barneskule – Spesialundervisning; planlegge, gjennomføre og følgje opp – stadleg:

Vi har fått klaga frå Utdanningsforbundet, FAU Valderøy Barneskule, FAU Valderøy ungdomsskule, Vigra Barneskule. I tillegg har det vore artiklar i lokalavisa ang bekymring over kommuneøkonomien og kutt i økonomi til skoleområdet.

Gjemnes – Batnfjord skole – Spesialundervisning; planlegge, gjennomføre og følgje opp – stadleg:

Her var det fleire avisoppslag der det kom fram at skulen ikkje gjennomførte spesialundervisninga som elevane har krav på. Generell trong kommuneøkonomi.

Møre og Romsdal fylkeskommune – Atlanten vgs – Gjennomføre vidaregåande opplæring for vaksne - stadleg:

Vi har tidlegare ført tilsyn med systemet til fylkeskommunen (skoleeigar), no fører vi tilsyn med ein «lita eining» og i 2022 skal vi føra tilsyn med ein «stor eining» for å sjekke om pålegg om endring også har medført endring i skolane.

Barnehage

ROS-analyse ligg til grunn for våre val av tema, omfang og tilsynsobjekt. Smittestoda for pandemien vart avgjerande for val av form.

Kilder til informasjon:

- aktuelle politiske dokument som t.d. Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
- lovforarbeit og rettleiarar - særleg i tilknytning til barnehagelova sitt kapittel VII Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring m.m
- Barnekonvensjonen og Barnets beste vurderinger
- sterkt nasjonalt fokus på stoda for sårbare barn jf. Koordineringsgruppa sine rapportar
- klagesaker for vedtak om spesialpedagogisk hjelp og tiltak for barn med nedsett funksjonsevne
- BASIL
- tips
- kontakt med kommunane
- presseoppslag

a) tilsynstema

Hovedtema for tilsyn i 2021 har vore kapittel VII i barnehagelova, Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring mm. (felles nasjonalt tilsyn). Ut over dette har vi hatt eitt hendelsesbasert tilsyn om godkjenning av barnehagar.

b) omfang

Vi har fulgt metodehandboka og kommunane har svart ut alle spørsmål for temaet i Reflex. Det er med andre ord relativt omfattande tilsyn.

c) skriftleg eller stadleg tilsyn

Det har vore ønskeleg med størst mogleg grad av stadlege tilsyn, men smittestoda i fylket har vore avgjerande for korleis tilsyna har blitt gjennomført. Skriftelege tilsyn i Ulstein, Sunndal og Surnadal kommunar.

Stadleg tilsyn i Ørsta kommune.

Hendelsesbasert tilsyn med Fjord kommune.

d) tilsynsobjekt

Vi har ført tilsyn med kommunane som barnehagemyndighet. Med bakgrunn i ROS-analyser blei følgande kommunar valt ut: Sunndal, Surnadal, Ulstein, Ørsta.

Oppfølging av restrisiko (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan de følger opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

Vi følgjer opp på ulike måtar:

- vi gir råd og rettleiing - vi følgjer utviklinga gjennom rapporteringar i BASIL og GSI, og tek kunnskapen frå det arbeidet med i vår vidare risikovurdering - i nokre av tilfella har vi tatt kontakt med kommuneneiinga for å få orientering om forholda som er avdekt, og rettleia kommunen ut i frå framkomne opplysningsar

Ved avdekking av restrisiko vurderer vi ulike tiltak og kva som vert mest formålsteneleg å nytte. Vi vurderer også fortløpende å opne tilsyn på andre spesifikke områder, der det er avdekt risiko.

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Barnehageområdet: 23 klager behandla, av dei vart 19 stadfesta og 4 oppheva.

Opplæringsområdet: 72 klager behandla, av dei fekk 43 medhald, 28 stadfesta og 3 oppheva.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Barnehageloven § 10	0				
Barnehageloven § 16	0				
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	1	0	1	0	0
Forskrift om tildeiling av tilskudd til private barnehager	3	0	3	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	1	0	1	0	0
Barnehageloven § 16 a	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
Barnehageloven § 19 e	1	0	1	0	0
Barnehageloven § 19 g	17	0	13	4	0
Barnehageloven § 19 h	0				
	23	0	19	4	0

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Inntak, § 3-1	1	0	1	0	0
	1	0	1	0	0

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Inntak, § 3-1	1	0	0	1	0
Bortvisning, § 3-10	1	0	0	1	0
	2	0	0	2	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Standpunkt i fag	47	38	9	0	0
Standpunkt i orden og oppførsel	1	1	0	0	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	4	0	4	0	0
Skyss, § 7-1	5	2	2	1	0
Skoleplassering, § 8-1	11	1	10	0	0
Sum	69	42	26	1	0

Vi har behandla ei sak etter § 2-5, fjerde ledd, klager fekk medhald og ei sak etter § 2-1 fjerde ledd (fritak frå opplæringsplikta / forsering av skoleår), klager fekk ikkje medhald.

Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
	0	0	0	0	0

Kompetansefeltak på fagopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvilke kompetansefeltak dere har gjennomført på fagopplæringsområdet, og hva dere har gjort for å øke regelverksetterlevelsen i sektor.

Statsforvaltaren har i 2021 gjennomført intern kompetanseheving på fagopplæringsområdet ved å gå gjennom informasjon og oppdatere seg på relevant regelverk.

Vi har hatt møte med Møre og Romsdal fylkeskommune om fagopplæringsområdet. Hensikten med møtet var å ha ein dialog knytt til regelverket innafor fagopplæringsområdet, få informasjon og kunnskap om korleis fylkeskommunen arbeider, og kva for utfordringar dei har på dette området. Dette som ledd i å bidra til auka regelverksetterleiving i sektor.

Statsforvaltaren har ikkje gjennomført tilsyn på fagopplæringsområdet i 2021, men vi har bruk tid på å planlegge gjennomføring av tilsyn i 2022, med tema fylkeskommunen sitt ansvar for lærebedrifter.

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på arbeidet med kompetanseutvikling for barnehager og skoler i fylket, herunder vurdere hvordan barnehage- og skoleiere sikrer at kompetansebehov er vurdert, og hvordan samarbeidsforum sikrer at tiltakene møter lokale behov og gjennomføres i partnerskap med UH. Statsforvalteren skal gi sin vurdering av hvordan kompetansemodellen på sikt kan bidra til å utjewe kvalitetsforskjeller mellom barnehager og skoler.

Statsforvalteren skal også rapportere i egne tabeller på deltagelse i kompetansetiltak i regional ordning for barnehage og desentralisert ordning for skole.

Møre og Romsdal har valgt ein desentralisert modell for organisering av arbeidet med lokal kompetanseutvikling. Det er 5 samarbeidsforum i fylket - 4 knytta til geografiske regionar og etablerte fagnettverk, 1 for fylkeskommunen. Alle tre ordningar; desentralisert ordning, regional ordning og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis blir tatt i vare i alle samarbeidsforum (med unntak av at regional ordning som ikkje er tema i samarbeidsforum for fylkeskommunen).

Statsforvaltaren arrangerer årleg fylkessamling for alle deltagarar i alle samarbeidsforum. Fylkessamlinga skal være ein arena for erfarsingsdeling, dialog og informasjon. Årets tema var "Kor står vi - kor går vi..." .

Gjennom partnerskap sine rapporteringar i Udir sitt system kjem det fram at det er mykje godt arbeid som blir gjort i heile fylket. Samarbeid i ulike partnarskap, mellom kommunar og regionar bidrar til auka felles forståing for arbeidet - og er i seg sjølv viktig for å bidra til auka kvalitet i tilbodet til barn og unge. Samarbeidsforuma i Møre og Romsdal har lagt opp til fleire felles, regionale tiltak, og alle skule- og barnehageeigarar er inviterte med. Dette meiner vi bidrar til felles kompetanseløft og utjamning av kvalitetsforskjellar.

Samstundes er det ikkje til å legge skjul på at ordninga med lokal kompetanseutvikling òg er krevjande. Mange opplever ordninga som byråkratisk, og det er variasjon i kva grad planar og tiltak er forankra. Vi opplever det som svært positivt med samhandling med mange aktørar, men det er eit dilemma at strukturar for roller, ansvar og mynde i forvaltningsnivå ikkje følger dei ordinære forvaltningslinene. Vi kjenner oss godt igjen i funna som OsloMet syner til i sin rapport "Lokal kompetanseutvikling. Evaluering av implementering av ny tilskuddsordning i grunnopplæringen".

Som Statsforvaltar er vi fortsatt i prosess med å finne ein betre måte å ivareta vår rolle som sekretariat og forvaltar av ordninga på. Vi er i gang, og vil arbeide for å styrke område der vi ser at vi har eit forbettingspotensiale.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltagelse på andre kompetansetiltak

	Antall deltagere fra kommunale barnehager	Antall deltagere fra private barnehager	Antall deltagere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	21	21	42
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	29	13	42
Barnehagefaglig grunnkompetanse	97	37	134
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	209	97	306
Totalt	356	168	524

Fleire melder at dei grunna pandemien ikkje har fått gjennomføre alt som var planlagt

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildelt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget		
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere		
Barnehagefaglig grunnkompetanse		
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	2 961 246	30
Totalt	2 961 246	30

Tilskot innafor 30 % ressursen er tildelt som tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering. Vi har ikkje datagrunnlag for meir detaljert rapportering, men synar til rapporteringane i Udir sitt høyringssystem.

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal innhente informasjon om hvordan det spesialpedagogiske støttesystemet ble involvert i forfasen, og inkludert i valg av tiltak i oppfølgingsordningen. Statsforvalteren skal vurdere om tiltakene som er iverksatt bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Det var ingen kommunar og skular i Møre og Romsdal fylke som var med i oppfølgingsordninga i 2021.

Kompetanseløftet (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan de har fulgt opp arbeidet med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis i sitt fylke.

Organiseringa av dei fem samarbeidsforuma i fylket er slik at regional ordning, desentral ordning og kompetanseløftet er samla. Alle samarbeidsforum arbeider med å sjå ordningane i samanheng og alle kommunar og eigarar er inviterte inn i dette arbeidet.

Høgskulen i Volda har gjennom piloten med Hareid kommune laga eit system for kartlegging av behov som blir nytta i mange partnarskap. Dei har delt sine erfaringar på mange arenaer, mellom anna i webinar i regi av Udir, på fylkessamlinga i Møre og Romsdal, i høgskolemiljøet og i regionar.

Statped har vore naturleg samarbeidspart i fleire av nettverka. Alle regionar har fokus på å kartlegge behov og sjå korleis dei skal implementere dette i vidare arbeid. Det er eit omfattande arbeid, og samanhengen til barnevernreforma skal det òg takast omsyn til. PPT i fylket signaliserer ei viss uro rundt ordninga og dei ønsker meir informasjon og medverknad i arbeidet.

Partnerskapet med UH fungerer godt, og arbeidet med pilotane må framhevest som særstakt viktig. Region Nordmøre har sitt partnarskap med NTNU og DMMH. Dette partnarskapet er òg svært positivt og dei er i oppstart med kompetanseløftet.

I tillegg til rolla som sekretariat for samarbeidsforuma har Statsforvaltaren lagt til rette for dialogarena mellom leiarar i samarbeidsforum, UH, Statped og KS. Vi ser at det er behov for tettare kontakt og vil legge til rette for det i det vidare arbeidet.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.8.10.1 i TB)**Rapportere på**

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Vi har behandla seks klagesaker etter introduksjonslova/ integreringslova i 2021. Av desse omhandla fem klager avslag på deltaking i introduksjonsprogram, mens ein klage omhandla avslag om utvida tid i introduksjonsprogrammet.

I fire av klagene vart kommunen sitt vedtak stadfesta, mens Statsforvaltaren endra kommunen sitt vedtak i to klager.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.8.10.2 i TB)**Rapportere på**

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal hadde ingen klager på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar i 2021.

Statsforvalteren skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.8.10.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gjennomføre statsborgerseremonier for alle nye statsborgere i fylket som har fylt 12 år, samt medvirke til at andelen av nye statsborgere som deltar på seremoniene øker.

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjonar til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

Vi gjennomførte digital statsborgarseremoni også i 2021. Totalt utsendte invitasjonar var 584. Vi sendte ei lenkje til ein film med talar og musikk og ba om tilbakemelding på å få tilsendt gáveboka. 82 personar har bedt om å få tilsendt boka.

Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.8.10.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal også rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

I Møre og Romsdal har kommunane rapportert at det var 1272 deltakarar som fekk opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrare våren 2021. Av desse var det 47 asylsøkarar. Hausten 2021 rapporterte kommunane 1207 deltakarar, og av desse var det 139 asylsøkarar.

Tal på årsverk i kommunane som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven er 59,3 for våren 2021 og 58,0 for hausten 2021.

Ei fullstendig oversikt over kommunane som har rapportert, fordelt på spor, kjønn og målform er sendt HKdir. 18. januar 2022.

Bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.8.10.5 i TB)**Rapportere på**

Det vises til styringsparameter 3.3.3.2.1. Statsforvalteren skal kort redegjøre for samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune om rask og treffsikker bosetting samt gi en vurdering av samarbeidet.

Statsforvaltaren har jamleg kontakt med flykningteneste og voksenopplæring i kommunane, gjennom rettleing, tilsyn og klagesaksbehandling. Vi er og i tett kontakt med arbeidsutvalet for kommunal voksenopplæring i Møre og Romsdal, der vi blant anna formidlar sentrale føringer og oppdatert regelverksinformasjon.

Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom 2021 hatt jamlege møte, der vi har diskutert generelle utfordringar som fylkeskommunen har innanfor integreringsfeltet. I desse møta har det blant anna kome fram at fylkeskommunen har hatt dialog med alle kommunane i fylket i 2021, og fått god innsikt i kva for utfordringar kommunane har innanfor integreringsarbeidet.

Fylkestinget har og i plan for berekraftsfylket Møre og Romsdal 2021-2024 sett mål for samfunnsutviklinga som vil vere rettesnor for arbeidet med kvalifisering av innvandrarar. Med innspel frå NAV og kommunar har det blitt utarbeidd ein plan for kvalifisering av innvandrarar. Planen omfattar tiltak for å kvalifisere innvandrarar til å møte dei regionale arbeidsmarknadsbehova og avstandar til sentrale tilbod.

Når det gjeld strategi arbeider fylkeskommunen med ein fylkesstrategi for kompetanse som vil ha eit breiare perspektiv, og plan for kvalifisering av innvandrarar vil kunne bli ein del av denne.

Slik vi vurderer det oppfyller vi samarbeidet mellom statleg, kommunal og fylkeskommunalt nivå om rask og treffsikker busetting i stor grad, styringsparametret 3.3.3.2.1, jf. 3.3.3.2.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)**Rapportere på**

- Antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene samlet per 31.12.2021, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene hos statsforvalteren.
- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindriftsforvaltning per 31.12.2021.
- Ressurser benyttet til planlegging og gjennomføring av kontrollplanen på landbruks- og reindriftsområdet.

Det er 19 einingar/landbrukskontor i Møre og Romsdal, noko som er uendra frå 2020.

Det er 38,2 årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane, ein reduksjon på 0,6 årsverk frå 2020.

Ellers er det vanleg at tilsette i landbruksforvaltninga i kommunane har tilleggsoppgåver som t.d. viltforvaltning, næring, leiing, miljø, forureing, statleg sikra friluftsområde, som gjer det vanskeleg å rapportere eksakt på antal årsverk.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune. Det er difor heilt nødvendig at kommunane prioritærer å ha ei robust landbruksforvaltning. Dette set Statsforvaltaren fokus på i vår dialog med kommunane.

Arsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2021.	16.0
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2021.	
Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2021 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.1.	3.0
Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2021 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.2.	
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2021 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1	10.0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2021 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.2.	

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodatoplan.

Vi arrangerte eit webinar våren 2021 med temaet AR5 for våre kommunar. NIBIO orienterte da om mogelege rutiner for oppdatering. Det er ulik praksis mellom kommunane. Ansvar for oppdatering ligg enten til landbrukskontor eller geodataansvarleg, og gjerne gjennom eit samarbeid.

Vi har hatt digitalt AR5 feltkurs for kommunane i 2021. I haust blei fleire kommunar i fylket med for å prøve ut den nye ordninga med weboppdatering av AR5.

Alle kommunar har fått gjennomført periodisk ajourhald av AR5 dei siste åra gjennom eit eige prosjekt. Det vert no arbeidd med å få implementert periodisk ajourhald i komande geovestprosjekt.

Statsforvaltaren v/landbruksavdelinga er representert i fylkesgeodatautvalet og arbeidsutvalet for basis geodata. Ein søker å ta vare på landbruksinteressene (m.a. AR5) i det regionale kartsamarbeidet som deltar i desse utvala.

Nokre kommunar har utfordringar knytt til ajourføring av AR5 grunna desse forholda:

- manglende kompetanse og kapasitet
- feil og manglar i matrikkel
- fellesareal utan innbyrdes grenser
- store gebyr for retting og oppmåling gjer at grunneigar ikkje vil gjennomføre kartforretning

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodatoplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	0	0	26

Tal kommunar i første kolonne er ikkje kjent.

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)**Rapportere på**

Rapportere om antall saker der anmeldelse er vurdert, antall saker som er anmeldt og hvilket regelverk sakene gjelder.

Vi har ikkje hatt saker i 2021 på landbruksavdelinga der anmeldelse er vurdert.

Utveksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**Rapportere på**

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

- Vi får saker oversendt frå Mattilsynet etter punkt 3 i avtalen, men er usikre på om vi får alle aktuelle saker.
- Det er åleg møte på regionnivå mellom MT og SF. Det er også møter mellom kommunar og lokale MT, men ikkje i alle område og ikkje til faste tidspunkt. Å ha meir faste møtepunkt er etterlyst frå kommunane.
- Kommunane opplever slike saker frå MT som vanskelege å vurdere, og vil gjerne diskutere korleis dei skal vurdere vanleg jordbruksproduksjon i slike saker med andre kommunar med erfaring. Vi meiner at kommunane med slike saker har gjort gode vurderingar i 2021.
- SF har fast med MT på fagsamlingar med kommunane. Vi har diskusjonar rundt tema dyrevelferd og vanleg jordbruksproduksjon på alle samlingar

med kommunane, og har også hatt det som tema på eit webinar i 2021.

Utveksling av informasjon om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Herav antall saker kommunen har utbetailt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	3	1	0	2
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøsel av dyr)	0	0	0	0
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3	0	0	0	0

Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidstavtalen i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	2	1	0	1

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)

Rapportere på

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Møre og Romsdal hadde pr. 15.01.2018 åtte pelsdyroppdretterar som var omfatta av ordninga om kompensasjon etter avvikling av hald av pelsdyr. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ferdighandsama ein søknad frå 2020. I 2021 mottok Statsforvaltaren tre søknader om kompensasjon etter avvikling av hald av pelsdyr i 2021 og desse er innvilga.

Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrholt

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Kompensasjon etter avvikling	4	0	0	4
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	0	0	0	0
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	0	0	0	0
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrholt	2 435 319	0	0	2 435 319

Gevinstrealiseringssplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

I gevinstrealiseringssplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og avløsning til ferie og fritid, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringssplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

Ikkje aktuelt for Møre og Romsdal.

Rapportering på kommunenes avvikshåndtering og avkorting (fra kapittel 7.3.9.10 i TB)

Rapportere på

Rapporter på kommunenes praktisering av avvikshåndtering og avkorting ved feilopplysninger i søknader om produksjons- og avløsertilskudd.

Vurderingane i det fylgjande baserer seg på søknadsomgangen i 2021.

Statsforvaltaren har til hjelp i sitt arbeid laga ei oversikt over kommunane sitt arbeid, som forløpende vert oppdatert gjennom året for søknadsomgangen. I

dette oppsettet har vi også ei oversikt over ulike avkortinger som kommunane skal vurdere i sakshandsaminga.

Alle kommunane vurderer søknadsopplysningene for feil. Kommunane korrigerer der det er feil i omsøkte opplysningsar, utifrå maskinenelle kontrollar, særleg for kontroll av areal. Statsforvaltaren erfarer at det er lettare å vurdere avkorting for feilopplysningene når det gjeld omsøkte dyr.

Når det gjeld er avkortinger for feilopplysningene knytt til areal, vert det korrigert utan avkortinger for feilopplysningene. Dette har samanheng med oppdatering av gardskart som kjem før nært søknadsfristen for areal. I tillegg er kontroll av aktivt drift på areala vanskelegare for kommunen å få kontrollert, når kontrollen er i november, etter endringsfristen.

Kommunane har i dei aller fleste avkortingssakene for feilopplysningene følgt det som er norm. Der dei avviker frå norma er det gjort ei konkret vurdering.

Dei fleste kommunane har ikkje lagt vurderingane som er gjort ved avkorting av feilopplysningene inn i estiPT. Dette vil Statsforvaltaren ha eit auka fokus på i året som kjem, både gjennom forvaltningskontroll, på webinar og i samlingar med kommunane.

Statsforvaltaren har hatt auka fokus på vanleg jordbruksproduksjon særleg retta mot saueproduksjon. I Møre og Romsdal er det mykje utegangarsau, og det kan vere utfordringar knytt til vanleg jordbruksproduksjon i sauehaldet. Gjennom det auka fokuset Statsforvaltaren har hatt i 2021, ser vi at fleire kommunar har vurdert om kriteria for vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt, særleg for husdyrproduksjonen. Mange kommunar syns dette er vanskeleg å vurdere, sidan det skal skiljast mellom dei ulike rasane, kva som er forventa slaktevekt på lamma og lokale variasjonar.

Avkorting ved feilopplysninger

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall saker der kommunen har avkortet	Herav antall saker der kommunen har avkortet merutbetalingen	Herav antall saker der kommunen har avkortet mindre enn merutbetalingen	Herav antall saker der kommunen har avkortet mer enn merutbetalingen	Herav antall saker der kommunen ikke har avkortet
Foretak som har ført opp feilopplysninger for søknadsomgangen 2021 (som ville ført til en merutbetaling)	67	35	32	0	207

Rapportering jord-, kosesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.12 i TB)

Rapportere på

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, kosesjonsloven og odelsloven i 2021

Saker etter jord- og kosesjonslov - vedtak

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	0	0	0
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	3	1	2
Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking)	1	0	1
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0	0	0
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0
Vedtak i klagesaker om kosesjon – kosesjonsloven § 9	3	1	2
Vedtak i klagesaker om kosesjon for selskaper med begrenset ansvar – kosesjonsloven § 9	0	0	0
Vedtak i klagesaker om kosesjon for erverv i nær familie – kosesjonsloven § 9 siste ledd	0	0	0
Vedtak i klagesaker om kosesjon i kommuner med forskrift om nedsatt kosesjonsgrense – kosesjonsloven § 7	0	0	0

Saker etter jord- og kosesjonslov - utfall av søknaden/saken

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	3	1	0	2	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven § 12	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd	1	1	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om kosesjon - kosesjonsloven § 9	4	3	0	1	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om kosesjon – kosesjonsloven § 9	3	1	0	2	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om kosesjon for selskaper med begrenset ansvar - kosesjonsloven § 9	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om kosesjon for selskaper med begrenset ansvar - kosesjonsloven § 9	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om kosesjon for erverv i nær familie - kosesjonsloven § 9 siste ledd	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om kosesjon for erverv i nær familie - kosesjonsloven § 9 siste ledd	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om kosesjon i kommuner med forskrift om nedsatt kosesjonsgrense - kosesjonsloven § 7	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	1	0	0	0	0	1	0	

Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	0		
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	0		
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	0		
Grønnstruktur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

Ingen saker som gjelder omdisponering i 2021

Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet
Vedtak	1	1	0
Påklaget til Landbruksdirektoratet	0	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	0	0	0	1
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	0	0	0	1
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliktsak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	0	0	0	0	0

Ingen saker i 2021

Arbeidet for utsatte barn og unge (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**Rapportere på**

Vi viser til oppgave 5.2.2.1 Koordinert innsats for utsatte barn og unge og deres familiær i VØI.

Statsforvalteren jobber strategisk og langsiktig for samordning av tjenestetilbuet til utsatte barn og unge og deres familiær. Vi ber om en rapportering på effekten av tiltak som er gjennomført på dette området i 2021. Statsforvalteren skal gi en vurdering av resultatene av tiltakene, se hjelpetekst.

Det er ei utfordrande oppgåve å samordne tenestetilbuet til utsette barn og unge og deira familiær. Vi ser ein auke i samansette saker i kommunane og det er difor viktig at kommunane får til god tverrfagleg og samordna innsats. Det er mange satsinger i dei ulike fagspora og på ulike nivå. Vi har som formål at statsforvaltaren skal vere meir samordna, både internt og ut mot kommunane. Det er etablert ei intern samarbeidsgruppe som skal identifisere tverrgående oppdrag mellom oppvekst- og utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga. I tillegg er det utarbeida interne retningslinjer og etablert samarbeid i enkelsaker som krev kompetanse frå både oppvekstfeltet og helseområdet. Vi ser enda at vi jobbar mykje i egne fagspor, men ønsker å bli betre på samordning gjennom denne gruppa. Vi vil vidare nemne nokre område kor vi meiner at vi kan sjå effekt i tverrfagleg tenking og samordning. Det er førebels vanskeleg å dokumentere effekt av dei samla tiltaka, men gjennom auka samhandling og samordning på ulike område, meiner vi at det på sikt vil gje konkrete og målbare resultat på eit meir samordna tenestetilbod.

Utsette barn og unge i NAV

Vi har eit gjennomgåande perspektiv knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår både når vi legg planar for arbeidet med kompetanseheving i NAV, og er i kontakt med både NAV og kommuneadministrasjonen om dei sosial tenestene. Dette er eit gjentakande tema på NAV-leiarmøter, møter vi har med kommunedirektørane, i lovopplæringa, i sakshandsaming og i tildeiling av tilskot til utvikling av sosiale tenester i NAV. I NAV-leiarmøte har vi mellom anna lagt spesielt vekt på barnevernreformen, og tilskot og samhandling i kommunane. I quest-backundersøking til NAV-kontora i desember var eit av spørsmåla knytt til korleis dei har lagt til rette for å følgje opp barn og familiær i pandemtid. Det var om lag halvparten av kontora som svarte og samtlige av kontora var tydeleg på at barnefokuset sto sterkt i deira arbeid. Det er mange regionale og statlege aktørar som har oppdrag om å legge til rette for systematisk arbeid for dei sårbare barn og unge. Statsforvalteren sin innsats på dei områda vi rår over meiner vi er med å på løfte kunnskap å og innsats på området og er med på å gi ein samla effekt for å betre tenestene i NAV til utsette barn, unge og familiær, og deira samhandling med andre kommunale tenester.

Barnevernreforma/oppvekstreforma

Barnevernreforma si målsetting om tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats overfor utsette barn og unge har vore framheva frå Statsforvaltaren på mange arenaer i 2021. Vi har og vist til kommuneleiinga si plikt til å utforme ein plan for førebyggande arbeid frå 2022 og endringane har i tillegg vore fast tema i embetsleiinga sine kommunemøte. Kommunane melder tilbake at dei både er opptekne av og gjennomgår korleis dei best mogleg skal organisere det tverrfaglege og førebyggande arbeidet i samsvar med nye krav og forventningar. Vi ser ein konkret effekt ved at det er større tverrfagleg oppslutning og interesse ved aktuelle invitasjonar og aktivitetar. Kommunar som er med i interkommunale barnevernsamarbeid ser at samarbeid mellom barnevernet og andre kommunale tenester kan bli utfordrande sett opp mot måla i reforma, og vurderer derfor endringar i samarbeidsavtalar.

Vald i nære relasjoner

Vald i nære relasjoner har vore eit prioritert område over tid i embete. Vi har tidlegare tildelt midlar til alle dei tre kriesentra for å heve den tverrfaglege kompetansen, auke samhandling og arbeide med utvikling av lokale handlingsplanar mot vald i nære relasjoner. Vi ser at det er ulikt handsama i dei tre regionane i fylket. I to av dei tre regionane er dei godt i gang eller har ferdige handlingsplanar. Det er i Romsdalsregionen dei har kome lengst i arbeidet. Der vert det i Molde kommune satsa på å lage digital handlingsplan samarbeid med sju omkringliggende kommunane. Dette er delvis finansiert av tilskotsmidlar frå SFMR og kompetansebistand frå RVTS. Her ser vi at tilskot gitt til kompetanse og stimulering til utarbeidning av handlingsplanar har ført til at kommunane har sett ei utfording med å gjøre handlingsplanen kjend. Deira kunnskap og våre midlar har i fellesskap generert det vidare arbeidet. SF har også nytta deira erfaring i webinar knytt om Vald i nære relasjoner. Det har skapt interesse for digital handlingsplan også i andre kommunar.

Regionalt team for betre tverrfagleg innsats

Statsforvaltaren deltek i regionalt team for betre tverrfagleg innsats barn og unge (BTI/BTS) i regi av KORUS. I 2021 var det 9 kommunar, og frå 2022 er det 13 kommunar i Møre og Romsdal som deltek i BTI/BTS. Det har vore jamlege møter på Teams, og den regionale nettverksamlinga som skulle vore arrangert hausten 2021 skal gjennomførast i mars 2022. Det har også vore samarbeidsmøte med «Tidleg inn», for nettopp å sjå satsingane i samanheng.

Samarbeidet med Helse MR om Barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal

Satsinga «Barn og unges helseteneste» rullast ut i Møre og Romsdal frå 2022. Gjennom barn og unges helseteneste i Møre og Romsdal skal brukarar av tenestene, fastlegar, fagfolk i kommunale tenester og spesialisthelsetenesta samarbeide om å utvikle samhandlingsforløp for born og unge. Verktøy som er på veg til å utviklast er delt inn i sju forløp for dei vanlegaste psykiske helseplagar born og unge kan ha. Forløpa skal skildre dei ulike tenestene sine roller og ansvarsområde og skal fungere som eit kart over tenestene. Satsinga barn og unges helseteneste handlar om å kunne tydeleggjere ansvarsområde og skape eit betre hjelpe tilbod med mål om at born og unge skal få rett hjelp hjå rett teneste og at det vert gitt heilskaplege tilbod.

Det er viktig å sjå denne satsinga i samanheng med Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) og korleis ein kan bruke samhandlingsforløpa konkret i BTI-modellen i kommunane. Det har allereie vore eit møte mellom begge satsingane, og både samhandlingsforløpa og rollebeskrivingane kan nyttast direkte inn i kommunane sine handlingmodellar. Statsforvaltaren si deltaking bidreg til at vi held oss orientert om det tverrfaglege arbeidet ute i kommunane, samt at vi kan gi aktuell informasjon tilbake. Det vurderast at det er viktig for samordningsoppgåva vår at vi deltek og held oss orientert. Dette gjev effekt ved at vi kan være ein meir aktiv pådriver for å sjå dei ulike satsingane i samanheng, og at kommunen opplever at statsforvaltaren har oversikt og arbeider meir heilskapleg. Effekten er målbart i den grad vi ser at ulike satsingar samhandlar og vert iverksatt meir systematisk og målretta. Dette vil og bli forsterka av den lovpålagde plana for førebygging, og endringane i velferdslovgivinga som kjem i august 2022.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehagar og grunnopplæring

I ordninga med lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring er samordning, partnerskap og felles lokale planar for arbeidet sentralt. I dette arbeidet er det tverrfagleg arbeid mellom barnehage- og skuleigarar, PPT, kommunane som barnehagemynde, Statped, UH, KS og lærarorganisasjonar. I arbeidet med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er det ofte løfta fram korleis arbeidet med dei ulike ordningane kan harmoniserast betre. I møta i samarbeidsforum og elles er det vårt inntrykk at kjennskap til- og fokuset på tverrfaglegheit og samordning er aktualisert. I dette arbeidet er det no mange prosessar både med kartlegging og koordinering. Partnerskapa har rapportert om dette arbeidet i eigen høyingskanal til Udir.

Ei vurdering av andre aktørers innflytelse på effekt/resultat

I Levekårsnettverket møtes regional stat på ledernivå. Alle aktørane har i 2021 hatt eit fokus på nasjonal strategi barna først og oppvekstreforma.

Vi har tett samarbeid med regional og nasjonale kompetansesentra. Dei er viktige samarbeidsaktørar for å kunne imøtekomme oppdrag knytt til kompetansetiltak og oppfølging av kommunane. Hos statsforvaltaren har vi ikkje alltid nødvendig kompetanse eller ressursar som krevst for å jobbe tett på kommunane. Eit samspel mellom kompetansesentra og Statsforvaltaren er heilt nødvendig for å oppnå effekt på dei ulike nasjonale satsingsområda. Vi har årlege felles møte med regionale kompetansesentra samla og kvar for seg for å legge til rette for felles handlingsplanar.

Hva er embedets forbedringspotensiale når det gjelder dette arbeidet?

Vi har ein samla oversikt over dei ulika tilskota vi tildeler. Før tildeling har vi ein intern diskusjon med alle som har ansvar for tilskot hos oss. Dei ulike tilskote vert tildelt ut frå ei tverrfagleg risikovurdering.

Effekten av det, er ei spissa og samordna tilskotsforvaltning med målsetting om at kommune skal sjå sammenheng mellom dei ulike tilskota og arbeide tverrfagleg med utviklings- og forbetringssarbeid i tenestene. Vi viser i ulike samanhengar til at den enkelte kommune har fått tilskot på ulike tenesteområder. Når vi har gjennomført tilsyn i kommunar viser vi og til tilskott dei har fått og som kan hjelpe dei med å lukke lovbro.

SFMR jobbar systematisk med å sjå samanhengen mellom tilskudd, utviklingsoppgaver og tilsyn. Vi er i ein prosess der vi skal utvikle det vidare i arbeidet

vårt.

SFMR må jobbe vidare med å legge til rette for god samhandling for å løse våre oppdrag på tvers. Endring krev forankring og implementeringsarbeid. Vi er i gang, men erkjenner at vi bør arbeide endå grundigare med desse prosessane.

Vi må og fortsette å være merksam på tilgrensande områder der vi kan dra veksel på å vere på kvarandre sin arena. Det får vi til gjennom meir kunnskap om kvarandres oppgåver internt. Samtidig treng vi at også direktorat og departement i sine oppdragsbrev er tydeleg på at nokre oppgåver krev tverrfagleg innsats. Det må være likelydande eller samanfallande oppdrag i styringslinjene og oppdragsbrev Statsforvaltaren mottar.

Det todelte målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelte målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

Omfattande tilsyn med beitedyr innanfor forvaltningsområdet for jerv, og i Ulvådalen også bruk av voktarhund, har ikkje hindra at det vart ein sesong med store og tidlege tap av sau til jerv i 2021. I sesongar som i år, med sein vår/lite heimebeite og tidleg jerveskade, er ekstraordinær tidleg nedsanking vanskeleg å bruke. Tapa var koncentrert særleg i Ulvådalen i Raum kommune, og i Steindalen i Fjord kommune. I Steindalen hadde felling av skadegjerande jerv effekt. Skadefelling på barmark er vanskeleg å lukkast med. Statsforvaltaren ser tildeling av skadefellingsløye til bevæpna tilsyn som meir ressurseffektivt og lettare å mobilisere og oppretthalde over tid enn kommunale fellingsoperasjoner.

Utanfor forvaltningsområdet for jerv (i hovudsak Trollheimen) var tapa lågare enn i 2020.

I alle områda med tap til jerv i Møre og Romsdal er det stor frivilleg oppslutning om ordinær tidleg nedsanking. Brukarane gjer ein stor innsats som bidreg til å avgrense tapa på slutten av beitesesongen mot kva dei elles ville blitt. Konfliktnivået og tapstala knytt til jerv i Møre og Romsdal samanlikna med andre område, må sjåast i lys av denne innsatsen.

I høgfjellsområda med fast bestand av jerv er skadebildet over tid mykje likt, uavhengig av om dei ligg i beiteprioritert område eller i forvaltningsområdet. I eit beiteprioritert område som Trollheimen er det vanskeleg å redusere jervebestanden når dei naturretig tilhøva for jerv er gode, innvandringa er god, og lisensfelling og ekstraordinære uttak er krevjande. Motsvarande er beitebruken innanfor forvaltningsområdet høg, og tapa blir særleg omfattande i sesongar der det ikkje ligg til rette for tidleg nedsanking. Tapssesongen 2021 blir av kommunar og brukarar også sett i samanheng med at det ikkje vart tildelt lisenskvote i 2020/2021 innanfor forvaltningsområdet i Møre og Romsdal.

Ein første føresetnad for å oppnå måla for gjeldande rovdypolitikk er at jervebestanden i Møre og Romsdal blir tatt ned til bestandsmålet. Dette vil i første rekke kunne redusere tapa i Trollheimen. Innanfor forvaltningsområdet isolert sett er talet på ynglingar i samsvar med bestandsmålet for fylket. Området er lite, og det vil vere krevjande å halde bestanden stabilt på målet på tre ynglingar. Styrka samarbeid med region tre er nødvendig for å forvalte den felles jervebestanden. Gitt at forvaltningsområdet på sikt skal bere heile bestandsmålet for fylket, vil sesongtapa her variere etter dagens mønster så lenge beiteaktiviteten held seg på dagens nivå. Utanom redusert beiteomfang, ev. stimulert med omstillingsmidlar, ser Statsforvaltaren ikkje vesentlege, ubrukne verkemiddel for å redusere tapa og konfliktgraden innanfor forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal.

For gaupe samsvarer bestanden av gaupe og fordeling av tap av sau i stor grad med avgrensinga av forvaltningsområdet på Nordmøre.. Unntaket er indre delar av Romsdal, som har hatt nok dokumentert tap til gaupe. Kvotefri jakt utanfor forvaltningsområdet er hovudårsak til dette bildet. Bestanden av gaupe ligg over bestandsmålet i regionen. Hovudutfordinga for gaupe er å finne kadaver i skogsutmark, og ikkje minst at funna er så ferske at dei kan gi dokumentasjon for tap til gaupe. Tapa er truleg vesentleg høgare enn dokumenterte tap. Rovviltnemnda arbeider saman med NINA for å betre kunnskapen om gaupebestanden på Nordmøre.

Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.2.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, både på landbruks- og miljøområdet.

Felles

Alle dei tre UKL-områda og verdsarvområdet har hatt god aktivitet i 2021, og det er stor interesse for ordninga. I UKL-områda blei det til saman løvt 2 988 527 kroner. I verdsarvområdet ble det løvt 5 215 827 kroner. Alle områda har løvt så godt som heile årsramma si.

Kommunane gjer ei god prioritering av tiltak i tråd med forskrift, forvaltningsplanar og lokale retningslinjer, slik at natur- og kulturverdiane i områda blir teke vare på.

Vi har over langt tid hatt eit godt regionalt samarbeid med seksjon for kulturminne hjå Møre og Romsdal fylkeskommune. På slutten av 2021 kom det ein ny fagperson på plass hjå seksjon for kulturminne, som vi hos landbruksavdelinga har gitt innføring i ordninga.

Vårt inntrykk er at det har vore ei god samordning mellom kommunal og regional forvaltning i 2021. Sjølv om kommunen nå er forvaltningsmynde, så blir regional forvalting trekt inn i styrings-/arbeidsmøte. Vi har jamnleg kontakt med kommunane etter høve. Det var planlagt å ha ei regional samling for

områda i 2021, men denne blei bestemt utsett til 2022 grunna pandemien.

Nokre av kommunane rapporterer om at ordninga er ressurskrevjande. Den krev relativt mykje koordinering og til dels krevjande saksbehandling, oppfølging og rapportering av varierte tiltak innanfor mange ulike fagområde. Ei problemstilling som ofte dukkar opp er koordinering mellom ulike forvaltningsorgan når det gjeld kryssande omsyn. Dette gjer seg særleg gjeldande i område der UKL/verdsarv overlappar med verneområde, slik som i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap – delområde Geirangerfjorden.

Utover dette er vårt inntrykk at kommunane synest det er kjekt å arbeide med ordninga. Det er mange engasjerte sakshandsamarar i kommunane som har eit godt oversyn over områda og tiltaka, og har god dialog med grunneigarar/drivarar og oss på regional forvaltning.

Fjellgardan i Sunndal

For Fjellgardan i Sunndal har tilskot til årleg slått og beite, inkludert skjøtsel av naturtypar, vore prioritert (slik som tidlegare år). I tillegg er det gitt tilskot til utbetring og restaurering på Inner Gammelsetra. Setra er den einaste aktive i området og er ei fullforedlingseter i tillegg til å vere besøksseter og drive med kunnskapsformidling og kurs om seterkultur. Elles er det gitt tilskot til utbetring av køyrespor i Geitådalen for tilsyn av beitedyr og tilrettelegging for skjøtsel av naturtypar.

Hjørundfjorden og Norangsdalen

I Hjørundfjorden og Norangsdalen er det gitt tilskot til ei rekke ulike tiltak for å oppretthalde verdiane i området, mellom anna til restaurering av fleire kulturmiljø, støtte til Hjørundfjord mat og kulturfestival, kurs i torvtekking og til utprøving av det digitale gjerdesystemet Nofence. I området har det vore noko lokal ueinigheit om korleis midlane skal prioritert. Dette grunna mykje i at området er stort og har mange grunneigarar/drivarar med ulike syn på- og interesser i dei ulike verdiane som kulturlandskapet inneheld. I fjor haust starta kommunen arbeidet med å lage nye lokale retningslinjer for ordninga. Desse er no ute på høyring til grunneigarar, lag/organisasjonar og regional forvaltning.

Alnes

For Alnes er det tilpassing til turisme/besökande som har prioritert, der ein søker å løyse dette med tiltak som skilting og betre infrastruktur. I 2021 har ein prioritert tiltak med istandsetting av Fjellvegen opp Alneslia og Godøyfjellet. Turstien er eit vesentleg element av dei allmennytige tiltaka på Alnes, og er nedfelt som prioritert tiltak i forvaltningsplanen for området. Elles er det prioritert å gi tilskot til ein søknad for renovering av gardstu og til dyr på beite i området.

Eikesdalen

Våren 2021 jobba regional forvaltning saman med Molde kommune om å levere uflyllande og oppdatert informasjon om Eikesdalen, då området var kandidat til nytt Utvald kulturlandskap i jordbruksfeltet jf. «Plan for arbeid med utvalgte kulturlandskap 2020-2025». I samband med dette blei det halde møte med politiske leiing, kommunal forvaltning og grunneigarar/drivarar i området. Det overordna fleirtalet var interessert i- og positive til ordninga. Den 15.desember fekk vi stadfesta at området får status som utvald kulturlandskap frå 2022.

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Geirangerfjorden

I verdsarvområdet har tilskot til årleg slått og beite, inkludert skjøtsel av naturtypar, vore prioritert (slik som tidlegare år). I tillegg har det vore jobba godt med næringsutvikling innanfor det tradisjonelle jordbruksfeltet og fleire tiltak på Herdalssetra fekk tilskot.

På hausten starta arbeidet med å lage ny, felles tiltaksplan for kulturlandskapet for dei to delområda i Vestnorsk fjordlandskap: Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Stranda og Aurland kommune er prosjekteigar, medan Statsforvaltarane i Vestland og Møre og Romsdal er med som ressurspersonar i ei arbeidsgruppe. Planen skal på høyring i mars 2022. Forvaltningsplanen for verneområde skal startast opp no i 2022.

Kommunestruktur (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal rapportere om eventuelle prosesser i kommunene der kommunenesammenslåing har vært vurdert, og om hvordan det er blitt jobbet for å utfordre kommunene til dette.

Statsforvaltaren har hatt kontakt med kommunar som frå 2020 blei samanslått. Fleire av kommunane har hatt krevjande kvardagar etter samanslåinga, med samtidig handtering av pandemien. Ålesund kommune har en særdeles krevjande økonomi og har arbeidd med å finne løysingar på dette. I 2021 fekk dei ny kommunedirektør og har sett i gang med omorganisering av kommunen. I tillegg står Ålesund i prosess med ein mogleg deling av kommunen, ved at gamle Haram kommune kan gjenopstå etter tvangssammanslåingsvedtaket i Stortinget.

I 2021 har vi hatt fokus på kommunedialog og har snakka om tenestesamarbeid der kommunen har utfordringar med å gi lovpålagte tenester. Standa og Fjord kommunar har fått skjønnsmidlar til å utgreie ulike løysingar for tenestesamarbeid. Ørstad og Volda kommunar er i gang med eit felles strategisk samarbeid som skal gå over to år. Samlingane blir leia av samarbeidsparten som er Høgskolen i Volda. Første samling med kommunane sine kommunestyre blei gjennomført hausten 2021. Tema for samlinga var folkevalde sin rolle og innbyggarmedverknad.

Vårt arbeid i 2021 har i stor grad vore retta mot dei fem nye kommunane frå 1.1.2020. I tillegg har vi vore tilgjengelege og snakka fram samarbeid som mogleg løsing for kommunar som har utfordringar.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal anslo i 2. tertialrapporteringa eit mindreforbruk på omlag 1,2% i 2021. Vi hamna på 1,87% i mindreforbruk. Det ble eit lite avvik mellom prognosene pr 2. tertial og endelig resultat, dette skuldas i all hovudsak auka refusjonar frå NAV og forseinkinger i tilsettingar. Sidan 90% av ramma til SFMR er knytt til personalutgifter, betyr endring i personell økonomiske konsekvensar (til dømes vakansar og sjukemeldingar).

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fått auka ramma frå 2020 i samband med ny budsjettfordelingsmodell, samt overført unytta midlar frå 2020. Midlane har vi i all hovudsak nytta til rekruttering av nye stillingar, ein del av desse stillingane har ikkje heilårsverknad i 2021.

2021 har som 2020 vore eit spesielt driftsår i samband med Covid-19 situasjonen. Vi har også i 2021 hatt lågare ekstern aktivitet enn normalt, slik at vi har hatt lite utgifter til dømes reise og fysiske samlinger/tilsyn. Det blei meir aktivitet utover hausten. Kriseorganisering har ført til noko ekstrautgifter, mellom anna beredskapsvakt og overtid, både for medarbeidarar innan beredskap og helse. I budsjettarbeidet tok vi høgde for redusert reiseaktivitet, og omdisponerte midlar mellombels til å auke ressursar på områder der vi har hatt låg måloppnåing, investere i studio for å legge til rette for å bruke digitale løysingar for rettleatingsoppdraget til Statsforvaltaren, samt tilsett ein trainee i samband med inkluderingsdugnaden. I tillegg har restanseprosjekt frå Oslo/Viken og Fufinn prosjektet vergemål ført til ekstra utgifter for embetet då desse ikkje har vore fullfinansiert.

Vi har god styring med at ressursane blir brukt i tråd med prioriteringar og styringssignal, men også med fleksibilitet når det gjeld omfordeling i løpet av året, noko året 2021 har vore eit tydeleg døme på. Sjå tekstmeldinga i tabellen under.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2021	Fagdep. 2021	Kapittel 0525, 2020	Fagdep. 2020
Arbeids- og sosialdepartementet	2 063	1 604	1 625	1 579
Barne- og familieldepartementet	3 164	1 225	3 252	642
Helse- og omsorgsdepartementet	19 607	4 743	18 850	4 343
Justis- og beredskapsdepartementet	7 270	11 149	6 358	11 165
Klima- og miljødepartementet	13 832	6 712	12 623	6 533
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	30 539	1 710	27 040	1 655
Kunnskapsdepartementet	8 542	3 565	7 439	4 165
Landbruks- og matdepartementet	12 677	160	12 268	165
Andre	0	0	0	0
Sum	97 694	30 868	89 455	30 247

HOD: Full årsverknad for stillingsaude i 2020. JD: styrka arbeidet med Fylkes-ROS innan samfs. og beredskap, samt hatt ei auke i utgiftar i samband med covid19. Ramma på verjemålsprosjektet dekker ikkje fullt ut oppgåvene, som gjer at vi har dekkja ein del av utgiftane innan ordinær ramme. KLD tilbake på nivået som 2019. KMD gjeld etablering av digitalt studio, auka lønnsutgifter for plansaksmedarbeidarar for å behalde kvalifisert arbeidskraft.

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Vi meiner vi har brukt midlane slik at vi har fått utført samfunnsoppdraget på ein gjennomgåande god måte innanfor økonomiske rammer og dei avgrensingar som covid-19 har gjeve oss. Sjå elles kommentar under ressursrapporteringa.

4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Våre viktigaste styringsverkty er tildelingsbrevet, hovedinstruksen og strategisk plan som vert operasjonalisert i kvar avdeling gjennom virksomhetsplaner for kvart enkelt driftsår.

Statsforvaltaren har mål- og resultatstyring som grunnleggende styringsprinsipp, og nyttar metoden med målskjema. Desse vert utarbeidd og godkjent i leiarmøtet etter at alle avdelingane har operasjonalisert tildelingsbrev og hovedinstruks for komande år. På denne måten sikrar vi eit meir heilskapleg leiarsskap, kor alle er forplikt til å bidra. Vi har resultatssikringsmøtar 3 gonger i året for å sjå kor vi ligg an.

Allmøter, og medarbeiterdag/samling er viktige arena for å bygge laget hos Statsforvaltaren. Likedan gjennom faste oppsette møter for medråderett, og møter i AMU. Gjennom 2021 har fleire av desse vore gjennomført digitalt grunna at tilsette har sitte på heimekontor.

Fellesføring 2021

Oppfølging av regjeringens inkluderingsdugnad

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har også i 2021 nådd 5% målet gitt i fellesføringa for 2021. (8,3%)

Embetet har arbeidd systematisk for å realisere regjeringens inkluderingsdugnad, blant anna gjennom eigen handlingsplan for å nå måla for dugnaden.

Som følge av mindre reiseaktivitet på grunn av Covid-19 har vi omprioritert ressurser og tilsett ein medarbeidar i eit 2 års engasjement som deltek i traineeprogrammet i staten. Vi lyste ut to engasjement, men fekk berre kvalifiserte søkerar til den eine.

Status pr. 31.12.21

Ant. utlyste stillingar: 12

Ant søkerar: 124

Ant. søkerar påberopt funksjonsnedsettelse: 10 - 6 ikkje kvalifisert for stillinga

Ant. søkerar påberopt hull i cv: 11 - 8 ikkje kvalifisert for stillinga

Ant. tilsett med funksjonsnedsettelse/hull i cv: 1

4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

I vår risikostyringspolicy har vi skissert korleis vi gjennomfører risikostyringa knytt til måloppnåing i embedet. Vi knytter risikostyring til virksomhetsplanarbeidet i embedet, og jobber med kontinuerleg forbetring av alle våre fagområde.

Riskostyringa i embedet starter i strategisk lederguppe på overordna nivå i oktober/november etter at vi har fått tilsendt foreløpig tildelingsbrev, og før fordeling av rammer til avdelingane. Avdelingane gjennomfører etter dette risikostyring på sine områder både i samband med virksomhetsplanarbeidet og gjennom heile året.

Strategisk leiargruppe går gjennom dei kritiske faktorane for at vi kan

gjennomføre dei måla som er gitt statsforvalteren gjennom tildelingsbrev og virksomhet- og økonomiinstruks.

I arbeidet med verksemdsplanlegging i avdelingane er det gjort risikovurderinger og utifrå desse er prioriteringane tilpassa situasjonen i vårt fylke, slik at ulempene vert minst mulig.

Trass i auka tildeling som følge av ny budsjettfordelingsmodell vil vi likevel måtte gjøre prioriteringar av oppdraget då det ikkje er samsvar mellom ressursar som vert stilt til disposisjon og oppdraaga på alle fagområde.

4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har lagt internkontrollsystemet vårt for informasjonssikkerhet, HMS og kvalitetssystem i avdelingane i Risk Manager. Risk manager har funksjonar for dokumentforvaltning, rapportering, avvikshandtering og risikovurdering.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Vi har hatt tilstrekkeleg søkermasse på ledige stillingar i 2021, og fått tilsett kvalifiserte søkerar i alle stillingane med unntak av to.

Bemannings- og kapasitet i embetet er i tråd med tildelte ressursar.

Statsforvaltarane har ikkje fått tilført ekstra midler for å handtere ekstra oppgåver embetet har fått ansvar for gjennom koronasituasjonen. Dette har ført til at vi har vore tvungne til å gjere krevjande prioriteringar, med konsekvens av at vi ikkje har full måloppnåing på alle våre fagområde i 2021.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Fagavdelingane har oversikt over eige utstyr for bruk i arbeidet utafor embetet. Eks. Herje genbank. Elles har vi ikkje eigedalar av vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen i samband med regnskapsrevisjonen for 2020.

Riksrevisjonen gjennomførte digitalt revisjon hausten 2021, der dei utførte revisjonshandlingar knytt til våre rutiner for handsaming av lønn, tilskudd og regnskap for regnskapsåret 2021. På avsluttande møte kunne dei melde at dei ikkje hadde funne vesentlege feil eller manglar. Årsregnskapet er ikkje ferdig revidert og revisjonsrapporten er forventa å vere klar i 2. kvartal 2022.

Status for informasjonssikkerhetsarbeidet:

Vi har hatt 6 avvik som gjeld informasjonssikkerheit i 2021. Avvika er handtert og rutiner gjennomgått for å unngå slike hendingar i framtida. Eit av avvika vart meldt til Datatilsynet. Det er gjennomført tiltak for å lukke dette avviket og begrense konsekvensane, og saka er avslutta frå Datatilsynet.

Vi har også i år gjennomført Sikkerhetsmåned med opplæring av alle tilsette i informasjonssikkerhet. På grunn av noko lav gjennomføring ser vi behovet for ei sterkare forankring av arbeidet med informasjonssikkerhet i embetet og endrar organiseringa i 2022.

Vi gjennomfører obligatorisk opplæring av alle nytilsette i samband med underskriving av databrukaravtale.

Vi framsnakker alle tiltak for å styrke sikkerheten til våre system og har kravd at våre tilsette tek nye tiltak i bruk så snart desse er tilgjengeleg frå STAF.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling:

I embetet er det no 107 kvinner og 44 menn, same nivå som dei siste åra.

På leiarnivå er det ei overvekt av kvinner. Elles i embetet er det også overvekt av kvinner. Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små barn.

Gjennomsnittleg pensjoneringsalder hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i 2021 er 67,7 år.

Sjukefråvær

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har hatt eit jamnt over lågt sjukefråvær, med ein topp i 2019 langt utover det interne målet for embetet. Vi er no nede att på eit lågt sjukefråvær på 3,8%.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal jobber systematisk med nærvårsarbeidet og har i 2021 hatt med BHT i alle avdelingane i dette arbeidet.

Vi har i 2021 hatt 10 HMS avvik, dei fleste av desse var relatert til ventilasjon og temperaturstyring.

Heimekontor og fjernleiring har vore krevjande for både arbeidstakrar og arbeidsgjevar, det er difor vore arbeidd aktivt med teamet gjennom året også med bistand frå BHT.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

I årsrapporten for 2020 skrev vi inn at "Det aller meste vart annleis enn det vi planla for i året 2020". Lite ante vi at koronapandemien skulle vare enda eit år, og at vi faktisk kunne **gjenbruke** same setninga i årsrapporten for 2021.

Kommunedialogen har blitt styrka gjennom pandemien. Vi har hatt tett kontakt med alle våre kommunar, og vi har hatt fleire møteplassar på teams enn det vi hadde tidlegare. Teams gjer det enklare å treffast! Det viser også tilbakemeldinga på våre digitale møter med kommuneleiainga. Fleire frå kommuneleiainga har hatt høve til å delta på møtene.

Klimaendringar gjev oss krevjande framtidsutsikter. Då GYDA traff Møre og Romsdal midt i januar 2022, hadde vi allereie hatt førebuande møter med kommunane og statsetatene. Og vi hadde tett oppfølging medan uveret sto på. Det gjorde at vi også kunne kommunisere ut til befolkningen hvordan dette blei handtert rundt om i fylket. Vi har fått gode tilbakemeldingar på denne måten å samarbeide på.

Ei anna utfordring i Møre og Romsdal er **utviklinga i demografien**. Ser vi på forsørjarbrøken, dvs talet på personar over 65 år pr. yrkesaktiv person, så er det i dag berre ein kommune som har mindre enn 2 yrkesaktive personar pr. pensjonist. I 2030 vil 13 kommunar vere i denne situasjonen, dvs halvparten av alle våre kommunar. Og dette blir enda meir utfordrande fram mot 2040 og 2050.

Det liknar på utfordringsbilete for heile landet, men skil seg ut med at talet på barn og unge går dramatisk ned i mange kommunar, og likedan at talet på eldre aukar kraftig. Summen av desse utfordringane knytt til demografi er at det blir stadig fleire som konkurrerer om den same unge arbeidskrafa. Allereie i dag seier kommunane at det er kritisk vanskeleg å få tak i **kvalifisert arbeidskraft** særleg innan pleie og omsorg, kommunal planlegging og tekniske tenester. Det gjev utfordringar med å levere dei tenestene som innbyggjarane har krav på. Dette gjeld og deler av privat næringsliv, kor Møre og Romsdal i mange år har dekka inn sitt arbeidskraftbehov med utenlandske arbeidskraft.

Restanseprosjektet SFOV vart ei krevjande utfordringa i tillegg til pandemihandteringa. Likevel greide vi å levere i hht tidsplan, men dette krevde tøffe prioriteringar internt. Sakene i restanse-prosjektet var viktig å få løyst av omsyn til rettstryggleiken. Konsekvensane for SFMR er enda større restansar på eigne saker. Det ser vi tærer på motivasjonen hos våre medarbeidarar, og dessverre har fleire søkt seg nye jobbar. Mest truleg greier vi å rekruttere inn nye dyktige medarbeidarar, men det tek tid å lære opp.

Mange statsforvaltarar opplev at oppdra fra HOD og JD, spesielt innan helse og verjemål er **underfinansiert**. Vi greier ikkje full måloppnåing med dei ressursane som er tildelt, og vi må difor risikovurdere og prioritere ned ulike oppdrag kvart år. Dette for å kunne utføre dei oppdra fra vi prioritær på ein god måte.

Positivt er det at vi no er i gong med å utarbeide ein ny **FylkesROS**. Det vil gje oss eit godt grunnlag i vidare beredskapsarbeidet i Møre og Romsdal.

Smitteverntiltaka er i skrivande stund oppheva, men det er stor og økende smitte i befolkninga. Statsforvaltarane har ikkje fått tilført auka ressursar til pandemiarbeidet, og oppfølging av pandemien har dermed ført til manglande måloppnåing på fleire områder for 2021. Slik vil det også kunne bli for året 2022.

Sidan 2019 har vi hatt eit godt samarbeidsprosjekt med Fylkeskommunen, som fekk navnet "**Møre og Romsdal 2025**". Målsettinga var å få til eit betre samarbeid på tvers av regional stat og fylkeskommunen, slik at våre kommunar opplev oss meir samordna og vi får større effekt av tiltaka.

Det vil på sikt gjere oss betre i stand til å levere på heile samfunnsoppdraget. Eit døme her er samarbeidet om **berekraftsmåla**. Her har Møre og Romsdal teke ein leiande posisjon i landet, og vi kartla i 2021 korleis alle våre 26 kommunar låg an i høve berekraftsmåla.

Eit slikt samarbeid som vi har etablert i MR2025-programmet har allereie gjeve gode resultat. Noko som og er dokumentert gjennom to målinger. Kommunane har gitt gode tilbakemeldingar på satsinga. Eit anna døme er etableringa av **Levekårsnettverket**, som skal sikre god samordning og velje ut fellessatsingar for å auke levekåra i fylke.

Med den grunnmuren vi har bygd opp gjennom MR2025-programmet så trur vi det kan vere interessant for KDD å vurdere dette som **ein pilot** når tillitsreforma skal utformes og gjennomførast. Her er det allereie etablert eit godt og bærekraftig samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Statssekretær Gunn Karin Juul vart tipsa om dette då ho hadde innlegg om tillitsreforma på møte med alle statsforvaltarane i februar, og ville gjerne vite meir om programmet Møre og Romsdal 2025.

Vi stiller gjerne på eit møte for å gje KDD meir informasjon. Sjølvsagt i lag med Fylkeskommunen, som har tatt ei hovudrolle i samarbeidssatsinga.

5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Vi har fokus på kontinuerleg forbetring og vil fortsetje arbeidet med å effektivisere og digitalisere våre arbeidsprosessar. Vi vil ta med oss erfaringane vi har gjort gjennom det digitale kvantesprangen under pandemien.

Det er ikkje samsvar mellom ressurser og oppdra til Statsforvaltarane. Det gjer at det ikkje vil vere mogleg å ha full måloppnåing framover. Det er då naudsynt å gjere ei årleg risikovurdering, og prioritere etter denne.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Møre og Romsdal.pdf](#)